



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Meld. St. 8

(2018–2019)

Melding til Stortinget

Kulturens kraft

Kulturpolitikk for framtida





DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Meld. St. 8

(2018–2019)

Melding til Stortinget

Kulturens kraft

Kulturpolitikk for framtida

Innhald

1	Innleiing og samandrag	7	5.4	Mål: Ta vare på og formidle	
1.1	Bakgrunn for kulturmeldinga	7		kulturarv	39
1.2	Formål med kulturmeldinga	8	5.5	Mål: Relevans og representativitet	39
1.3	Samandrag	8	5.6	Mål: Tilgjenge og deltaking	40
1.3.1	Mål for den nasjonale kultur-		5.7	Mål: Møteplassar og fellesskap	40
	politikken	9	5.8	Mål: Fornying og omstilling	41
1.3.2	Struktur og innhald i meldinga	9	5.9	Mål: Internasjonal gjennomslags-	
				kraft og interkulturell forståing	41
Del I	Kunst og kultur i samfunns-		5.10	Mål: Språk som kulturberar	41
	utviklinga	13			
2	Kunstens og kulturlivets plass		6	Kunstpolitikk	45
	i samfunnet	15	6.1	Eit vitalt kunstliv i utvikling	45
2.1	Kunstens samfunnsrolle	15	6.2	Kunstnarpolitikken	46
2.2	Kulturlivets samfunnsbyggjande		6.3	Prioriteringar og vidare oppfølging	46
	kraft	15			
2.3	Behov for ein offensiv kultur-		7	Digitale moglegheiter	49
	politikk	17	7.1	Teknologi, tilgang og deltaking ...	49
3	Utviklingstrekk i samfunnet		7.2	Digital kunstproduksjon	49
	og kulturlivet	21	7.3	Digital formidling	50
3.1	Samfunnsutvikling og sosio-		7.4	Digitalisering og tilgjenge-	
	økonomisk utvikling	21	7.5	leggjering av kulturarv	51
3.2	Befolkning og demokratisk		7.6	Bevaring og formidling av digitalt	
	deltaking	21	7.7	skapt dokumentarv	52
3.3	Teknologisk utvikling	22	7.8	Språkteknologi	53
3.4	Verdiskaping og innovasjon	22		Opne kulturdata	53
3.5	Media og den offentlege samtalen	23	8	Prioriteringar og vidare oppfølging	55
3.6	Utviklingstrekk av særleg		8.1	Økonomien i kultursektoren	57
	relevans for kulturlivet	24	8.2	Utviklingstrekk	57
4	Tilbakeblikk på kultur-		8.3	Finansiering	58
	politikken i Noreg	27	8.4	Åndsverklova – opphavsrett og	
4.1	Noreg etter 1814 – nasjons-		8.5	klarering av rettar	60
	bygginga tek til	27		Kulturell og kreativ næring	61
4.2	1920–1930-åra	29	9	Prioriteringar og vidare oppfølging	62
4.3	Etterkrigstida	30	9.1	Internasjonale moglegheiter	65
4.4	1970-åra	31	9.2	Internasjonal kulturinnsats	65
4.5	Tiåra etter 1970	31	9.2.1	Eit grenselaust kulturliv	66
4.6	Kommunesektorens rolle	32		Ulovleg handel med kultur-	
4.7	Vegen vidare	33	9.2.2	gjenstandar	68
			9.3	Kultur i utviklingspolitikken	68
Del II	Kulturpolitikken framover.			Prioriteringar og vidare oppfølging	69
	Mål og særskilde satsings-		10	Relevans og representativitet	
	område	35		i kulturlivet	71
5	Kulturpolitikken framover	37	10.1	Like moglegheiter for alle	71
5.1	Eit fritt og uavhengig kulturliv	37	10.2	Fleirkulturelle moglegheiter	71
5.2	Mål: Kunst- og kulturuttrykk av		10.3	Urfolk og nasjonale minoritetar ...	73
	ypparste kvalitet	38	10.3.1	Samisk kunst og kultur	73
5.3	Mål: Danning og kritisk refleksjon	38	10.3.2	Nasjonale minoritetar	75
			10.4	Prioriteringar og vidare oppfølging	76

11	Danning og demokratibygging..	79	13.1.2	Delt finansiering mellom stat og region	90
11.1	Kulturlivet som arena for danning	79	13.1.3	Fagleg dialog og samhandling	90
11.2	Kunst og kultur i utdanninga	80	13.1.4	Kulturlova	91
11.3	Prioriteringar og vidare oppfølging	82	13.1.5	Rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar	92
12	Ein kunnskapsbasert kulturpolitikk	85	13.1.6	Institusjonar med eit nasjonalt mandat	92
12.1	Kunnskap og forskning i utvikling av kultursektoren	85	13.2	Vurderingar	93
12.2	Behov for kunnskap framover	85	13.3	Prioriteringar og vidare oppfølging	93
12.3	Prioriteringar og vidare oppfølging	86	14	Økonomiske og administrative konsekvensar	94
13	Organisering og ansvarsdeling..	89	Bakgrunnsdokument		95
13.1	Felles nasjonalt ansvar	89			
13.1.1	Større ansvar til fylkeskommunane	89			



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Meld. St. 8

(2018–2019)

Melding til Stortinget

Kulturens kraft

Kulturpolitikk for framtida

*Tilråding frå Kulturdepartementet 23. november 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*



Figur 1.1

1 Innleiing og samandrag

Kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og kulturpolitikken skal byggje på ytringsfridom og toleranse. Kulturlivet og sivilsamfunnet er føresetnader for danning og ei opplyst offentlegheit, og dermed ei investering i demokratiet. Kulturen skal vere fri, med personleg engasjement og frivilligheit som grunnlag.

For regjeringa er det viktig at folk skal få leve frie og sjølvstendige liv. Regjeringa vil medverke til å forløyse og støtte opp om skaparkrafta i enkeltmennesket og i dei fellesskapa som blir danna på arbeidsplassen, i familiar og i frivillige organisasjonar. Eit godt samfunn blir bygd nedanfrå. Regjeringa vil spreie makt og gi enkeltmenneske, familiar og lokalsamfunn høve til å styre sin eigen kvardag og forme si eiga framtid. Moglegheiter for alle og fridom til å leve eige liv kan berre sikrast gjennom eit rettferdig og berekraftig velferdssamfunn der evner og innsats tel meir enn bakgrunn og opphav.

Eit fritt samfunn oppstår ikkje av seg sjølv. Vi treng fungerande fellesskap og felles verdiar som rettstryggleik, personvern, ytringsfridom, tillit, frie medium, marknadsøkonomi, eigedomsrett og frivilligheit. Regjeringa vil forsvare desse verdiane og institusjonane som ber samfunnet vårt. Institusjonane på kulturfeltet er ein del av den berande infrastrukturen i samfunnet vårt.

Noreg står framfor ei stor økonomisk omstilling som vil krevje nytenking på mange felt, både i privat og offentleg sektor. Kreativitet er ein drivar for innovasjon og kan medverke til å styrkje den internasjonale konkurransekrafta vår. Kulturpolitikken kan vere med på å fremje læring og skaparkraft.

Regjeringa meiner at kulturlivet, frivilligheita og medieoffentlegheita er sjølvstendige byggjesteinar i samfunnet. Dei skal kunne utvikle seg mest mogleg på eigne premissar utan statleg overstyring. Det offentlege skal leggje til rette for utvikling og eit mangfald av private og offentlege finansieringskjelder. Det er ei viktig oppgåve å verne om kulturarven vår.

Kulturlivet skal vere relevant og representativt for heile befolkninga og medverke til at enkeltmenneska får fridom og høve til å uttrykkje seg.

Noreg skal vere eit land der alle kan lykkast, same kva bakgrunn dei har. Kulturpolitikken må medverke aktivt til dette og fremje kunstnarisk kvalitet og autonomi. Det er viktig å spreie makt i den offentlege kultursatsinga.

Demokratiet blir utfordra, og internasjonalt ser vi at ytringsfridommen, den kunstnariske fridommen og den fagleg frie stillinga til kulturinstitusjonane er under press. Tilliten til og trua på demokratiet er på vikande front fleire stader. Fleire land ser ut til å vere i ferd med å bli «seg sjølv nok» og orienterer seg innover. Samtidig ser vi at det veks fram digitale ekkokammer, og at store globale aktørar i stadig større grad legg premissane for dei vala vi gjer som forbrukarar og kultur- og mediebrukarar. Dette er utviklingstrekk som legg press på mangfaldet av ytringar og kulturuttrykk. Folkestyret står sterkt i Noreg, men også hos oss blir demokratiet meir sårbart. Vi må jobbe aktivt med å vise fram verdien av dei grunnleggjande elementa i eit demokrati, som ytringsfridom, tolerante fellesskap og respekt for individet.

Eit rikt og variert kulturliv er ein av føresetnadene for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Når offentlegheita blir stadig meir oppdelt, kan kunst og kultur både danne, forme og styrkje fellesskap og samfunnsstrukturen rundt oss. Innvandring er ei kjelde til nye impulsar og kulturutveksling. Variasjon medverkar til nytenking, innovasjon og kreativitet. Ein offensiv og målretta kulturpolitikk vil vere eit effektivt verkøy for å fremje ei positiv utvikling i samfunnet.

1.1 Bakgrunn for kulturmeldinga

Det er behov for ei ny, overordna kulturmelding som gir tydeleg retning for kulturpolitikken i framtida. Ein brei gjennomgang av kulturfeltet ligg føre i NOU 2013: 4 *Kulturutredningen 2014*. Den utgreiinga er eit sentralt grunnlagsdokument for denne meldinga. Utgreiinga framhevar at det er viktig å ha ein kulturpolitikk som aktivt medverkar til eit mangfaldig og inkluderande kulturliv, og som samtidig sikrar vidareutvikling av sam-

lande og delte referanserammer innanfor eit nasjonalt fellesskap. Utgreiingsutvalet ser dette som ei sentral grunngeving for kulturpolitikken. Utvalet seier òg at det kan vere vanskeleg å få auge på mål som framstiller det overordna formålet og grunngevinga for kulturpolitikken. Vidare peikar utvalet på at det ikkje har vore formulert nokon tydeleg filosofi som forklarar kvifor kulturpolitikken er så viktig, og kvifor det er nødvendig å heve statusen til dette politikkområdet.

Målet om å skape kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet må ligge til grunn for kulturpolitikken. Den samfunnsbyggjande krafta i kulturen er sideverknader og meirverdi av dette. Men det at kunst- og kulturuttrykk har kraft i seg sjølv, gir ikkje åleine tilfredsstillande svar på kvifor samfunnet skal prioritere kulturverksemd framfor andre formål. Svara på dette er heller å finne i kulturverksemd som grunnlag for demokratiutvikling, sosiale fellesskap og økonomisk verdiskaping.

I arbeidet med denne meldinga har Kulturdepartementet i samarbeid med fylkeskommunane invitert til breitt orienterte og opne innspelsmøte over heile landet. Det har i tillegg vore fleire nasjonale innspelsmøte i Oslo, og departementet har motteke nærmare 400 skriftlege innspel¹. Dette viser eit stort engasjement for kulturpolitikk over heile landet. Innspel som er komne inn i samband med kulturmeldinga, utgjer eit kunnskapsgrunnlag både for denne meldinga og for andre meldingar og strategiar regjeringa skal leggje fram i tida som kjem.

Mange av innspela departementet har fått, legg vekt på at ein nasjonal kulturpolitikk og kulturpolitiske mål må omfatte både det lokale, det regionale og det nasjonale kunst- og kulturlivet. Innspela framhevar at kunst og kultur er viktig i kraft av seg sjølv, som arena for ytringsfridom, som møteplass og som arena for integrering, at kunst og kultur har mykje å seie for utviklinga av menneske og samfunn, og at det er ein sentral del av vår felles identitet. Fleire peikar på behovet for meir kulturforsking og statistikk som kan vise kor viktig kunst og kultur er for samfunnet.

Når det gjeld organisering og ansvarsdeling i kulturpolitikken, kan ein generelt seie at fylkeskommunane ønskjer å få fleire oppgåver på kulturområdet, mens institusjonar og andre aktørar er skeptiske til å flytte slike oppgåver frå staten. Grunngevinga for skepsisen er frykt for politisk

innblanding i kunstnariske prosessar og generell nedprioritering av dette politikkområdet i kampen om knappe ressursar i kommunar og fylkeskommunar. Mange av aktørane i sektoren gir uttrykk for at det gir høg status og anerkjenning å få statleg finansiering.

Hovudintrykket frå innspelsmøta og dei skriftlege innspela er at Noreg har eit rikt og levande kulturliv over heile landet. Behovet for tydelege, overordna kulturpolitiske mål, formålstenleg ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa og fleire finansieringskjelder står fram som viktige tema i kulturpolitikken i framtida.

1.2 Formål med kulturmeldinga

I denne meldinga peikar regjeringa på kulturpolitiske utfordringar framover i lys av sentrale utviklingstrekk i samfunnet, som teknologisk utvikling, globalisering, demografiske endringar og utviklinga i samfunnsøkonomien. Meldinga skisserer den overordna politiske retninga for kulturpolitikken framover, fastset ambisjonar og gjer greie for nasjonale kulturpolitiske mål. Meldinga foreslår kulturpolitiske prioriteringar som er nødvendige for å utnytte handlingsrom og takle utfordringar i kulturlivet framover, og varslar om kva område det trengst ein særskild innsats på.

Kulturmeldinga vil bli etterfølgt av eigne stortingsmeldingar og strategidokument som skal konkretisere behov og tiltak på delområde av kulturpolitikken. Regjeringa vil leggje fram kunstnar-melding (KUD), barne- og ungdomskulturmelding (KUD/KD), museumsmelding (KUD), språkmelding (KUD), nasjonal bibliotekstrategi (KUD) og strategi for kultur og reiseliv (KUD/NFD). Konkrete behov og tiltak som følgje av kulturmeldinga vil òg bli følgde opp i dei årlege budsjettproposisjonane til Stortinget. Regjeringa vil i 2020 også leggje fram ei stortingsmelding om kulturminnepolitikken (KLD).

1.3 Samandrag

Norsk kulturliv har vore gjennom ei svært positiv utvikling dei siste tiåra, med auka profesjonalisering og stor kvalitetsheving. Noreg har eit rikt og mangfaldig kulturliv som det er all grunn til å vere stolt av, også i internasjonal samanheng. Det er nødvendig å byggje vidare på det som er oppnådd i kulturpolitikken. Samtidig trengst det nokre justeringar, slik at kulturpolitikken kan bli betre tilpassa nye behov i dagens samfunn.

¹ Dei skriftlege innspela er publiserte på nettsida til Kulturdepartementet: www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/arbeidet-med-ny-kulturmelding/har-du-skriftlig-innspill/id2554337/

1.3.1 Mål for den nasjonale kulturpolitikken

I forslaga til nasjonale kulturpolitiske mål søker regjeringa å vidareføre det som fungerer godt i dag, og samtidig leggje til rette for utvikling i tråd med nye forventningar og behov i samfunnet. Måla blir utdjupe i kapittel 5, sjå også boks 1.1.

1.3.2 Struktur og innhald i meldinga

Meldinga er bygd opp i to hovuddelar. Kapittel 2 til 4 handlar om utviklingstrekk i samfunnet og kva rolle kunsten og kulturen både har og har hatt i samfunnsutviklinga. Kapittel 5 til 13 gjer greie for ambisjonar og mål og særskilde innsatsområde i kulturpolitikken framover.

Kapittel 2 handlar om korleis kunsten og kulturlivet blir stadig viktigare i ei tid prega av høgt endringstempo.

Ytringsfridom er ein grunnleggjande føresetnad for demokrati og menneskerettar. Kunst og kultur er nettopp ytringar, og ansvaret staten har på kulturfeltet, er forankra i «infrastrukturkravet» i Grunnlova § 100 sjetted. ² Omsynet til demokratiet er hovudgrunngevinga for å føre ein aktiv kulturpolitikk og stiller krav til at kunst- og kulturlivet er i stand til å medverke til ei levande og kritisk offentlegheit gjennom produksjon av kunst og

kultur av fagleg høg kvalitet og ved å nå ut til ulike grupper i befolkninga.

Kulturpolitikken kan òg gi vesentlege bidrag til måloppnåing på andre politikkområde.

Kapittel 3 gjer greie for generelle utviklingstrekk i samfunnet og kulturlivet. Når utviklinga går raskare og endringstrykket aukar, blir det òg større behov for å forstå drivarane i utviklinga og korleis dei kan påverke oss framover. Kapittelet tek sikte på å klarleggje kva for drivarar som vil kunne ha mest å seie for kulturlivet, og som krev særleg merksemd i den nasjonale kulturpolitikken.

Kapittel 4 trekkjer opp hovudlinjene i kulturpolitikken frå 1814 og fram til i dag. Kulturlivet har hatt ei positiv utvikling i heile etterkrigstida, og dette kapittelet viser at kulturpolitikken må byggje vidare på denne utviklinga. Samtidig er det behov for å gjere nokre justeringar i møte med framtidige moglegheiter og utfordringar.

Kapittel 5 utdjupe måla som regjeringa legg til grunn for den nasjonale kulturpolitikken fram-

² I Grunnlova § 100 sjetted heiter det: «Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte». Dette inneber at staten pliktar å medverke aktivt til etablering og drift av kanalar ut i det offentlege rommet, slik at det verkeleg blir mogleg for individ og grupper å ytre seg.

Boks 1.1 Nasjonale kulturpolitiske mål

Samfunns mål

Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kunst og kultur av ypparste kvalitet inspirerer, samlar og lærer oss om oss sjølv og omverda.

Overordna kulturpolitiske mål

Eit fritt og uavhengig kulturliv som

- skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet
- fremjar danning og kritisk refleksjon
- tek vare på og formidlar kulturarv
- skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar
- tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap
- fornyar seg og viser evne til omstilling
- har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing
- styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar

over. Måla skal vise at kulturpolitikken er ei nasjonal satsing, det vil seie at verkemiddel og tiltak på både statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå medverkar til måloppnåinga.

Dei statlege prioriteringane for kulturpolitikken følgjer av dei overordna nasjonale måla. Måla vil bli konkretiserte og følgde opp i årlege budsjettproposisjonar og i kommande stortingsmeldingar og strategidokument om avgrensa område. Måla skal ein søkje å nå med økonomiske, juridiske, organisatoriske og informerande verkemiddel.

Kapittel 6 til 12 tek for seg innsatsområde som krev særleg merksemd framover, og fortel kva politikk regjeringa vil føre på desse områda.

Kapittel 6 dreier seg om kunstpolitikken. For å sikre kunstens plass som eit gode i samfunnet må det leggjast til rette for produksjon, formidling og tilgjenge over heile landet. Det er kunstnarane som leverer innhald til kulturlivet. Den kunstpraksisen, dei uttrykksmåtene og det verdssynet kunstnarane har, er heilt avgjerande for den vidare utviklinga av kunst- og kulturlivet. For at samfunnet heile tida skal ha eit rikt, mangfaldig og vitalt kunstliv, trengst det søkbare tilskotsordningar, føreseieleg forvaltning og ein stabil infrastruktur av institusjonar for produksjon og fram-syning.

Kapittel 7 går inn på dei moglegheitene den teknologiske utviklinga gir for å tilgjengeleggjere, spreie og formidle kunst- og kulturuttrykk på nye måtar, og å utvikle og eksperimentere med nye, digitale uttrykk. Den teknologiske utviklinga kan verke demokratiserande om ho blir brukt riktig og kulturlivet utnyttar dei moglegheitene som teknologien gir. Digitalisering gjer det mogleg å nå ut til eit større publikum med den kunsten som blir produsert. Den digitale utviklinga stiller nye krav til korleis vi skal ta vare på den digitale samhandlinga og kommunikasjonen vår for kommande generasjonar, og opnar samtidig for nye måtar å gjere kulturarv tilgjengeleg på. For at teknologiske løysingar skal kunne brukast i tenester som er retta mot heile befolkninga, er det viktig å intensivere satsinga på ein norskspråkleg digital infrastruktur.

Kapittel 8 viser korleis den økonomiske utviklinga i kultursektoren gjer at ein treng evne til omstilling framover. Ulike finansieringskjelder, omstilling og nye forretningsmodellar blir stadig viktigare for å ta vare på eit rikt og mangfaldig kulturliv.

Kapittel 9 legg vekt på kor viktig det er å bringe kunst og kultur frå Noreg og ut i verda for å møte ein større marknad, auke profesjonaliteten og aktualiteten i kulturlivet og fremje Noreg i det

internasjonale samfunnet. Samtidig må det leggjast til rette for at norsk kulturliv blir eksponert for og inspirert av kulturuttrykk frå andre nasjonar, slik norsk kulturliv alltid har blitt.

Kapittel 10 viser at det er avgjerande at kultursektoren klarer å vere relevant for alle deler av samfunnet og dei ulike fellesskapa våre, og at han representerer befolkninga. Dette er ein føresetnad for å utløyse den samfunnsbyggjande krafta som kunst og kultur kan ha, og for den framtidige viljen til å prioritere offentleg finansiering av kulturlivet.

På kulturfeltet har mangfaldsogrepet vore brukt både for å markere behov for kunstnarisk mangfald og som eit uttrykk for representasjon av variasjonen i befolkninga: tilfanget av stemmer, meiningar og tema. I denne meldinga er det lagt til grunn ei brei forståing av mangfaldsogrepet.

Kapittel 11 handlar om kor viktige dannelsingsprosessar er for å byggje demokrati og viser korleis kulturlivet kan medverke til å forsterke slike prosessar. Danning handlar om å myndiggjere enkeltmenneske til å gjere sjølvstendige val som byggjer på kunnskap og forståing for samfunnet som eit ytringsfellesskap. Kulturlivet kan gjere sitt til å motverke uønskte utviklingstrekk i samfunnet og vere med på å forsterke ønskelege utviklingstrekk. Kunst og kultur skal medverke til å setje enkeltmenneske i stand til å vere aktive borgarar i samfunnet, å uttrykkje seg og å gjere val som byggjer på forståing og respekt for dei vala andre gjer. På denne måten er kunst og kultur demokratibbyggjande.

Kapittel 12 gjer greie for korleis ein skal dekke behovet for kunnskap som grunnlag for kulturpolitikken og utviklinga av kultursektoren framover.

Kulturpolitikken må byggjast på solid kunnskap om kultursektoren, kva som særmerker sektoren, kva for utviklingstrekk og utfordringar han står overfor, og korleis tiltak og verkemiddel fungerer. Eit kunnskapsbasert kulturliv vil vere ei sterkare samfunnskraft og i større grad medverke til å nå overordna mål for politikkområdet. Det må leggjast til rette for forskning og kompetanseutvikling på kulturfeltet, og tilfanget av relevant statistikk må sikrast. Det skal òg leggjast til rette for langsiktig oppbygging av forskingsmiljø med solid kunnskap om kunst-, kultur- og mediesektoren.

Kapittel 13 gjer greie for kva for prinsipp regjeringa foreslår for fordeling av oppgåver og ansvar, grunngitt i ein ambisjon om betre måloppnåing i kulturpolitikken på alle forvaltningsnivå. Det må vere ei formålstenleg arbeidsdeling mellom dei ulike forvaltningsnivåa for å nå dei nasjonale måla

for kulturpolitikken. Dei ulike offentlege aktørane må ha tett dialog og arbeide koordinert og målretta for dei same overordna måla.

Kapittel 14 gjer greie for økonomiske og administrative konsekvensar av prioriteringane i kulturmeldinga.

Del I
Kunst og kultur i samfunnsutviklinga



Figur 2.1

2 Kunstens og kulturlivets plass i samfunnet

2.1 Kunstens samfunnsrolle

Kunst har ei sentral rolle i det moderne samfunnet. Kunsten gir oss eit mangfald av opplevingar, dels gir han ei reint estetisk oppleving, dels medverkar han til refleksjon og til å setje dagsordenen. Kunsten tek del i den viktige diskusjonen om etiske verdiar i ei kompleks samtid. Gjennom felles opplevingar styrkjer kunsten fellesskap i ei stadig meir oppdelt offentlegheit. Slike fellesskap er ein føresetnad for å halde oppe og utvikle alle liberale demokrati. Kunsten medverkar til forteljinga om kven vi er, og diskuterer kven vi bør vere. Kunstnarar står for ein viktig del av meiningsbrytinga i samfunnet, derfor er det viktig at kulturlivet er sjølvstendig, og å unngå at offentlege styresmakter grip inn i kunstnariske val.

Kunstnarar har i lang tid engasjert seg i og blitt inspirerte av aktuelle samfunnstema. Kunst er ytringar som rører menneske på andre måtar enn media og politikk, og kunstnarar kan med kunsten kaste lys over tematikk på nye måtar. Kunsten kan spegle røynda på måtar som kan

fremje felles forståing og bringe oss nærmare sanninga. På sitt beste er kunsten i stand til å gi oss innsikt som vi ikkje kan oppnå på andre måtar.

2.2 Kulturlivets samfunnsbyggjande kraft

Ytringsfridommen er ein grunnleggjande føresetnad for demokrati og menneskerettar. Av menneskerettane som er nedfelte i Grunnlova, er det derfor særleg grunn til å trekkje fram ytringsfridommen. Kunst og kulturuttrykk er nettopp ytringar. Det såkalla «infrastrukturkravet» i Grunnlova § 100 sjette ledd gir i dag ei grunnlovsforankring av statens ansvar på kulturfeltet, jf. nærmare omtale under 2.3.

Menneskerettane spring ut av grunnleggjande verdiar – fridom, likskap og menneskeverd – som staten og rettssystemet av omsyn til den enkelte må respektere og verne. Kunst og kultur er både grunnlag for og eit utslag av desse berande elementa i samfunnet. I tillegg tilbyr kulturlivet arenaer der premissane for samfunnets verdigrunnlag blir utmeisla, utfordra, vidareutvikla og brynt mot andre verdiar og haldningar.

I Grunnlova § 100 er ytringsfridommen grunnleggjande ut frå tre prinsipp: sanningsprinsippet, autonomiprinsippet og demokratiprinsippet. Sanningsprinsippet inneber at ein best kjem fram til sanning gjennom meiningsutveksling der påstandar blir korrigererte i møte med andre meiningar. I autonomiprinsippet ligg det at det krevst ein viss kompetanse for å kunne fungere som sjølvstendig individ i eit ope samfunn. Denne kompetansen oppnår kvar enkelt innbyggjar ved å møte andre, høyre argumenta deira og bli utfordra av alternative perspektiv. Demokratiprinsippet føreset ei open og kritisk meiningsutveksling som kan vere med på å gi betre innsikt og dermed betre avgjerdar, jf. sanningsprinsippet.

Kunsten og kulturen medverkar til alle desse prosessane. I *Kulturutredningen 2014* står det:

«[...] kulturaktiviteter gir skoloring til deltakelse i det uenighetsfellesskapet som er en for-

Boks 2.1 Kunstnarar og miljøengasjement

Kunstnarar er engasjerte i politikk, klima- og miljøspørsmål. Litteratur, film, festivalar, utstillingar og sceneproduksjonar synleggjer alt frå konflikhtar i Midtausten, biedød og plastforsøpling til lyden av torsk, konsekvensar av oljeutvinninga og tilhøvet mellom klimaendringar og sosial urett.

Arrangørar og kunstnarar tematiserer klimaproblematikk og arrangerer klimaaksjonar, som mellom anna Forfatternes klimaaksjon og Kunstnernes Klimaaksjon før klimatoppmøtet i Paris i 2015.

Temaet på Norsk kulturråds årskonferanse i 2018 var kva rolle kunst og kultur kan ha når klima og miljø er i endring. Temaet var grunna i eit stort engasjement som er tydeleg i søknadene Kulturrådet får frå kunstnarar.

utsetning for et fungerende demokrati. De bidrar til å utvikle en yringskompetanse som både gjelder den enkeltes foretrukne kulturuttrykk og -former, og som dreier seg om å forholde seg til nye opplevelser og til smaks- og uttrykkspreferanser hos andre grupper og enkeltpersoner. En forutsetning for at kulturlivet skal fungere på denne måten, er imidlertid at verdier som dannelse, nyskaping, kvalitet, kritikk og mangfold tillegges stor vekt i kulturpolitikken. Et kulturliv som ikke etterstreber kvalitet, vil heller ikke kunne oppfylle andre samfunnsmessige oppgaver.»

Regjeringa sluttar seg til denne haldninga.

Gode kunst- og kulturopplevingar er givande for den enkelte. Dei kan engasjere, røre, provosere, underhalde og forme oss som menneske. Kunst og kultur appellerer til fantasien og evna til å sjå samanhengar, og gir oss innsikt i sider ved livet som vi ikkje kjende frå før. Kunsten kan utfordre, endre konvensjonar og flytte grenser. Samtidig kan kunst og kultur vere eit rom for ro og refleksjon, ein stad der vi kan finne den nødvendige balansen og den gode livsrytmen i eit daglegliv som elles for mange er prega av hastverk og rastløyse. Ved å delta i kulturaktivitetar og samtalar om desse aktivitetane utviklar ein kompetanse til å meine noko om både egne og andre smakspreferansar, og til å ytre seg om dette i det offentlege rommet.

Kunst og kultur kan skape refleksjon og innsikt om verdier, samfunn og kva det vil seie å vere individ i eit samfunn. Ikkje minst medverkar kulturarven, både i form av materielle strukturar og som immaterielle tradisjonar, verdier og praksisar, til å skape identitet, innsikt, engasjement og ei kjensle av å høyre til. Kulturarven representerer både felles historie og store økonomiske og kulturelle verdier. Ved å gi innsikt i historia kan kulturarven hjelpe oss å sjå vår eiga tid og forstå oss sjølv betre. Kulturarven representerer det kollektive minnet vårt. Samtidig handlar kulturarv om det vi gir vidare til kommande generasjonar, og som vil vere med på å forme den kulturelle identiteten deira.

Språket er den fremste beraren og formidlarer av kultur, historie og identitet. Kultur og språk er knytte uløseleg saman. Vi bruker språket munnleg og skriftleg for å uttrykkje oss og for å samhandle med andre, og gjennom språket opplever og tolkar vi verda rundt oss. Eit rikt og levande språk er ein føresetnad for at vi skal kunne utvikle oss som menneske, og for at kvar enkelt skal kunne delta i samfunnet og i den offentlege samta-

len. Eit godt, tydeleg og tilgjengeleg språk opnar for god læring, brei medverknad og demokratisk deltaking. Det er vidare ein føresetnad for demokratiet at språket held tritt med den raske kunnskapsutviklinga i samfunnet. At det finst terminologi som grunnlag for fagleg kommunikasjon, effektiviserer, allmenngjer og demokratiserer den offentlege samtalen.

Kunst og kultur har evna til å samle menneske i fellesskap på tvers av meiningar, interesser og bakgrunn. Slik kan kunst og kultur fremje tillit, respekt, tilhøyrse og samhald mellom menneske og mellom ulike grupper i befolkninga, trass i ulike syn og oppfatningar. Å bringe menneske saman på tvers av sosiale, politiske og kulturelle skiljelinjer kan medverke positivt til å skape sosiale fellesskap og nettverk som styrkjer samhald og inkludering. Når kulturen verkar på denne måten, kan han vere siviliserande og motverke fragmentering. Han kan demme opp mot ekstreme tankar, motverke utanforskap og fremje toleranse og forståing for andre menneske.

Eit samfunn dreier seg rundt nokre felles verdier og forteljingar som bind oss saman og kan få folk til å kjenne seg som ein del av eit større «vi». I eit samfunn samansett av menneske med bakgrunn frå stadig fleire ulike kulturar er desse verdiane i stadig utvikling. Å delta i kulturlivet inneber at ein blir vand til å møte eit mangfald av meiningar og yringsformer, også meiningar ein er usamd i eller misliker. Slik kan kulturlivet setje oss betre i stand til å handtere spenningar i samfunnet som utfordrar openheit og toleranse, og medverke til å styrkje det fellesskapet vi treng for å byggje demokrati. Kunst og kultur medverkar òg i internasjonal alliansebygging, påverknad og kompetansedeling.

For minoritetar kan kunst og kultur vere til hjelp for å etablere egne offentlegheiter der dei kan utvikle sine egne kollektive identitetar. Det kan òg gi minoritetar ein sjanse til å bli høyrd i det større samfunnet og kommunisere med det. Kunsten og kulturuttrykka til minoritetane representerer røyster og erfaringar som må vere med om vi skal vise heile breidda i kunst- og kulturlivet vårt.

Kulturens demokratiske innverknad ligg særleg i at han er ein kanal for grupper og individ som søker etter innsikt i eigen identitet og eiga historie, og ein arena for den openheita og kritikken eit demokratisk samfunn er avhengig av. Dette gjer kulturinstitusjonane og dei kulturpolitiske verkeidla til sentrale delar av samfunnets infrastruktur for yringsfridom og offentleg debatt, jf. 2.3. Denne infrastrukturen legg til rette for at kunst og

kultur kan fungere som katalysator for nye meiningar, og slik føre til ny politikk og nye samfunnsvisjonar og dermed prege samfunnsutviklinga.

2.3 Behov for ein offensiv kulturpolitikk

Det såkalla infrastrukturkravet i Grunnlova § 100 sjetten ledd, som blei innført i 2004, inneber at staten pliktar å medverke aktivt til etablering og drift av kanalar ut i det offentlege rommet, slik at det verkeleg blir mogleg for individ og grupper å ytre seg. Statens oppgåve er med dette utvida frå passivt å avstå frå inngrep i ytringsfridommen til aktivt å leggje forholda til rette for ytringsfridom. Infrastrukturen for den offentlege samtalen er sett saman av ei rekkje ulike element og omfattar store delar av kultur-, medie-, utdannings- og forskingspolitikken. Innanfor det som kan definerast som «kulturfeltet», vil infrastrukturen vere samansett av arenaer, kanalar og verkemiddel som legg til rette for å produsere, byggje kunnskap om og gjere kunst- og kulturuttrykk tilgjengelege for befolkninga. I denne infrastrukturen inngår både fysiske og digitale arenaer og verkemiddel.

Kulturpolitikk er ytringsfridomspolitik. På individnivået er kultur ein kanal og ein arena for uttrykksbehov, utvikling, tilhøyrse og identitet for den enkelte. På samfunnsnivået er kultur ein arena for kritikk og diskusjon som byggjer fellesskap, siviliserer og medverkar til utvikling.

Ein aktiv kulturpolitikk er ein føresetnad for at kunst og kultur kjem flest mogleg til gode ved å sørge for at alle har reell tilgang på kulturgoda, uavhengig av bakgrunn. Satsing på kulturpolitikk er ei investering i danning og demokratiutvikling, og det kan medverke til å gi alle ein sjanse til å lykkast, uavhengig av utgangspunkt.

Å bli eksponert for kunst og kultur kan føre til at interessa for å oppleve kultur aukar. Og å ta del i kulturlivet og bruke kulturtilbodet meir aktivt kan vere med på å skape ein positiv spiral med ytterlegare interesse. Kulturpolitikken kan vere med på å fremje risikovilje hos publikum, det vil seie å fremje ein breiare bruk enn det ein elles ville hatt, ved at ein blir lokka ut av si eiga kulturelle komfortsone og utfordra til å oppsøkje noko ein ikkje veit om ein liker.

Det frivillige kulturlivet er inngangen til kulturlivet for mange. Noreg har eit vitalt og levande frivillig kulturliv. Eit sterkt frivillig kulturengasjement er ein nødvendig føresetnad for det profesjonelle kulturlivet. Det er tett samspel og glidande overgangar mellom det profesjonelle og det frivil-

lige kulturlivet. Det må leggjast til rette for dette samspelet, og det frivillige kulturlivet må få gode rammevilkår.

Noreg er tilslutta fleire internasjonale konvensjonar som fastlegg ansvar for å fremje eit mangfald av kulturuttrykk gjennom ein aktiv kulturpolitikk. Desse konvensjonane slår fast kva pliktar og rettar Noreg har til å halde oppe og utvikle variasjon og breidd i uttrykksformer som del av det globale kulturmangfaldet. Noreg har ratifisert UNESCO-konvensjonen om å verne og fremje eit mangfald av kulturuttrykk (2005). Konvensjonen slår fast at kulturaktivitetar, -varer og -tenester kan ha ein dobbel dimensjon: dei kan vere delar av ein kommersiell marknad og samtidig vere viktige verdi- og identitetsberande element. Statane har ein suveren rett til å innføre kultur- og mediepolitiske tiltak som dei reknar som formålstenlege for å verne om og fremje eit mangfald av kulturuttrykk. Konvensjonen stadfestar den retten statspartane har til å ta omsyn til kulturdimensjonen når dei utformar slike tiltak. Ein annan internasjonal konvensjon som direkte gjeld kulturfeltet, og som Noreg er tilslutta, er UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven (2003). Formålet med konvensjonen er vern av, auka respekt for og kunnskap om immateriell kulturarv.¹

Noreg er også forplikta av FN's berekraftsmål fram mot 2030, som er viktig for eit fritt kulturliv og for vern av kulturarv.

Marknaden åleine er ikkje tilstrekkeleg for å halde oppe eit rikt og variert kulturliv i eit land med relativt lita befolkning og i eit så lite språkområde som Noreg er. Kulturpolitikk er derfor nødvendig for å gi eit breiare og meir mangfaldig kulturtilbod enn marknaden kan utvikle åleine, og sørge for at det blir skapt, bevart og formidla kunst og kultur som blir opplevd relevant, som utfordrar, engasjerer og gir publikum rike opplevingar.

Kulturpolitikken er òg nødvendig for å sikre ein stabil og mangfaldig kunstproduksjon som eit gode i samfunnet. Han kan medverke til at folk oppsøker nye arenaer for kunst og kultur og på den måten tileignar seg ny innsikt og kunnskap om andre røyndomsforståingar og samanhengar i det samfunnet vi lever i.

Kulturpolitikken har òg innverknad på mange andre politikkområde og kan gi viktige bidrag til måloppnåing i både næringspolitikk, utdannings-

¹ Språk, utøvande kunst, sosiale skikkar, tradisjonshandverk, ritual, kunnskap og dugleikar knytte til naturen er eksempel på immateriell kulturarv.

politikk, velferdspolitik, klimapolitikk, integreringspolitikk, utanrikspolitik, forsvarspolitik, folkehelsepolitikk og førebygging av kriminalitet.

Kulturen medverkar til å fremje læring, kreativitet og skaparkraft i omstillinga av norsk øko-

nomi og nærings- og arbeidsliv. Slik kan kulturpolitikken gi positive bidrag i omstillinga av Noreg.



Figur 3.1

3 Utviklingstrekk i samfunnet og kulturlivet

3.1 Samfunnsutvikling og sosioøkonomisk utvikling

Noreg er godt rusta til å møte framtida. Mange deltek i arbeidslivet, vi har store naturressursar, ein kompetent arbeidsstyrke og solide statsfinansar. Den norske befolkninga har i stor grad ressursar, tryggleik og høve til å leve eit fritt og sjølvstendig liv.¹

Klimaendringar utfordrar politikk- og samfunnsutviklinga globalt, og denne utviklinga rammar også Noreg. Dette er utviklingstrekk som alle sektorar må ta omsyn til når dei utarbeider ny politikk.

Velstanden er jamnare fordelt og tilliten til styresmaktene høgare enn i dei fleste andre land. Små forskjellar i befolkninga medverkar til at mange kan ta del i velstanden, og det fører til at tilliten er høg, både mellom folk og til offentlege styresmakter. Høg tillit gir den enkelte ei kjensle av tryggleik og fellesskap, og medverkar til eit samfunn med sosial og politisk stabilitet. Sjølv om forskjellane i Noreg er relativt små, viser tal frå Statistisk sentralbyrå at inntektsforskjellane har auka sidan 2009.

Sysselsetjingsgraden i den norske befolkninga er relativt sett høg. Høg yrkesdeltaking er ein hjørnestein i det norske samfunnet. For mange inneber det å ha ein jobb og ei stabil inntekt at dei har moglegheit for personleg utvikling og deltaking på sosiale arenaer. Eit sosialt skilje i Noreg går i dag mellom dei som er innanfor og dei som er utanfor arbeidslivet. At mange framleis står utanfor arbeidslivet, er ei utfordring både for den enkelte og for samfunnet.

Når vi no går inn i ein periode med lågare vekst, lågare inntekter, men framleis høge offentlege utgifter, krev det meir kompetansedeling og samarbeid på tvers av samfunnssektorar og politikkområde. Nye næringar, forretningsområde og inntektskjelder må utviklast, og det må skapast fleire jobbar i privat sektor. Det må òg leggjast til rette for eit meir inkluderande arbeidsliv og fleire

sosiale arenaer og tilbod til dei som av ulike årsaker hamnar utanfor arbeidslivet.

3.2 Befolkning og demokratisk deltaking

Valdeltakinga i Noreg har gått ned, og færre er medlemmer i politiske parti. Ofte reknar ein valdeltaking som ein indikasjon på kor sterkt eit demokrati er. Men det er òg viktig å sjå på kven som deltek. Låg valdeltaking saman med skeiv fordeling av sosial bakgrunn kan tolkast som ei svekking av det demokratiske styresettet. Lokal-demokratiundersøkinga i 2015 analyserte vala i 2011, 2013 og 2015. Undersøkinga viser at ein del veljarar aldri stemmer ved val, og at desse også skil seg ut sosialt. Når grupper i samfunnet sjaldan eller aldri deltek i val, kan det føre til at desse gruppene blir underrepresenterte i det politiske systemet. Men den demokratiske deltakinga har halde seg stabil dei siste 25 åra ved at andre former for politisk engasjement og demokratisk medverknad har auka. Det vil seie at folk deltek direkte eller indirekte i å utforme avgjerder som har følgjer for dei sjølv, gjennom å engasjere seg i foreiningsliv og frivillig kulturliv, ytre seg i ulike offentlege kanalar og så vidare. Det er grunn til å tru at tradisjonen for brei politisk deltaking i Noreg blir ført vidare, men at deltakinga i større grad utspeler seg på andre og meir flyktige arenaer enn før. Gjennom demokratisk medverknad kan ein påverke og forme omgivnadene rundt seg og slik oppleve medbestemming og valfridom. Demokratisk medverknad gjennom organisasjonar og foreiningar utvidar òg nettverksressursane til kvar enkelt og er dermed ei kjelde til sosial kapital. Likevel er det ein føresetnad at organisasjonar og foreiningar maktar å inkludere grupper som normalt ikkje deltek ved val eller i det politiske systemet. Slik kan andre måtar å delta på hindre utanforskap og gjere demokratiet meir motstandsdyktig.

Statistisk sentralbyrås befolkningsframskrivingar frå 2018 fram mot 2060 viser at Noreg står overfor ein noko lågare befolkningsvekst fram-

¹ Jf. Finansdepartementet (2017). Meld. St. 29 (2016–2017) *Perspektivmeldingen 2017*.

over og demografiske endringar som følgje av sentralisering. Fødselsoverskotet går ned, mens innvandringa aukar.

I 2033 vil det for første gong vere fleire eldre enn barn og unge i Noreg. Den delen av befolkninga som er 70 år og eldre, vil auke frå 12 prosent i 2018 til 21 prosent i 2060, og vi vil sjå meir enn ei tredobling av dei som er 80 år og eldre. Aldringa blir klart sterkast i distrikta. Ei eldre befolkning fører til at ein relativt sett mindre del av befolkninga er yrkesaktive og betaler skatt, men samtidig utgjer dei eldre ein viktig ressurs for samfunnet generelt og kulturlivet spesielt.

Eit større etnisk og kulturelt mangfald inneber møte mellom ulike språk, kulturar, tradisjonar, religionar, livssyn og verdiar, og større variasjon i levesett og sosiale relasjonar i befolkninga.

Vi har god helse i ein større del av livet enn tidlegare. Men sjølv om nærmare fire av fem meiner dei har god helse, ser vi ein auke i psykiske helseproblem, særleg blant unge. 16 prosent av befolkninga er plaga av einsemd, og det rammar yngre og eldre menneske i større grad enn andre. Fleire unge får ikkje venner på skulen og i nærmiljøet og føler seg utestengde. Mange eldre er einsame fordi dei ikkje lenger har ein arbeidsplass å gå til, eller fordi dei har mista den dei delte livet med (Statistisk sentralbyrå, 2017).

3.3 Teknologisk utvikling

Den teknologiske utviklinga går i dag raskare enn før. Dette gir nye moglegheiter, men skaper òg nye etiske dilemma.

Eit nøkkelord for teknologiutviklinga er omvelting, som inneber at vi må vente det uventa. Vi er omgitt av ein stadig meir omfattande og kompleks teknologisk infrastruktur som ingen eigentleg er i stand til å føreseie korleis vil utvikle seg. Det einaste som er sikkert, er at den teknologiske utviklinga vil gå svært raskt, og at vi også i framtida vil sjå store endringar i både teknologiske moglegheiter og brukarvanar.

På same måte som ved tidlegare store teknologiske og sosiale omveltingar vil digital teknologi og automatisering kunne utfordre både næringslivet, arbeidsmarknaden og samfunnet, og utfordre etablerte ordningar og strukturar. For eksempel er no eit nytt direktiv om opphavsrett på den digitale indre marknaden (DSM-direktivet) til behandling i EU-systemet (sjå 8.1), blant anna som følgje av teknologisk utvikling og nye rammevilkår.

Den norske befolkninga er langt framme i å ta i bruk digitale løysingar, og den digitale infrastrukturen er forholdsvis god her i landet. Noreg har dermed eit godt utgangspunkt for å utnytte moglegheitene som ny teknologi gir, men det krev evne og vilje til fornying og omstilling i alle delar av samfunnet.


3.4 Verdiskaping og innovasjon

Den framtidige velferda vår er avhengig av at vi klarer å utvikle nye næringer, forretningsområde og inntektsstraumar. Det krev omstilling på mange felt, både i privat og i offentleg sektor. Kreativitet er ein drivar for innovasjon og kan vere med på å styrkje den internasjonale konkurransekrafta vår. InFuture (2018) peikar på at det er samvariasjon mellom kulturell deltaking i eit land og kor høgt landet skårar på innovasjon. Figur 3.2 viser denne samvariasjonen, basert på ein indeks for innovasjon frå European Commission 2017 (European Innovation Scoreboard) og ein indeks for kulturell deltaking frå Eurobarometer 2013 (Index of cultural practice). Noreg inngår ikkje i tala.

Ein offentleg kommisjon oppnemnd av regjeringa (Produktivitetskommisjonen) har fremja forslag som kan styrkje produktiviteten og vekstevna i norsk økonomi. Kommisjonen skriv at eit sentralt grunnlag for omstilling i form av nye arbeidsplassar og nye marknader er at føretaka utviklar nye eller forbetra produkt og prosessar. Ein ny idé eller ei ny oppfinning blir først ein innovasjon som gir verdiskaping og produktivtvekst, når denne nyvinninga har komme i praktisk bruk og skaper verdiar. Digitalisering og automatisering kan medverke til både auka verdiskaping og selselsetjing i nye sektorar, samtidig som det erstattar tidlegare arbeidsplassar. Globalisering og digitalisering kan gi enklare tilgang til nye marknader, men gir òg sterkare konkurranse på heimemarknaden.

I fleire land er no investeringar i immaterielle verdiar, det vil seie ulike former for bedriftsspesifikk kunnskapskapital, viktigare for verdiskapinga enn tradisjonelle investeringar i fysisk kapital. I Noreg er slike investeringar i dag lågare enn i dei fleste andre OECD-land.

I ei handbok om kulturelt medvit utarbeidd av ei ekspertgruppe med representantar frå EUs medlemsland blir nettopp kulturens rolle i å fremje kognitive dugleikar, læring og innovasjon framheva (EU, 2016). Ein studie som er utarbeidd under det strategiske forskingsprogrammet



Figur 3.2 Kulturell deltaking og innovasjon.

Kjelder: inFuture analyse, European Innovation Scoreboard 2017 Database, Index of cultural practice

CASE i Storbritannia,² viser blant anna ein auke i barns kognitive dugleikar som følgje av deltaking i strukturerte kunstaktivitetar.

Trass i ei forholdsvis god samla produktivitet-utvikling plasserer norsk næringsliv seg i internasjonal samanheng midt på treet for innovasjonsevne. EUs Innovation Union Scoreboard er hovudreferansen for slike rangeringar. I 2014 låg Noreg på 17. plass blant 34 EU- og EFTA-land på ein samleindikator som skal seie noko om både faktisk innovasjon og vilkåra for innovasjon. Noreg ligg i gruppa for moderate innovatørar, mens Sverige toppar den leiande gruppa saman med Danmark, Tyskland og Finland.

3.5 Media og den offentlege samtalen

Mykje av samhandlinga mellom menneske, den offentlege samtalen og den kulturelle deltakinga flyttar seg frå fysiske til digitale rom. Vi har heile tida tilgang til eit verdsrepertoar av informasjon og kulturuttrykk. Vi kan finne nye fellesskap om tema som vedkjem oss, men vi blir ikkje lenger knytte like sterkt saman av samtidige felles opplevingar. Vi bruker mindre tid på sosialt, fysisk samvær med kvarandre, men har like fullt behov for å

møtast ansikt til ansikt. Digitaliseringa forsterkar behovet for nytt innhald til fysiske møteplassar, og det vil vere nødvendig å tenkje nytt om framtidige møteplassar som understøttar eller skaper samhald.

I større eller mindre grad har vi alle ein tendens til å oppsøkje og tru på informasjon vi alle-reie er einige i. Slike stadfestingstendensar blir forsterka av digitaliseringa. Søkjemotorar og medieinnhald blir i aukande grad styrte av algoritmar som er laga slik at dei kan forsterke denne tendensen. Innhald blir filtrert og styrt av preferansar og tidlegare bruk, og vi blir i mindre grad eksponerte for andre perspektiv og meiningar. Men algoritmane kan òg brukast på andre måtar. Eit eksempel er korleis NRK bruker algoritmar for å rettleie sjåarane. Sidan publikum ser TV mindre lineært enn før, har algoritmar i mange høve erstatta sendeskjema. Etter å ha sett ferdig eit program i nettspelaren vil sjåarane for eksempel få algoritmestyrt tilrådingar om andre program dei kanskje vil like. I tråd med allmennkringkastaroppdraget vil algoritmane NRK har utvikla, ikkje berre foreslå meir av det same, men i tillegg utfordre og komme opp med meir uventa forslag.

Verdsbiletet vårt blir i stor grad forma gjennom media, og mange medverkar sjølv til å spreie informasjon. Tilgangen til informasjon har aldri vore større, men ikkje all informasjon er rett eller truverdig. Det kan handle om faktafeil, ryktespreiing, svindel eller politisk motivert desinformasjon. Det blir mottakaren sitt ansvar å vurdere kvalitet,

² The Culture and Sport Evidence Programme (CASE) er eit strategisk forskingsprogram under leiding av Department of Culture, Media and Sports, i samarbeid med Arts Council England, English Heritage, the Museums og Sport England.

relevans og sanning i informasjonen. Ei undersøking frå Medietilsynet om falske nyhende viser at halvparten av den vaksne befolkninga i Noreg kvar veke eller oftare ser nyhende dei opplever som ikkje heilt sanne. 45 prosent ser kvar veke eller oftare nyhende dei trur er funne på eller er medvite usanne.

For å kunne bruke media på ein trygg og god måte er det nødvendig både å forstå og å evaluere innhaldet. Utviklinga stiller stadig større krav til mediekompetanse og kjeldekritikk. Mediekompetanse handlar om kunnskap om korleis media fungerer og mottakaren si evne til å vurdere kvalitet, relevans og sanning i informasjonen. Det er òg svært viktig at så mange som råd kan kommunisere og ta del i den offentlege samtalen på ein måte som fremjar forståing mellom menneske. Dette inneber at befolkninga må ha evne og vilje til å forstå ulike ytringar og korleis ulike mottakarar vil forstå og oppleve ytringar.

Heile offentlegheita gjennomgår no ei rekkje avgjerande endringar. Dette skjer ikkje minst på bakgrunn av digitaliseringa og dei moglegheitene den gir og konsekvensane den får ved at ulike aktørar forstår og tilpassar seg utviklinga på ulike måtar. Digitale informasjons- og ytringsmoglegheitene, blant anna gjennom sosiale medium, endrar både kvardagslivet og den offentlege samtalen på mange og djuptgåande måtar. Eit godt utvikla og levande demokrati er avhengig av ein opplyst opinion og open og fri meiningsutveksling. Oppfatningar må brynast mot kvarandre. For å unngå maktkonsentrasjon og maktmisbruk må definisjonsmakta vere delt mellom fleire aktørar. Kunst, kultur og språk spelar ei viktig rolle for det frie ordskiftet, for utvikling og spreiding av nye tankar og idear. I det framtidsbiletet vi ser for oss, med auka bruk av digital teknologi, vil denne rolla bli stadig viktigare og meir relevant.

3.6 Utviklingstrekk av særleg relevans for kulturlivet

Dei generelle utviklingstrekk i samfunnet påverkar sjølvstekt og kultursektoren. Dei endrar rammevilkåra og utfordrar så vel etablerte strukturar og lovverk som aktørane i sektoren og befolkninga elles. Når utviklinga går raskare og endringstrykket aukar, blir det òg større behov for å forstå drivarane i utviklinga og korleis dei kan påverke oss framover. Det er viktig å forstå kva for drivarar som vil kunne få størst innverknad på kulturlivet, og som den framtidige nasjonale kulturpolitikken må ta høgdom for.

Alle som har delteke på innspelsmøte i samband med denne meldinga, blei utfordra til å svare på dette spørsmålet: Kva vil vi at norsk kulturliv skal vere om 20 år? Kva for moglegheitene og kva for utfordringar finst det? Kulturdepartementet har på bakgrunn av desse møta og skriftlege innspel til meldingsarbeidet fått godt innblikk i kultursektorens eigne vurderingar og synspunkt.

Kultursektoren ønskjer at kulturmeldinga skal løfte fram at kunst og kultur er viktig, både i kraft av seg sjølv og for å nå mål på andre samfunnsområde. Mange framhevar at kultur må løftast opp som eit viktig politikkområde av politikarar på alle forvaltningsområde. Vidare blir det gitt klart uttrykk for eit håp om framleis sterk offentleg finansiering av kunst og kultur, trass i trongare offentleg økonomi. Fleire er opptekne av korleis teknologisk utvikling påverkar kulturlivet og etablerte forretnings- og finansieringsmodellar.

Mange legg vekt på endringane i befolknings-samansetjing og demografi, særleg korleis kulturlivet kan spegle dagens mangfaldige befolkning betre. Behovet for fysiske møteplassar i ei digital tid har vore løfta fram både munnleg og skriftleg.

Mange har òg peika på behovet for ein meir kunnskapsbasert kultursektor og ønskjer at kulturpolitikken skal leggje til rette for mobilitet, nettverk og samarbeid på tvers av landegrensar.

Kulturdepartementet har i tillegg fått gjennomført ein framtidsanalyse, med involvering frå kultursektoren over store delar av landet. Rapporten har vore ei av kjeldene til det som er skriven om utviklingstrekk ovanfor. Dette er nokre av hovudfunna i rapporten:

Kulturens rolle i samfunnet blir viktigare. Samfunnet utviklar seg frå i stor grad å vere eitt stort fellesskap til å bli mange små. Menneske møtest fysisk i mindre grad enn før, og prosentdelen av unge som er ute med venner, går ned. Mindre fysisk samvær intensiverer utviklinga i retning av små fellesskap og digitale ekkokammer.

Samtidig er norsk nærings- og arbeidsliv i starten av ei større omstilling, blant anna driven av den teknologiske utviklinga. Læring og skaparkraft blir viktigare i samfunnet for å lykkast med denne omstillinga, og kultursektoren kan medverke positivt til dette.

Kulturbruken til publikum er i endring, og finansieringa vil venteleg bli meir utfordrande. Haldningane i befolkninga til offentleg støtta kultur er avhengig av om ein er kulturbrukar eller ikkje. Mens kvar fjerde kulturbrukar er negativ eller nøytral til offentleg støtta kultur, er nær halvparten av ikkje-brukarane det.

Norsk språk og kultur møter sterkare konkurranse frå internasjonale aktørar. Plattformselskap som Google, Facebook, Amazon, Netflix og Spotify oppnår stadig meir makt.

Ulike publikummarar blir motiverte til kulturbruk av ulike årsaker, og kulturaktiviteten til publikum tek nye former.



Figur 4.1

4 Tilbakeblikk på kulturpolitikken i Noreg

Kulturpolitikken i Noreg har gjennom åra blitt forma i eit samspel mellom kulturaktørane sine eigne initiativ og behov, korporative interesser og politiske prioriteringar på ulike nivå. Mykje av dagens kulturpolitiske struktur har vakse fram i forlenginga av at aktivitetar initierte av kulturfeltet sjølv på eit tidspunkt er blitt ei offentleg sak, gjerne på den måten at det har vore behov for offentleg finansiering for å halde oppe aktivitetane. Dette er for eksempel tilfellet for mange av musea, dei eldste teatera og orkesterane. Andre delar av dagens kulturliv er meir direkte resultat av politiske prioriteringar og ønske, for eksempel Riksteatret, mange av regionteatera og ordningar som Den kulturelle skulesekken. Men også slike initiativ har gjerne vore forankra i praksisar og aktivitetar som allereie var initierte og utprøvde av aktørar på kulturfeltet før dei blei løfta fram som politisk prioriterte satsingar.

For å kunne forstå kva for vegval og politiske prioriteringar det er fornuftig å gjere, må ein kjenne samtida og kunne gjere kvalifiserte vurderingar om framtida – men ein må òg kjenne fortida si. I NOU 2013: 4 *Kulturutredningen 2014* er det gjort ein grundig gjennomgang av den kulturelle nasjonsbygginga i Noreg sidan 1814 og utviklinga i kulturpolitikken fram til 2014. Grunngevinga som utvalet gav for å gi plass til ei slik framstilling, var at «mange av ideologiene og handlingsmønstrene som særpreger norsk kulturpolitikk, oppsto i denne perioden».

Kulturpolitikken har utvikla seg i eit dynamisk forhold mellom lokalt, regionalt og sentralt nivå og mellom offentlege og private aktørar. Private og frivillige har medverka aktivt til å byggje opp og drive ulike kulturtilbod over heile landet og initiert tiltak som i mange tilfelle er blitt rekna som eit offentleg ansvar i ettertid. Kommunesektoren har teke ansvar og initiativ som i neste omgang har påverka politikken på statleg nivå. Staten har gitt insentiv eller retningslinjer som er blitt følgde opp lokalt og regionalt. Samtidig er vi blitt påverka av internasjonale straumdrag. Slik er det mange aktørar som har påverka og gitt inspirasjon til utforminga av den nasjonale kulturpolitikken, som har lagt grunnlaget for offentleg engasjement.

Noregs politikk overfor det einaste urfolket i landet, samane, har opp gjennom historia vore prega av krav om fornorsking og einsidig tilpassing til storsamfunnet. Samiske språk og kulturar har vore nedvurderte og til dels prøvd utsletta. Etter den andre verdskrigen har det gradvis skjedd ei endring i den politikken styresmaktene har ført overfor urfolk og minoritetar, og ein har sett verdien av at Noreg er eit fleirkulturelt og mangfaldig samfunn. Fornorskingspolitikken har konsekvensar for samisk kultur, språk og levesett også i dag. Stortinget har sett ned ein kommisjon som skal granske fornorskingspolitikken og urett mot samar, kvenar og norskfinnar. Kommisjonen skal gjennomføre ei historisk kartlegging om politikken og verksemda dei norske styresmaktene har hatt overfor dei nemnde gruppene. Kommisjonen skal sjå på dei etterverknadene fornorskingspolitikken har i dag og foreslå tiltak som skal skape større likeverd mellom majoritets- og minoritetsbefolkninga, og som kan medverke til å informere og auke den generelle kunnskapen om samisk og kvensk/norskfinnsk historie og kultur. Kommisjonen skal levere rapport til Stortinget innan 1. september 2022.

4.1 Noreg etter 1814 – nasjonsbygginga tek til

Noreg var i 1814 i gang med å etablere seg som sjølvstendig stat etter å ha vore sameint med Danmark på ulike vis i fire hundre år. Noreg var på veg inn i ein ny og lausare union med Sverige og hadde nettopp fått si eiga grunnlov. Den var blant dei mest demokratiske i Europa, noko som ikkje var tilfeldig. Den demokratiske tradisjonen stod sterkt i befolkninga, med røter tilbake til tinga i norrøn tid, der ei folkeforsamling hadde lovgivande og dømmende makt.

Grunnlaget for nasjonsbygginga i Noreg var eit anna enn i mange andre europeiske land. I perioden før merkeåret 1814 dreidde norsk kulturliv seg for ein stor del om folkelege uttrykksformer og aktivitetar. Kulturlivet var forankra i land-distrikta, der det store fleirtalet av innbyggjarane

budde. Den typen institusjonar – teater, museum, konserthus – som europeiske nasjonar heldt seg med på denne tida, måtte ein til København for å finne. Biletet var dermed annleis enn det som var vanleg i Europa – der kongehus og adel gjennom fleire hundreår hadde finansiert samlingar av kunst og historisk materiale, bestilt musikk og biletkunst, arrangert teater og konsertar og sett opp prestisjebygg som skulle romme samlingar og kunstnariske aktivitetar.

Men vi stod ikkje på bar bakke. Bondekulturen representerte ein lang og ubrotten tradisjon og hadde fått utvikle seg på eigne vilkår, sidan byane var få og små. Vi hadde ein rik og variert folkekultur. I dagleglivet snakka folk på norsk, med ulike dialektar. Dansk var det offisielle skriftspråket som blei brukt både i kyrkjene, i undervisninga og i alle andre offentlege samanhengar.

Kyrkja og Forsvaret hadde gitt viktige bidrag til kulturlivet i landet, og til at Noreg hadde ei lesekyndig befolkning. Kyrkja lærte dei unge å lese gjennom konfirmantførebuingane. Sidan konfirmasjon blei obligatorisk etter reformasjonen i 1537, fekk alle denne opplæringa. Det kompenserte til ein viss grad for at skulesystemet i tida før 1814 var svakt utbygd. Forsvaret gav på si side unge menn frå heile landet ein sjanse til å lære å lese og skrive gjennom utdanninga av underoffiserar.

Kyrkja hadde òg ei sentral rolle i utviklinga og formidlinga av musikk og biletkunst. Ho forvalta rike arkitektoniske, estetiske og historiske verdier. Musikklivet i kyrkja var utgangspunkt for utviklinga av ei omfattande korrørsle. Dei geistlege utgjorde eit landsdekkjande nett av velutdanna personar som i mange tilfelle medverka i folkeopplysninga. Forsvarets musikk hadde utvikla godt skolerte musikarar som deltok i det lokale musikklivet og sørgde for at folk fekk tilgang til kunstmusikk.

Mens den offentlege innsatsen og institusjonsbygginga innanfor kunst- og kulturlivet i dansketida stort sett var avgrensa til København, var det private donasjonar og gåver som hadde bygd opp det som fanst i Noreg. Det ein hadde av tilbod i byane, var private teaterselskap og orkester, men dei spelte som regel i lukka krinsar. Medlemmer av embetsstanden og borgarskapet gav gåver og oppretta samlingar og bibliotek. Dei fleste sentrale kulturinstitusjonane i Noreg som i dag er offentleg drivne eller i stor grad finansierte av staten, har oppstått som private initiativ.

Det politiske miljøet i Noreg var i første del av 1800-talet som elles i Europa prega av den tidlege fasen av liberalismen. Staten skulle ikkje blande seg inn i slikt som marknaden eller private kunne

ta seg av. Situasjonen var dessutan prega av at staten hadde svært trong økonomi etter utskiljinga frå Danmark. Det fanst likevel òg sterke krefter som argumenterte for at staten skulle og måtte ha ei framskoten rolle i nasjonsbygginga og dermed i samfunnsutviklinga. Ei demokratisk styreform krev opplyste borgarar, og dette måtte staten medverke til. I tråd med dette prioriterte Stortinget å løyve midlar til ulike kulturtiltak, typisk slike som skulle medverke til å forme ein nasjonal identitet og fremje Noregs ære overfor omverda. Biletkunsten fekk tidleg statleg støtte, først ved etableringa av den statlege Tegneskolen i 1818, så ved opprettinga av Nasjonalgalleriet i 1836. Stortinget løyvde òg midlar til innsamling av kunnskap om norsk kulturarv. Det blei gitt midlar til språkforskning og folkeminnegransking, og til innsamling og dokumentasjon av norsk historie.

Dette sosialliberale synet fekk breiare tilslutning i siste halvdel av 1800-talet. Stortinget utvida i denne perioden det statlege ansvaret for kulturlivet ved å løyve midlar til å opprette fleire sentrale kulturinstitusjonar. Biletkunsten var framleis eit prioritert område. Kunstnarane var på denne tida opptekne av å markere seg som kunstnarstand, med rett til å kjempe for eigne interesser på linje med andre grupperingar i samfunnet. For dei var det viktig å kunne stille ut og få avsetning på arbeida sine. Det var ei gryande forståing, også i politiske krinsar, for at kunstnarane sine kår og frie stilling måtte sikrast, og at staten måtte medverke til det. Allereie i 1884 blei det gitt støtte til Kunstnernes Utstilling / Statens Kunstutstilling, som vi i dag kjenner som Haustutstillinga. I 1889 tok ein eit grep om utdanninga av barn og unge ved å etablere folkeskulen. Skulen fekk ei sentral rolle i spreinga av den nasjonale litteraturen og kunnskap om musikk, om norsk mellomalderhistorie og folkekultur. Og ikkje minst blei skulen eit viktig verktøy i ei anna sak som var heilt sentral på denne tida – språkspørsmålet. Med dette la ein grunnlaget for den viktige plassen skulen har hatt sidan, ikkje berre i utdanninga, men òg for danninga og kulturlivet.

I same periode voks det fram sterke motkulturelle krefter – dei lågkyrkjelege samfunna, målrørsla, avhaldsorganisasjonane og seinare arbeidarørsla. Desse kom i tillegg til den rike floraen av organisasjonar som hadde eit meir avgrensa kulturelt virke, og som hadde vakse fram gjennom heile hundreåret. Dette var ofte landsdekkjande organisasjonar som var demokratisk oppbygde frå det lokale til det nasjonale nivået. Eit formål for folkerørslene var at borgarane skulle kunne delta aktivt i det offentlege livet. Til saman har dette sivile sam-

Boks 4.1 Samfunnsdemokratisk motstandskraft

I ein artikkel frå 2013 skriv samfunnsforskareren Rune Slagstad:

Den politiske strid i annen halvpart av 1800-tallet kulminerte i 1884 med parlamentarismens innføring og detroniseringen av embetsmannseliten som politisk elite: venstrestaten (1884–1940) basert på de konkurrerende partier. I det politisk-demokratiske representerte Norge en avantgarde i forhold til Sverige. En av grunnene til det nye regimes slagkraftighet var at det berodde på et kompromiss mellom to konkurrerende dannelseseliter. Dannelsesborgerskapets reformative fløy ble forent med folkedannelsens eliter. Det var dette kompromiss som ga den nye epoke et karakteriserende trekk: den demokratiske folkelighets hegemoniske integrasjon i det statlige styringssystem.

Opptakten fant sted umiddelbart etter at Venstres leder Johan Sverdrup var kommet til makten i 1884. Sverdrup tok umiddelbart tre tunge reforminitiativ. Det ene var de pedagogiske reformer: folkestyrets basis skulle sikres gjennom en enhetsskole med basis i folkeskolen. Det andre var strafferettsreformene: en modernisert og demokratisert strafferett, med blant annet juryordningen i 1887 og straffeloven av 1902. [...] Sverdrups tredje initiativ var nedsettelsen av en arbeiderkommisjon: de «ubemidlede klasser» skulle gis beskyttelse i en ekspanderende markedsøkonomi. Det var en sammenheng mellom disse tre initiativ, for så vidt som de samme personer som var de «ubemidlede» i den nye markedsøkonomi, også var folkestyrets velgere og jury-systemets dommere.

funnet av demokratisk oppbygde organisasjonar vore ein svært viktig faktor i det norske kulturlivet og det norske demokratiet. Dette har prega kulturpolitikken i Noreg gjennom fleire generasjonar.

Ein konsekvens av landets nye grunnlov var at Noreg fekk etablert ei eiga presse. Grunnlova § 100 slo fast at «Trykkefrihed bør finde Sted» – og i 1819 kom den første norske dagsavis, Morgenbladet. Det var også ein kraftig auke i talet på tidsskrift gjennom heile 1800-talet. Desse blei ein kanal for «folkets røyst» og utgjorde eit variert alternativ til avisene, meir tilgjengeleg for større grupper av befolkninga.

Ein siste faktor var oppbygginga av ei offentlig forvaltning og politiske organ. I samband med etableringa av unionen med Sverige blei det i november 1814 oppretta eit departement for kyrkje-, undervisnings- og kultursaker. Frå 1819 fekk dette namnet Kirke- og undervisningsdepartementet. Med formannskapslova i 1837 blei det fastlagt at politisk valde organ på kommunenivå skulle styre i lokale saker. Mot slutten av hundreåret kom etableringa av politiske parti og innføringa av parlamentarismen.

4.2 1920–1930-åra

I 1930-åra blei det lagt fram fleire utgreiingar for Stortinget med forslag om statleg finansiering og

anna støtte til folkeopplysningsarbeid og kulturtiltak. I 1937 la Kyrkje- og undervisningsdepartementet fram forslag til ei tilleggsøyving «til støtte for Nasjonalteatret, Det Norske Teatret og Den Nasjonale Scene». Forslaget blei grunnlagt med tilvising til teaterkrisa,¹ som blei framstilt som internasjonal, og som hadde lagt grunnlag for liknande løyvingar i dei nordiske nabolanda. Teatera hadde sidan tidleg på 1800-talet prøvd å få staten til å vere med på å finansiere verksemda, noko som gong på gong var blitt avslått av Stortinget. Dette dokumentet kan sjåast som kimen til seinare tilskotsordningar for scenekunstinstitusjonane, som tre tiår seinare blei utvida til å omfatte orkesterane.

I proposisjonen blei det foreslått å opprette eit riksteater, noko som først blei realisert i 1948. Landet fekk den første lova om folke- og skuleboksamlingar i 1935. Frå 1938 blei det oppretta eit eige kontor for kultursaker i Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

På 1920-talet kom radioen til Noreg. Det å drive kringkasting blei snart definert som ei offentlig oppgåve, og Norsk rikskringkasting blei oppretta i 1933. Den statlege kringkastinga av radio, og seinare fjernsyn, medverka på viktige måtar til å integrere befolkninga i eit identitets- og

¹ Teatera i Noreg og elles i Europa var i økonomiske vanskar på grunn av sviktande billettinntekter, truleg som følge av den generelle økonomiske krisa.

kommunikasjonsfellesskap. No kunne folk i ulike delar av landet samtidig få med seg dei same nyhenda og programma. Radioen blei viktig også for kulturlivet i snevrare tyding. Hovudinnhaldet i radiosendingane var musikk, og frå starten av la NRK vekt på å spele norsk musikk. For musikklivet gav dette viktige utviklingsmoglegheiter både for sysselsetjing ved direkteframføringar og for inntekter frå speling av grammofonplater. I dei fire største byane inngjekk NRK avtalar med filharmoniensembla om bruk av desse som radioorkester.

I ei tid med kraftig økonomisk nedgang, fylt av både politisk, økonomisk og sosial uro, blei folkeopplysning og kulturopplevingar sett på som viktige mottiltak mot sosial uro, og som ein naturleg del av den generelle velferdsutviklinga.

4.3 Etterkrigstida

Kunsten og kulturen blei etter kvart sett på ikkje berre som viktige element i nasjonsbygginga og folkeopplysninga, men som ledd i utviklinga av det moderne velferdssamfunnet. I dei første tiåra etter den andre verdskrigen, då ein skulle gjenreise det krigsskade Noreg, bygde ein opp ei rekkje statlege verksemder som skulle spreie kunst og kultur til befolkninga i heile landet.

Både Kulturbrevet² stila til den norske regjeringa, forfatta av ei rekkje kjende kulturpersonlegdommar, og det fellesprogrammet partia på Stortinget blei samde om sommaren 1945, la vekt på at kunsten og kulturen i større grad måtte ut til heile folket. Ved sida av å løyse det ein også i mellomkrigstida hadde omtalt som «fritidsproblemet», forårsaka av kortare arbeidsveke og høg arbeidsløyse, skulle kunsten og kulturen vere med på å formidle åndelege verdiar og støtte opp under demokratiske haldningar.

Eit tydeleg uttalt mål med kulturpolitikken i denne perioden var å styrkje det åndelege livet i Noreg, for å gjere samfunnet betre rusta overfor den typen ideologiske rørsler ein hadde opplevd i mellomkrigstida og under okkupasjonen. Utdanning og kunst- og kulturtilbod hadde vore skeivt fordelte mellom by og land, som mange andre gode. Det blei derfor lagt vekt på at alle typar velferdsgode måtte komme distrikta meir til gode. I ein slik kontekst satsa styresmaktene på å byggje opp eit statleg apparat med ansvar for å distribu-

² «Vår kulturs fremtid. Et brev til den norske regjering 1945». Publisert bl.a. i *Kultur og kulturpolitikk: Norsk kulturråd – fortid og framtid*. Minneskrift til Leif J. Wilhelmsen og Hartvig Kiran. Cappelen 1985.

Boks 4.2 Å tryggje tankefridom og sjølvstende

I ein tilleggsproposisjon til budsjettproposisjonen i 1949 (St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 17) blir det foreslått løyvingar til organisert ungdomsarbeid og tiltak for fritidskultur. Departementet såg det som ønskjeleg å komme med nokre prinsipielle merknader og skriv blant anna: «Stat og kommune har til oppgåve å leggje vilkåra til rette for organisasjonane sitt arbeid og for den einskilde. Det offentlege skal her, som i skuleverket, gje ungdommen høve til å utvikle sine evner og bli frie, sjølvstendige menneske. Den demokratiske staten skal på dette området som elles vera ein garanti for åndsfridomen. Det er ei av dei viktigaste oppgåvene den demokratiske staten har, og det må vera ei grunnsetning i all kulturpolitikk å ta sikte på å tryggje tankefridom og sjølvstende for det einskilde mennesket.»

ere eit tilbod og stimulere til kunst- og kulturproduksjon ut over heile landet. I denne perioden blei dermed Riksteatret, Rikskonsertane, Riksgalleriet, Bygdekinoen, Statens bibliotektilsyn, Norsk filminstitut, Den norske Opera og Norsk kulturråd oppretta.

Samtidig blei det satsa tungt på bygging av infrastruktur for kultur- og sportsaktivitetar, med samfunnshus og ulike typar forsamlingslokale og

Boks 4.3 Den frie kunsten kontra statleg innblanding

I 1965 blei Norsk kulturråd stifta og Norsk kulturfond etablert. Debatten var oppheta både blant politikarar og i kulturlivet. Alle var stort sett samde om at kunsten skulle vere fri, og at rådet måtte ha ei mest mogleg fri stilling. Det var likevel stor usemje om kvar grensa for statens innblanding skulle gå. Sentralt i diskusjonane stod spørsmålet om i kva grad og utstrekning det offentlege Noreg skulle ta delansvar for det som fram til då hadde kvilt på privat finansiering og innsats. Behovet for å sikre det norske språket og den norske litteraturen var ei sentral grunngeving for å opprette Norsk kulturråd.

idrettsanlegg finansierte av overskotet frå det nyetablerte Norsk Tipping.

Etterkrigstida innleidde ein periode med aktivt statleg engasjement på kulturområdet, basert på brei politisk semje. Verkemiddel og nivå på løyvingar blei diskuterte, men det var i det store og heile semje om at det offentlege skulle ta medansvar for utviklinga av kulturlivet.

4.4 1970-åra

To ulike regjeringar (Korvald og Bratteli II) la fram kvar si kulturmelding på kvar si side av eit regjeringsskifte hausten 1973: St.meld. nr. 8 (1973–74) *Om organisering og finansiering av kulturarbeid* og St.meld. nr. 52 (1973–74) *Ny kulturpolitikk*. Meldingane innebar eit markant skifte i kulturpolitikken fordi dei gjorde ein heilskapleg gjennomgang av feltet og systematisk drøfta kulturpolitikkenes mål og verkemiddel. I store trekk drog dei to meldingane opp dei same linjene for dette skiftet, men med noko ulik vektlegging av verkemidla. Det blei foreslått viktige strategiske val, både for statens eiga involvering og for retninga for den samla nasjonale kulturpolitikken.

I 1976 blei det lagt fram ei eiga kunstnarmelding, St.meld. nr. 41 (1975–76) *Kunstnerne og samfunnet*, som drøfta «kunstnernes oppgaver og vilkår i et moderne samfunn». Eit viktig utfall av meldinga var at ho la grunnlaget for å etablere ei rekkje støtteordningar og for eit tettare samarbeid mellom departementet og kunstnarorganisasjonane, som blant anna fekk rett til å forhandle med departementet om levekåra til kunstnarane. Dette førte til ei profesjonalisering og demokratisering av kunstnarorganisasjonane, som langt på veg stod fram som moderne fagforeiningar i 1970-åra.

Eit skifte av perspektiv i desse kulturmeldingane, særleg den siste, var ein overgang frå å grunnngi kulturpolitikken med folkeopplysning, løysing av fritidsproblemet og oppbygging av åndelege verdiar i befolkninga, til at kulturpolitikken skulle medverke til trivsel og gode miljø.

Det utvida kulturomgrepet blei lansert og lagt til grunn i begge dei to kulturmeldingane. Det innebar at aktivitetar i frivillige lag og organisasjonar, i bygdelag og folkeakademi også skulle vere ein del av kulturfeltet og dermed av kulturpolitikken. Dette skapte mykje debatt, men meldingane sette vel helst ord på noko som allereie var eit faktum, og innebar ikkje noka faktisk kursendring. Både staten og kommunesektoren hadde lenge gitt støtte til idrett, ungdomsarbeid og ulike frivillige organisasjonar. Det nye var at slike aktivitetar

blei innlemma i kulturomgrepet. No blei det frivillige kulturlivet definert som eit sjølvstendig kulturpolitisk område og eit viktig supplement til den profesjonelle kunsten og kulturen.

Eit anna trekk ved desse meldingane var vektlegging av desentralisering og oppfordring til lokalt og regionalt engasjement og innverknad på kulturpolitikken. Den grunnstrukturen som var bygd opp ved hjelp av dei ulike riksinstusjonane og dei andre statlege innsatsane, måtte supplerast med institusjonar og kulturtiltak med meir lokalt og regionalt utgangspunkt. Slik blei dei sterke demokratiske straumdraga som følgde etter opprøret mot autoritetar og sentralmakt i 1960-åra, også gjeldande for kulturpolitikken.

Dette skjedde i ein periode med sterk vekst i statsbudsjettet, noko som òg kom kultursektoren til gode. Det var rom for å leggje inn nye tiltak. Blant anna blei det etablert eigne støtteordningar for kulturaktivitetar i kommunane og fylkeskommunane. Den økonomiske veksten gav i åra etter også høve til å opprette ei rekkje nye kunst- og kulturinstitusjonar, som regionteater, orkester og musikkensemble, museum og fylkesgalleri.

4.5 Tiåra etter 1970

Politikken frå 1970-åra blei i store trekk ført vidare i kulturmeldingane i 1980-åra, St.meld. nr. 23 (1981–82) *Kulturpolitikk for 80-åra* og St.meld. nr. 27 (1983–84) *Nye oppgaver i kulturpolitikken*. Det blei lansert ei sterkare vektlegging av sponning av kunst og kultur. Kringkastingsmonopolet blei oppheva, og tilbodet blei utvida med fleire radio- og tv-kanalar. Dette har lagt til rette for ein heilt ny mediekvardag for folk flest, kraftig forsterka av den teknologiske utviklinga. Elles heldt ein stort sett fram i det same sporet og såg politikken frå 1970-åra med desentralisering av kulturen som eit naturleg spor å følgje.

Neste kulturmelding var St.meld. nr. 61 (1991–92) *Kultur i tiden*. Den la opp til ei viss justering av kursen. Det utvida kulturomgrepet var her mindre vektlagt, og meir vekt var lagt på kunstnarisk kvalitet, arkitektur og design.

Den statlege verkemiddelbruken overfor kommunesektoren var i endring, og det var ikkje lenger aktuelt med øyremerkte tilskotsordningar som insitament og styringsverktøy. Som nytt verkemiddel etablerte ein i denne meldinga ei ny funksjonsdeling som innebar at staten og fylkeskommunane, og oftast også den aktuelle kommunen, inngjekk avtalar om fordelingsnøklar for det offentlege til-

skotet til eit 30-tal kulturinstitusjonar. Staten tok fullt finansieringsansvar for om lag 20 institusjonar.

Den hittil siste kulturmeldinga, St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*, kom i 2003. Også den inneber stort sett ei vidareføring av politikken, sjølv om meldinga i større grad set søkjelys på utfordringar som globalisering og individualisering, kulturelt mangfald, digitalisering, endringar i organisasjonsformer og organiseringsgrad. Meldinga gir ein grundig gjennomgang av status innanfor dei ulike fagområda og drøftar kulturpolitikk som motvekt til utfordringane og som verktøy for å påverke utviklinga. Elles vektlegg meldinga forhold innanfor arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet, og situasjonen for kulturbygg, der forventningane til kvalitet og standard hadde stige sterkt og det var ønskeleg å styrkje innsatsen. Dette var ei oppfølging av St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* (ABM-meldinga), som drøfta meir sektorspesifikke utfordringar for arkiv, bibliotek og museum inngåande, og skisserte tiltak for å samordne, effektivisere og styrkje desse områda.

Meldinga gjer grundig greie for statleg politikk og statlege verkemiddel, mens kommunar og fylkeskommunar har fått mindre plass.

I det første tiåret av 2000-talet blei det lagt fram ei rekkje særmeldingar innanfor kulturområdet, blant anna om frivilligheit, dataspel, film, språk, rytmisk musikk, scenekunst, bibliotek, digitalisering av radio, kultur og inkludering, visuell kunst, idrett og arkiv.

I 2007 fekk landet si første generelle kulturlov, som har til formål «å fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk».³

4.6 Kommunesektorens rolle

1970-åra innleidde ein periode med sterk vekst i oppgåver og økonomi for kommunesektoren. Kommunane hadde rett nok i mange år allereie løyst oppgåver som drift av bibliotek, musikkskular og kino. Dei hadde gitt støtte til fritidsaktivitetar for barn og unge og til lokale organisasjonar innanfor idrett og andre kulturområde. Kommunane hadde medverka til bygging av samfunnshus, idrettsanlegg og annan infrastruktur. Investeringane i bygg

³ Jf. Kulturdepartementet (2007). Ot.prp. nr. 50 (2006–2007) *Om lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)*.

og anlegg var ofte delfinansierte av staten via over-skotet frå Norsk Tipping. Men det var store variasjonar i engasjement blant kommunane, og dermed i tilbodet til befolkninga. At det var ein viss etterspørsel og interesse for tilbodet, viste seg blant anna ved at det gjennomgåande var svært godt oppmøte når statlege kulturinstitusjonar som Riksteatret, Bygdekinoen og Rikskonsertane kom på besøk.

Fylkeskommunane var frå 1976 etablert som eige folkevalt forvaltningsnivå, og frå 1977 blei det innført direkte fylkesskatt. Fylkeskommunane fekk samtidig ei rekkje nye oppgåver. Desse reformene fall i tid saman med kulturmeldingane i 1970-åra, som la vekt på at både kommunar og fylkeskommunar skulle ha viktige roller i gjennomføringa av kulturpolitikken. Det blei gitt statlege midlar gjennom generelle tilskotsordningar til kulturtiltak i fylkeskommunane og kommunane. Dette skulle blant anna stimulere til å etablere eigne kulturetatar og politiske utval. Slik etablering skjedde i løpet av få år i alle fylka og i nesten alle kommunane. På kort tid blei det ein sterk vekst i det kulturpolitiske engasjementet i kommunesektoren. Ikkje minst kunne dette merkast i fylkeskommunane.

Fylkeskommunane blei i dei følgjande åra ein naturleg samarbeidspartnar for staten. Dei var med på innsatsen for å få kommunane på bana som meir strategiske og systematiske kulturpolitiske aktørar, og dei var medspelarar for å gjennomføre statens uttrykte oppfordring til å etablere regionale kulturinstitusjonar og tiltak. Samtidig utvikla regionnivået ein eigen kulturpolitikk. Dermed fekk vi tre nivå med til dels ulike og til dels overlappande oppgåver og roller, og få av desse var lovfesta. Samhandlinga mellom staten og kommunesektoren, særleg med fylkeskommunane, var utstrekt og veletablert i denne perioden.

Frå 1990-åra blei det gjennomført omfattande omleggingar av inntektssystemet til kommunesektoren, med bortfall av øyremerkte tilskot og auka vekt på rammefinansiering for å styrkje det lokale sjølvstyret. Dermed forsvann eit av dei viktigaste stimuleringsverkemidla som staten hadde brukt innanfor kultursektoren.

Den såkalla hovudutvalsmodellen⁴ som var utbreidd i norske kommunar frå 1970/1980-åra, blei avvikla igjen i 1990-åra i store delar av kommunesektoren. Dette førte ofte til omorganisering

⁴ Hovudutvalsmodellen gjekk ut på å opprette politiske utval med eit heilskapleg sektoransvar, typisk for helse, utdanning, samferdsel og kultur. Dei erstatta ofte ei rekkje utval, komitear, nemnder osv. Utvala fekk ofte vide fullmakter. Erfaringane blei etter kvart at dei førte til for sterk fragmentering av politikken og gjorde koordinering og heilskapstenking vanskeleg.

gar der kulturutvala og fagadministrasjonane som var bygde opp, blei slått saman med andre politikk- og fagområde. Dette har gjort det lettare å sjå kulturpolitikken i samanheng med andre samfunnsområde på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Samtidig har det medverka til større ulikskaapar og meir kompliserte kontaktflater mellom forvaltningsnivåa, sidan organiseringa er ulik.

4.7 Vegene vidare

Sidan gjenreisinga av Noreg som eigen nasjon i 1814 har kulturpolitikken gjennomgått omfattande endringar. Til tider har politikken vore omstridd, men i lange periodar har det vore brei politisk semje om hovudtrekka. Både privat sektor, kommunesektoren og staten har heile tida spelt ei rolle, med vekslende tyngd og somme gonger i eit spenningsforhold til kvarandre, men oftast i dynamisk sameksistens.

I Noreg har det, særleg i etterkrigstida, blitt vektlagt at kultur skal vere eit rettferdig fordelt gode, og ikkje noko som berre er for enkelte

grupper i befolkninga eller delar av landet. Som eit ledd i å realisere dette har både private og frivillige krefter og alle tre forvaltningsnivåa vore involverte i gjennomføringa av kulturpolitikken. Dagens arbeidsdeling mellom dei ulike aktørane følgjer i stor grad ein innarbeidd praksis, ofte basert på økonomiske eller informerande verke-middel og i liten grad i form av lovregulering.

Sjølv om kulturfeltet dei siste tiåra har vore skilt ut som eit eige politikkområde, er det ikkje lausrive frå andre fagområde. Kulturpolitikken har vore innretta med omsyn til politiske straumdrag, teknologisk utvikling, Noregs posisjon i ei global verd, endringar i demografi og andre trekk ved samfunnet. Spreiinga av og kvaliteten på kunst og kultur har hatt ei sterk og svært positiv utvikling i heile etterkrigstida. Desse resultatane er det viktig å ta vare på. Det er nødvendig med kontinuitet i kulturpolitikken, og politikken må byggje vidare på den positive utviklinga når det gjeld både kvalitet, variasjon og kvantitet i norsk kulturliv. Samtidig er det nødvendig å tenkje nytt i møte med utfordringane samfunnet står overfor framover.

Del II
Kulturpolitikken framover.
Mål og særskilde satsingsområde



Figur 5.1

5 Kulturpolitikken framover

Boks 5.1 Nasjonale kulturpolitiske mål

Samfunnsmål

Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kunst og kultur av ypparste kvalitet inspirerer, samlar og lærer oss om oss sjølv og omverda.

Overordna kulturpolitiske mål

Eit fritt og uavhengig kulturliv som

- skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet
- fremjar danning og kritisk refleksjon
- tek vare på og formidlar kulturarv
- skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar
- tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap
- fornyar seg og viser evne til omstilling
- har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing
- styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar

Regjeringa legg desse måla til grunn for den nasjonale kulturpolitikken framover.

Dei overordna kulturpolitiske måla blir nærare utdjupa i 5.1 til 5.10.

5.1 Eit fritt og uavhengig kulturliv

Kulturlivet, frivilligheita og medieoffentlegheita er sjølvstendige byggjesteinar i samfunnet og skal kunne utvikle seg mest mogleg på eigne premisser utan overstyring frå offentlege styresmakter. Det offentlege skal leggje til rette for utvikling og eit mangfald av private og offentlege finansieringskjelder.

Denne meldinga legg til grunn ei brei forståing av omgrepet «kulturliv» som omfattar heile den offentlege og private kultursektoren – frå produksjon, utøving og frivillig kulturliv til formidling, bevaring og forskning.

Prinsippet om armlengds avstand er blitt omtalt som kulturpolitikkenes grunnlov og peikar grunnleggjande sett på den oppfatninga at kunsten må vere fri. Armlengdsprinsippet representerer dermed idealet om kunstnarisk fridom. Prinsippet har samanheng med at demokratiske statar har behov for å hindre at staten som maktorgan utøver press, sensurerer eller skeivfordeler ressursar til kunstnarar. På denne måten dreier prinsippet seg òg om å sikre yringsfridom og eit mangfald av kulturytringar. Armlengdsprinsippet handlar ikkje berre om å sikre ein nødvendig avstand til politiske interesser. Det handlar òg om å sørge for at organiserte interesser ikkje påverkar utøving av det frie kunst- og kulturfaglege skjønnet.

Kunsten kan presentere alternative perspektiv og tenkjemåtar – han har eit anna blikk og kan utfordre det etablerte. Kulturlivet skal få vilkår til å utvikle seg på eigne premisser, ut frå lokalt engasjement og skaparglede hos enkeltmenneske.

Derfor er det nødvendig å verne om den kunstnariske og faglege fridommen til aktørane i kulturlivet.

Samtidig må armlengdsprinsippet vegast opp mot andre legitime omsyn, for eksempel omsynet til at kunst- og kulturtilbodet skal nå flest mogleg. Når det blir formulert generelle politiske føringar overfor kulturverksemder som mottek offentleg støtte, anten det handlar om at dei skal arbeide for å nå ut til ulike publikumsgrupper eller oppfylle mål om kvalitet, understrekar det at kunsten og kulturen har reell innverknad i samfunnet. Det er viktig at det er ein prinsipiell og vedvarande debatt om spenningsforholdet mellom kunstnarisk og kulturfagleg fridom og andre legitime politiske mål. Debatten vil vere særleg aktuell for dei kulturinstitusjonane som ligg direkte under politisk styrte organ, som statlege etatar eller departement, fylkeskommunar og kommunar.

Ein annan føresetnad for fridom og sjølvstende, og for at flest mogleg skal kunne komme til orde og bli lytta til, er å spreie makt i kulturlivet, både geografisk, organisatorisk og økonomisk.

5.2 Mål: Kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet

Norsk kulturliv er mangfaldig og prega av høg aktivitet og vitalitet. Mange kunstnarar og kulturaktørar i Noreg held svært høg kvalitet i arbeidet sitt og er høgt akta på sitt område både nasjonalt og internasjonalt. Departementet har ambisjonar på vegner av norsk kunst- og kulturliv og ønskjer å leggje til rette for at enkeltkunstnarar og kulturinstitusjonar held fram den gode kvalitative utviklinga dei er inne i.

Heider for framifrå arbeid på internasjonalt nivå er likevel ikkje den einaste grunnen til at kvalitet er eit mål for kulturpolitikken, og at kulturlivet heile tida må streve mot høgare kvalitet. I kva grad kunst og kultur får stor verdi for den enkelte og for fellesskapet, er heilt avhengig av kvaliteten på det som blir skapt og presentert. Derfor er det ikkje nok at kulturpolitikken sikrar at det finst produserande miljø og institusjonar i ulike delar av kulturfeltet. At det blir skriva og utgitt bøker, er ingen garanti for at det blir skapt god litteratur som gir innsikt og refleksjon. At det blir laga filmar, garanterer ikkje i seg sjølv for store filmopplevingar. Det er kvaliteten på verka som er avgjerande for den verdien kunsten kan ha i eit samfunn, og kva roller han skal spele i samfunnsutviklinga. Kvalitet er ikkje ein stabil storleik som alle

er samde om, og det gir ofte meir meining å snakke om ulike kvalitetar som blir ulikt vektlagde i ulike kontekstar. Men for at kunsten og kulturen skal spele ei viktig rolle i samfunnsutviklinga også framover, må strev etter kvalitet i alle tydingar vere eit kulturpolitisk mål. Kulturpolitikken må leggje rammer der dette omsynet er sikra på best mogleg vis.

Kvalitet vil og bør alltid vere gjenstand for diskusjonar, om kontekst, formål og relevans. Grunnlaget for å vurdere kunst og kultur kvalitativt er nettopp den vedvarande samtalen om, og dei stadige brytningane mellom, ulike forståingar av kvalitet. Det er i den kritiske samtalen om ulike kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og perspektiv at ulike forståingar av kvalitet etablerer seg og tek form. Det må derfor leggjast til rette for og oppmuntrast til samtalar om kvalitet, relevans og aktualitet i kulturlivet. Ein føresetnad for slike samtalar er sterke fagmiljø som møter publikum. Kvalifisert kunstkritikk har òg mykje å seie for kvalitetsutviklinga.

5.3 Mål: Danning og kritisk refleksjon

Eit demokratisk samfunn med ein open og opplyst offentleg samtale føreset at menneska har kunnskap om og forståing for det samfunnet dei er del av. Dagens informasjonssamfunn stiller store krav til at menneska utviklar kritisk sans og utvidar forståingshorisonten, for å kunne vurdere kjelder, undersøkje kva som er sant og usant, og gjere sjølvstendige val.

Tilgang til og bruk av kunst- og kulturuttrykk kan hjelpe oss å handtere ulike typar informasjon og å sjå samanhengar. Kulturaktivitetar gir skoleing til å delta i det fellesskapet som er ein føresetnad for eit fungerande demokrati. Dei hjelper oss å utvikle både ytringskompetanse innanfor dei kulturuttrykka vi føretrekkjer, og evne og vilje til å møte nye opplevingar og smaks- og uttrykkspreferansar hos andre grupper og enkeltmenneske.

Kulturlivet må vere med på å rettleie folk, fremje kritisk tenking og læring, og streve etter kvalitet og kunnskap i tilfanget av informasjon og kulturelt innhald. For eksempel kan kulturverksemder som arkiv, bibliotek og museum fremje tilitt, autentisitet og relevans. Aktørar i kulturlivet kan utgjere ei positiv kraft, vere ei motvekt mot fragmentering av den offentlege samtalen og medverke til å utløyse teknologiens potensial for å gjere kulturtilbod tilgjengelege for fleire. Kultursektoren er i så måte avgjerande for å bringe menneske med ulik bakgrunn og ulike meiningar

saman i ei felles offentlegheit, der meiningar står mot kvarandre og blir delte på tvers av interesse-motsetningar. Kulturlivet skal vekkje engasjement blant folk og leggje til rette for meiningsbryting og eit mangfald av ytringar. Leseevne og leselest er ein nøkkel til danning og refleksjon. Lesing gir innsikt og oversyn. Gjennom lesing aukar evna til forståing og innleving.

5.4 Mål: Ta vare på og formidle kulturarv

Materielle og immaterielle vitnemål om fortida gir referanserammer og orienteringspunkt for menneske og samfunn i notida. Det er lettare å forklare og forstå samtida når vi kan dokumentere, formidle og lære korleis samfunnet og kulturen har utvikla seg. Kunnskap om fortida gir eit tryggare blikk mot framtida. Arkivinstitusjonane, biblioteka og musea er kulturarvinstitusjonar som samlar inn, tek vare på, gjer tilgjengeleg og formidlar kulturarvmateriale. Samlingane omfattar både publiserte og upubliserte dokument, som brev, avtalar, register, bøker, tidsskrift, fotografi, levande bilete og lydopptak, i tillegg til gjenstandar og bygningar. Samlingane er kjelder til dokumentasjon av hendingar og handlingar, kjelder til forskning og kunnskapsutvikling og kjelder til forståing av nasjonale og lokale kulturarv, historier og identitetar. Dette viser at det er behov for forsvarleg gjenstandsforvaltning, der kunnig vedlikehald og dei rette fysiske vilkåra hindrar at gjenstandar forfell og forvitrar. Kulturarvmaterialet utgjer saman med språk og annan immateriell kulturarv det kollektive samfunnsminnet vårt.

Det er ei viktig oppgåve å verne om den mangfaldige kulturarven vår, vekkje interesse for og formidle kunnskap om kulturarven blant folk og gjere han tilgjengeleg for framtidige generasjonar. Både immateriell og materiell kulturarv er kjelde til identitet og kunnskap med forankring i historia og utgjer mykje av grunnlaget for samfunnsutviklinga. Tradisjonar og gjenstandar er sårbare kjeldegrunnlag som må takast vare på og vernast. Tilgang på dokumenterbar informasjon og autentiske gjenstandar har innverknad på danninga til kvar enkelt, den offentlege samtalen og forståinga av kultur og samfunn. I eit globalt kulturmangfaldsperspektiv blir det tydeleg at styresmaktene har eit ansvar for å føre vidare og utvikle Noregs felles kulturarv som ein del av det globale kulturmangfaldet.

Samtidig som økonomi, politikk, kultur og den offentlege samtalen blir globalisert, ser vi òg ei

stigande interesse for det lokale og det nasjonale. Mange søker mot røtene sine, anten det er å granske si eiga slektshistorie eller fellesskapets historie lokalt, regionalt eller nasjonalt. Det blir stadig viktigare å gjere tilgjengeleg og formidle kulturarven. I dette arbeidet er både dokumentasjon og vern gjennom bruk viktig. Her har bibliotek, arkiv og museum eit særleg viktig oppdrag. Fleire organisasjonar arbeider også for å dokumentere og føre vidare levande immateriell kulturarv. Kunnskapen blir praktisert og ført vidare gjennom kreative uttrykksmåtar som handverk, musikk, dans, mattradisjonar, ritual og munnlege forteljingar. På nasjonalt nivå har Kulturrådet ansvar for å implementere UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven. Den immaterielle kulturarven til urfolk og nasjonale minoritetar i Noreg er eit prioritert område i dette arbeidet.

Ved hjelp av digital teknologi kan kulturarven formidlast og gjerast tilgjengeleg for fleire og gi betre føresetnader for å forstå samfunnet og korleis dagens samfunn blei til. Ikkje minst gir det kvar enkelt høve til sjølv å undersøkje sanningsgehalten i dei forteljingane om kultur og identitet som blir presenterte. Tilgang til historia og kulturarven er ein demokratisk rett. Alle skal derfor ha enkel tilgang til den felles kulturarven, og mest mogleg kulturarvmateriale må bevarast og gjerast allment tilgjengeleg for framtida.

5.5 Mål: Relevans og representativitet

Omgrepet mangfald rommar dimensjonar som sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjons-evne, religion, legning og alder. For å engasjere breiare lag av befolkninga er det nødvendig med representativitet i alle delar av kulturlivet og eit relevant og aktuelt kulturtilbod av høg kvalitet. Det skal leggjast til rette for skaparmangfald, innhaldsmangfald og brukarmangfald ved å sørge for at eit spekter av ulike stemmer kjem til uttrykk. Dette kan gi høgare kvalitet, variasjon i innhald, og bidra til at alle publikumsgrupper får eit tilbod.

Det trengst eit mangfald av kulturelle ytringar, inkludert forteljingar og kunstnariske uttrykk, med variasjon i tematikk og sjanger. Det bør vere demografisk variasjon blant publikum og blant kulturaktørar på profesjonelt nivå og amatørnivå. Kulturlivet må medverke til å skape og halde oppe ei open og mangfaldig offentlegheit og gi enkeltpersonar og grupper høve til å ta del i denne offentlegeita.

Ønsket om å sikre lokal, regional og nasjonal kultur står ikkje i noko motsetningsforhold til eit ønske om å ta del i den globale kulturutvekslinga. Nasjonale og lokale kunst- og kulturuttryksformer inngår i ein global samanheng, og slike samband er verdifulle kjelder til å utvikle det norske kulturlivet og samfunnet.

Ein kulturnasjon må ta vare på kulturarven sin, ikkje som ein einskapleg og konstant storleik, men som noko som alltid er i vekst i takt med at samfunnet og befolkninga endrar seg. Dette er ei oppbyggingsoppgåve som aldri kan ferdigstillast, ein dynamisk prosess med stadig utviding av mangfaldet av uttryksformer i kulturlivet.

Alle skal kunne utøve og utvikle eigne kulturuttrykk og delta i og påverke kulturlivet. Menneske flyttar på seg og har med seg historier, tradisjonar og verdiar som speglar kven dei er. I tida framover vil det vere avgjerande å lykkast med inkludering. Uavhengig av kvifor menneske flyttar til Noreg, eller flyttar på seg i Noreg, må målet vere at dei kjenner seg heime i det samfunnet dei blir ein del av. Her spelar kulturlivet ei sentral rolle, fordi kultur handlar om identitet, og fordi kultur er ein arena for felles opplevingar.

5.6 Mål: Tilgjenge og deltaking

Kulturlivet skal gi flest mogleg høve til å delta og utfalde seg. Alle skal få sjansen til å ta del i kulturaktivitetar og kunne oppleve for eksempel dans, musikk, litteratur, teater, filmar og seriar, biletkunst, litteratur og dataspel. Og alle skal ha enkel tilgang til kulturarven.

For å kunne realisere visjonen om at alle har rett til kultur, må kunst- og kulturuttrykk spreiaast til fleire, og befolkninga må kunne ta del i kulturlivet på nye måtar. Kulturgoda skal vere tilgjengelege for alle grupper i befolkninga, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, alder, kjønn og funksjonsevne. Dette vil ikkje seie at alle typar grupper skal vere brukarar av alle typar kulturtilbod, men alle skal ha eit likeverdig kulturtilbod.

For å hindre kulturelt utanforskap er det nødvendig med aktivt arbeid for å få folk til å oppsøkje kunst og kultur. Kulturlivet må ta i bruk nye metodar for å realisere eit uforløyst potensial for kulturbruk og kulturdeltaking i befolkninga. Eitt aspekt ved dette er å utnytte teknologien til å spreie kunst og kultur på nye måtar. Eit anna er å byggje bru mellom analoge og digitale kulturuttrykk, slik at digital kulturbruk kan føre til auka bruk av all kultur.

Det vil vere viktig å stimulere til auka interesse for og deltaking i kulturtilbodet fram-

over. Kulturlivet skal medverke til dette med strategiar for å auke eigenaktiviteten og kulturbruken. Det handlar dels om å vektleggje eigenaktivitet og publikumsretta aktivitetar, dels om tiltak for å inkludere grupper som elles i liten grad bruker tilboda.

Den kulturelle skulesekken er eksempel på ein god arena for å trene kulturbruk og understøtte refleksjon og identitetsbygging. Eit anna eksempel er det frivillige kulturlivet, som fremjar deltaking og eigenaktivitet.

Barn og unge er ei viktig målgruppe, både som publikum og som aktive deltakarar, men òg fordi dei kjem til å bli publikum, kulturprodusentar og kunstnarar i framtida. Barn og unge har rett til å delta i kunst- og kulturlivet og skal kunne oppleve og skape kultur på eigne premisser. Dei skal få møte det beste kunst- og kulturlivet har å tilby, dei skal ha tilgang til kunst og kultur som dei opplever som relevant, og som kan gi dei grunnleggjande kulturelle referansar, læring og glede.

Unge skal ha høve til å skape si eiga frivillighet og organisere sin eigen ungdomskultur. Barn og unge må få sterkare eigarskap til dei kulturelle fellesskapsarenaene i samfunnet.

5.7 Mål: Møteplassar og fellesskap

Kulturlivet skal fremje møte mellom menneske ved å utvikle og forsterke kulturarenaene som inkluderingsarenaer. Det skal leggjast til rette for opplevingar som skaper felles referansar og byggjer solide fellesskap.

Det er nødvendig å tenkje nytt om framtidige møteplassar for å understøtte eller skape samhald. Potensialet i den eksisterande fysiske infrastrukturen i kulturlivet må utnyttast, blant anna ved å leggje til rette for fysiske arenaer og møteplassar som er inkluderande og gir rom for mangfald og demokratisk deltaking. Arenaer for kultur er ikkje berre dei store kulturbygga, det er øvingsrom, atelier, produksjonslokale, dansstudio, folkebibliotek, museum, små og store lokale scener, kultur-skulelokale, skular, fritidsklubbar, samfunnshus, kyrkjer og mykje meir. Det er behov for ein god fysisk infrastruktur for kulturutøving og -formidling som er eigna til formålet med tanke på storleik, akustikk og tilgang.

Den teknologiske utviklinga har opna for ulike digitale møteplassar og kanalar for ytring og meningsutveksling. Fysiske møteplassar er framleis viktige for å skape samhald og gode lokalsamfunn. Digitaliseringa kan forsterke behovet for relevante arenaer for deltaking og gi nytt innhald

til dei fysiske møteplassane. Eit eksempel er utøvarar av dataspel, som òg kan ha behov for stader å møtast fysisk.

5.8 Mål: Fornyning og omstilling

Kulturlivet skal fremje innovasjon og kunstnarisk risiko og utnytte moglegheiter som følgjer av teknologisk utvikling. Innovasjon og kreativitet på kulturfeltet handlar både om kunstnarisk nyskaping og om for eksempel uttesting av nye forretningsmodellar og distribusjonsformer.

Kunst og andre kulturytringar må stadig utviklast slik at dei er relevante for innbyggjarane og kan gjere tilværet rikare. Det er viktig å understøtte dei kunstmiljøa som tør å eksperimentere og ta i bruk ny teknologi i kunsten.

Personar som tek i bruk dei kunstnariske evnene sine, løyser komplekse problem lettare enn andre, og dei som opplever kunst i ung alder, er meir innovative i andre samanhengar seinare i livet. Kunnskapsdeling mellom kunstnarar og teknologar kan styrkje generell innovasjonsevne i samfunnet, der digitalisert materiale fungerer som «innovasjonsråvarer» for utvikling av nye forretningsidear og konsept.

Det skal leggjast til rette for forskning og kunnskapsutvikling for å bidra til god oppgåveløysing i sektoren, i forvaltninga og som grunnlag for politikkutvikling. Forskings- og kunnskapsproduksjon er eit sjølvstendig gode og ein føresetnad for å nå dei kulturpolitiske måla. Det er behov for kunnskapsutvikling og innovasjon i sektorane (jf. Forskningsrådets strategi for innovasjon i offentleg sektor¹).

5.9 Mål: Internasjonal gjennomslagskraft og interkulturell forståing

Globalisering, digitalisering og auka mobilitet gjer at kunst- og kulturuttrykk ikkje er avgrensa av landegrensar på same måte som tidlegare. Kunst blir konsumert og produsert uavhengig av landegrensar, og kunstnarar inngår i større fagfellesskap som strekkjer seg over grensene. Jo meir kunsten blir delt, desto meir kan han bidra til rike opplevingar og samfunnsutvikling. Kultur kan bringe folk nærmare kvarandre og vere med på å styrkje internasjonale relasjonar.

¹ Noregs forskingsråd (2018). *Innovasjon i offentlig sektor. Forskningsrådets strategi 2018–2023*.

Internasjonaliseringa på kunst- og kulturområdet har fleire formål. For det første gir kunstnarisk og kulturell utveksling høgare kompetanse i seg sjølv, det kan gjere norsk kulturliv meir profesjonelt og aktuelt og føre til læring og høgare kvalitet. Internasjonalisering kan òg auke eksport og import, medverke til økonomisk vekst, kulturutveksling og kreativ næring, og samtidig styrkje Noregs omdømme internasjonalt, gjere Noreg synleg utanrikspolitisk, og ha verknad for breie norske interesser og verdiar. Og kulturlivet kan vere ein inkluderande arena der kulturuttrykk blir utvikla i møte med impulsar utanfrå.

Det skal framleis leggjast til rette for naturleg mobilitet, nettverk og samarbeid ut over Noregs grenser på kunst- og kulturfeltet. Store institusjonar, verksemdar og organ med eit nasjonalt mandat har eit særleg ansvar for kulturutveksling internasjonalt. Også i framtida må det vere høge ambisjonar om å vise fram det beste av kunst og kultur frå Noreg i utlandet, både for å betre kultursektorens posisjon på den internasjonale marknaden og for å leggje til rette for internasjonalt kultursamarbeid. Dette byggjer opp sjølvtilitt, utvidar nettverk og gir til sjuande og sist også kunsten større verdi.

Det er nødvendig å leggje til rette for å auke eksporten av kunst og kultur frå Noreg, blant anna for å generere inntekter tilbake til norsk kulturliv og kunstproduksjon. Kultureksport og internasjonalt kultursamarbeid handlar om alle kulturuttrykk og alle typar kulturaktørar, og det gjeld både å løfte fram nye stemmer og å ta vare på dei etablerte.

Det er òg behov for at kunst- og kulturuttrykk frå heile verda når kulturlivet og publikum i Noreg, både for å utvide tilbodet, gi publikum rikare opplevingar, og for å utfordre og inspirere norske kunstnarar og kulturaktørar.

5.10 Mål: Språk som kulturberar

Alle språk formidlar, uttrykkjer og ber på kultur, historie og identitet. Det norske samfunnet har alltid vore fleirspråkleg, med både samisk, nasjonale minoritetsspråk, norsk teiknspråk, eit stort dialektmangfald og nyare minoritetsspråk. Det er òg ein rikdom å ha to norske skriftkulturar – bokmål og nynorsk.

Dei siste åra har fleirspråklegheit blitt eit meir gjennomgripande trekk ved det norske samfunnet, særleg på individnivå. Noreg har eit ansvar for å verne og styrkje samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka. Alle borgarar, utan omsyn

til språkleg bakgrunn, har ein uomtvisteleg rett til å dyrke og bruke morsmålet sitt. Det gjeld både å medverke til språkmangfaldet i verda og å ta vare på den språklege kulturarven i vårt eige land. Fleirspråkleg kompetanse hos den enkelte er ein kognitiv fordel, og gir godt utdanna og kulturelt kompetente borgarar.

I dagens fleirkulturelle og fleirspråklege Noreg må det likevel somme gonger skiljast mellom det nasjonale fellesspråket og morsmåla. Fellesspråket er det språket lovene våre er skrivne på.

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å sikre posisjonen til norsk som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg. Det inneber at vi skal kunne bruke norsk på alle samfunnsområde og i alle samanhengar. Som kultur nasjon har vi plikt til å ta vare på det norske språket. Norsk er hovudspråket i Noreg, og alle som bur i Noreg, vil i ein eller fleire samanhengar vere avhengige av å bruke norsk. På den måten er språket ein fellesarena for demokratiet og ein føresetnad for deltaking. For å fungere i samfunnet er det nødvendig å meistre norsk.

Som dei fleste andre nasjonale fellesspråk er også norsk under sterkt press på mange samfunnsområde. For dei fleste unge er engelsk ein del av kvardagen, noko som blant anna blir forsterka av teknologiutviklinga og nye, digitale kultur- og medievanar. Barn heilt ned i treårsalderen møter eit variert engelskspråkleg tilbod når dei ser filmklipp på internett, spelar spel og så vidare. På universitet og høgskular og i arbeidslivet ser vi at engelsk blir stadig meir brukt som undervisnings- og arbeidsspråk. Vi må ikkje ta det norske språket for gitt. Det er ikkje fleirspråklegheit dersom eit av verdas største språk fortrengr eit lite språk. Ettersom språk er berar av kultur, vil også fleire norske kulturuttrykk få dårlegare kår dersom norsk språk forvitrar.

Det er behov for eit rikt og lett tilgjengeleg norskspråkleg kultur- og medietilbod med gode språklege førebilete, slik at det norskspråklege tilbodet vil bli valt i konkurranse med det engelskspråklege. Det er ønskjeleg å stimulere til brei produksjon og bruk av blant anna litteratur, musikk og audiovisuelle produkt på norsk. Dette er med på å auke tilfanget av kultur- og medieinnhald på norsk og leggje til rette for norskspråkleg kulturinnhald av høg kvalitet. Den skriffesta kulturarven blir forvalta av institusjonar som Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Språkrådet.

Språkdimensjonen ved kulturpolitikken styrker argumentasjonen om at kultur er ein sentral

del av infrastrukturen i eit samfunn. Derfor er språkdimensjonen ikkje berre ein del av kulturpolitikken. For å sikre norsk som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg er språkpolitikken sektorovergripande. Det vil seie at alle departementa må ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører eigen sektorpolitikk. Ved å medverke til ei offentlegheit der fellesspråket er norsk, opnar ein for brei medverknad og deltaking.

Norsk er eit vitalt og ikkje-truga språk. Likevel er domenetapet for norsk godt dokumentert. I samfunnssektorar som er prega av internasjonalsisering, for eksempel i universitets- og høgskulesektoren, skjer det ein sterk overgang til bruk av engelsk både i formidling, undervisning og forskning. Tap av funksjon eller tap av prestisje for eit språk er første steg mot eit mogleg språkskifte frå norsk til engelsk innanfor visse sektorar. Både bokmål og nynorsk er under press frå engelsk. I tillegg er nynorsk på ulike måtar under press frå bokmål.

Det er behov for ein overordna og aktiv språkpolitikk som balanserer maktforholda mellom ulike språklege hegemoni. I nokon grad kan ein overordna strategi gjelde alle språka generelt, i andre samanhengar er det viktig å målrette tiltak overfor kvart enkelt språk.

Noreg har eit særleg ansvar for samiske språk. Samisk er verna i Grunnlova og i samelova, men sjølv om den formelle statusen til samiske språk er på plass, er samiske språk i røynda trua. Minoritetsspråkpakta slår fast at vern om dei historiske region- eller minoritetsspråka i Europa er med på å halde oppe og utvikle kulturell rikdom og tradisjonar i Europa. I tillegg til samisk har Noreg ansvaret for dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes.

Kvensk er ein viktig del av den felles kulturarven vår. Språket er i dag i ein kritisk situasjon, og språkarbeidet må styrkjast. Regjeringa har lagt fram *Målrettet plan for kvensk 2017–2021*, som skal leggje til rette for at kvensk framleis skal vere eit levande språk.

Norsk teiknspråk er eit fullverdig språk. Det er eit genuint norsk språk, ein viktig kulturberar og ein del av det språklege mangfaldet i landet. Utan tilgang til teiknspråk blir mange teiknspråkbrukarar dessutan avskorne frå å delta aktivt i samfunnet, i kulturlivet og på mange fellesarenaer for livsutfalding.

Å verne og styrkje dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk inngår som ein del av den heilskaplege språkpolitikken.



Figur 6.1

6 Kunstpolitikk

6.1 Eit vitalt kunstliv i utvikling

Kunsten tilbyr menneska oppleving og erkjening. Ulike uttrykk, sjangrar, kunstsyn og tradisjonar må få rom til å brytast mot kvarandre for å sikre kunstnarisk utvikling. Dette er sentralt for nyskaping og innovasjon og for at kunsten kan halde fram med å overraske og kritisere. Kunstpolitikken må derfor leggje til rette for både stabilitet, fleksibilitet og fornying på alle kunstfelt.

For å sikre kunstens plass som eit gode i samfunnet må det leggjast til rette for produksjon, formidling og tilgjenge over heile landet. For at samfunnet til kvar tid skal ha eit rikt, mangfaldig og vitalt kunstliv, trengst det verkemiddel som søkbare tilskotsordningar, føreseieleg forvaltning og ein stabil infrastruktur av institusjonar for produksjon og visning.

Stipend og produksjonsmidlar til kunstnarar er sentrale verkemiddel for at kunstnarar innanfor alle kunstfelt skal få høve til å utvikle kunsten og virket sitt. Søkbare midlar for kunstnarar er avgjerande for utvikling av nye uttrykk og stemmer og for vidareutvikling av dei meir erfarne kunstnar-skapa. Det er eit grunnleggjande prinsipp at offentlig støtte til kunstnarskap må forvaltast på arm-lengds avstand frå politiske vurderingar og korporative interesser. Slike avgjerder må takast på bakgrunn av kunstfaglege vurderingar som er gjorde av kollegiale organ etter prinsippet om fagfelle-vurdering. For at kunsten skal møte publikum, trengst det òg verkemiddel for å bidra til formidling og distribusjon.

Stabile rammevilkår for profesjonelle arrangørar og visningsstader over heile landet sikrar eit breitt og mangfaldig tilbod uavhengig av kvar ein bur. Ein infrastruktur av profesjonelle institusjonar som både skaper og formidlar kunst, er med på å gi publikum tilgang til kunstopplevingar og profesjonelle kunstmiljø over heile landet.

Kunstfelte er ulike, og det er stor forskjell på kor tilgjengelege ulike uttrykk er. Det er ei utfordring at mykje av det kunstnarane skaper, blir vist for få gonger og når eit avgrensa publikum, utan

at det kjem av den kunstnariske kvaliteten på produksjonane. Samla sett blir det laga mykje og mangfaldig kunst, men for lite av dette kjem publikum i heile landet til gode. Det er eit mål at meir av den kunsten som blir skapt på alle kunstområda, når eit større publikum.

Samspelet mellom det profesjonelle kunstlivet og det frivillige kulturlivet er mangfaldig. Det er ei rekkje aktørar i kulturlivets infrastruktur, det vere seg kunstnarar, instruktørar, dirigentar, lærarar, arrangørar, management, kulturjournalistar, publikum, kulturskular, øvingslokale, kulturhus og andre. Det er tett samspel og utstrekt samarbeid, og profesjonelle kunstnarar har mykje å seie for det frivillige kulturlivet. Det frivillige kulturlivet er på si side ein viktig arena for talentutvikling for det profesjonelle kunstlivet, og det utgjør òg eit viktig publikumsgrunnlag.

For å sikre ei vital utvikling av det norske kunstfeltet også i framtida må det leggjast til rette for både stabilitet, fleksibilitet og fornying på alle kunstfelt. Utviklinga av kunstuttrykk skjer i tråd med samfunnsutviklinga og i stadig større grad på tvers av sjangrar. Parallelt ser vi at det på nokre kunstområde har etablert seg eit forvaltningsmessig og retorisk skilje mellom institusjonar og det såkalla frie feltet. Mens institusjonar på dei ulike kunstområda, det vere seg kunstmuseum, orkester eller teater, tradisjonelt er blitt forvalta med løyvingar direkte frå eigen post på Kulturdepartementets budsjett, er det Norsk kulturråds tilskotsordningar som har vore den viktigaste finansielle føresetnaden for aktørane utan fast institusjonstil-knytning. Det vil framover vere behov for å sjå nærmare på dynamikken mellom desse to forvaltningsstrukturane, og dei ulike kunstområda bør i større grad sjåast under eitt.

Det trengst meir kunnskap om samspelet mellom stabil infrastruktur og nye produksjonar, utvikling av nye kunstnarskap og nye grupperingar utanfor dei faste institusjonane, og korleis dei samla ressursane helst bør utnyttast til beste både for kunstlivet og for publikum.

6.2 Kunstnarpolitikken

Kunstnarar er innhaldsleverandørane i kulturlivet. Deira kunstpraksis, uttrykksmåtar og syn på verda er heilt avgjerande for kva retning kunst- og kulturlivet utviklar seg i. Når kunstnarar utviklar kunstnarskapet sitt og fornyar sjangrar, kan dette ha ein vitaliserande innverknad på samfunnet elles. Ein godt innretta kunstnarpolitikk er ei investering i den nyskapinga som er nødvendig for at vi skal etablere nye jobbar og finne nye løysingar framover.

I Noreg er det framleis svært stabile forhold når det gjeld tilknytning til arbeidslivet. Enkelte meiner at arbeidslivet i framtida vil gå i retning av fleire kortvarige tilsetjingar og oppdrag og fleire frilansarar og småskalabedrifter. I framtida vil arbeidslivet altså kunne bli meir likt den måten kunstnarar i dag arbeider på. Kunstnarane sine behov for enklare rammevilkår og betre sosiale rettar er med andre ord behov som vil kunne gjelde langt fleire i framtida.

Noreg har relativt mange kunstnarar som driv profesjonell skapande verksemd. Tilfanget av kunst- og kulturarbeidarar ser ut til å auke i takt med eit breiare utdanningstilbod. For dei fleste kunstnarar er det likevel vanskeleg å livnære seg av inntekter frå kunstnarisk virke. *Kunstnerøkonomiutredningen 2015* viser at det har vore ein nedgang i inntektene frå kunstnarisk virke i perioden 2006 til 2013, men ein auke i inntektene frå kunstnarisk relatert arbeid. Statens verkemiddel for kunstnarøkonomien har tradisjonelt retta seg mest mot produksjon av kunst. *Kulturutredningen 2014* peikar på at fleire kunstnarar må kunne fun-

gere kommersielt, og departementet har dei siste åra sett i verk fleire tiltak for at kunstnarar skal kunne få meir inntekter frå det kunstnariske virket sitt.

6.3 Prioriteringar og vidare oppfølging

- Forenkje og styrkje rammevilkåra og dei sosiale rettane til sjølvstendig næringsdrivande kunstnarar
- Leggje til rette for auka framsyning av kunst, blant anna gjennom å gjere ein strategisk gjennomgang av scenekunstheltet
- Vurdere verkemiddel som stimulerer til meir samspel mellom profesjonelle kunstnarar og det frivillige kulturlivet
- Leggje fram ei kunstnarmelding som skal
 - sjå nærmare på forholdet mellom dagens kunstnarpraksis og statlege ordningar
 - undersøkje korleis kunstnarar kan auke dei kunstnariske inntektene sine
 - vurdere om statlege verkemiddel for kunstnarøkonomien treffer dagens kunstnarpraksis
 - bidra til at verkemidla fremjar kvalitet, fleksibilitet, mangfald og nye røyster og kunstuttrykk, samtidig som meir etablerte kunstnarar blir sikra eit godt grunnlag for å utvikle seg
 - leggje til rette for kunstuttrykk som går på tvers av sjangrar
 - undersøkje korleis kunstnarar kan medverke til samfunnsutviklinga og i næringslivet elles, og i kva grad dei gjer dette i dag



Figur 7.1

7 Digitale moglegheiter

7.1 Teknologi, tilgang og deltaking

Teknologien gir oss høve til å spreie kunst og kultur til folk på stadig nye måtar. Dette er med på å opne ei ny verd for mange, og det ligg ei demokratisk kraft i dette dersom teknologien blir brukt rett. Då kan den digitale teknologien vere inkluderande og moderniserande. Bruk av ny teknologi og digitale tenester gir kultur- og medieaktørar nye, miljøvennlege moglegheiter for å produsere, distribuere, formidle og ta vare på informasjon og kulturelle uttrykk. Samtidig blir terskelen for ytring, deltaking og interaksjon lågare. Dette er demokrati i praksis.

Nordmenn ligg i forkant når det gjeld bruk av ny teknologi, og vi bruker stadig meir tid på digitale plattformer. Digitale plattformer fungerer som virtuelle møteplassar der vi uttrykkjer oss, utvekslar idear og erfaringar, og les, høyrer og engasjerer oss i ulike typar innhald. I den virtuelle røynda blir grensene mellom land og mellom produsent og konsument viska ut. Der produksjon tidlegare var berre for dei få, gjer teknologien no at dei aller fleste er i stand til å produsere innhald og spreie det på digitale plattformer. Kunstnariske og kulturelle uttrykksformer i grensesnittet mellom kultur og digitalisering er i vekst, og ny teknologi blir no nytta til å nå ut til publikum på nye måtar og leggje til rette for kreative initiativ og nye idear. Digitalisert materiale kan òg vere råvarer for utvikling av nye forretningsidear og konsept.

Nokre av dagens format og plattformer vil bli erstatta av nye, slik det alltid har vore opp gjennom historia. Då internett blei allemannseige, representerte det heilt nye måtar å skaffe seg og bruke musikk på – men det blei òg vanskelegare for rettshavarane å kontrollere spreinga, og mange nytta derfor ulovlege tilbod. Utvikling av gode lovlege løysingar spelte ei nøkkelrolle for å snu dette, slik at ein igjen kunne sjå ei positiv utvikling i inntekter frå innspelt musikk.

Boks 7.1 KULMEDIA

Digitalisering er eit av hovudtemaa i Forskringsrådets program KULMEDIA i perioden 2014–2018. Formålet har vore å få fram ny forskingsbasert kunnskap av høg kvalitet om kulturlivet og media, med relevans for politikktvikling og forvaltning og for aktørane på dei respektive felt. Forskringsprogrammet er fullfinansiert av Kulturdepartementet med om lag 83 mill. kroner. Forsking og bygging av fagmiljø er langsiktig arbeid. Departementet har derfor bede Forskringsrådet om å føre vidare satsinga i ein ny femårsperiode frå 2019. Digitalisering og kva følgjer det har for kultursektoren og mediesektoren, vil framleis vere eit prioritert tema i programmet.

7.2 Digital kunstproduksjon

Kunst og synet på kunst er i stadig utvikling. Kunstnarar eksperimenterer med nye plattformer for å utforske og utvikle dei komplekse samanhengane mellom kunst, teknologi og samfunn på nye måtar. Det er viktig å støtte opp om kunstnariske miljø som eksperimenterer med og tek i bruk ny teknologi i kunsten. Slik kan kunstnarane medverke til å føre teknologien vidare og identifisere nye moglegheiter.

Nye digitale kunst- og kulturuttrykk kan vere kostnadskrevjande og føresetje samarbeid med fagmiljø som forventar høg avkastning. For at kulturfeltet skal kunne vere ein innovator i utviklinga av digitale kunst- og kulturopplevingar, trengst det nye verkemiddel som stimulerer til samarbeid mellom kompetansmiljø. Eit framståande kompetansmiljø for utvikling av nye digitale kunst- og kulturuttrykk føreset at det finst ein underskog av uetablerte kunst- og kulturarbeidarar, og dessutan små og mellomstore institusjonar som har tilgang til teknologi og produksjonsmoglegheiter. Etablering av tverrfaglege fagmiljø og skaparverksta-

Boks 7.2 Notam og Bergen senter for elektronisk kunst

Notam er eit nasjonalt ressurscenter for utvikling og nyskapande bruk av teknologi i musikk og kunst. Med brei kompetanse frå programmering og fysiske installasjonar til komposisjon og robotikk skreddarsyr Notam teknologiske løysingar til ulike og transdisiplinære kunstverk. Notam er òg ein internasjonal aktør innan forskning, utvikling og formidling av kunnskap knytt til kunst og ny teknologi. Notam held ulike kurs for kunstnarar og akademikarar, og byggjer kontinuerleg ut kompetansen sin og nettverket sitt for å vere eit transdisiplinært laboratorium for kunstnarar, forskarar, næringsliv, teknologar og publikum innan framtidige kunstuttrykk.

Bergen senter for elektronisk kunst (BEK) er eit ressurscenter og eit laboratorium for arbeid med kunst og teknologi. Gjennom arbeidet sitt fremjar og aukar BEK forståinga for kunst og digital teknologi. Senteret ser seg som eit bindeledd mellom kultur og publikum, men òg mellom kultur og næringsliv. BEK inngår partnerskap med kunstnarar for produksjon, og med galleri, festivalar og kulturdistributørar for visning. BEK arbeider lokalt, men har stort nedslagsfelt også nasjonalt og internasjonalt gjennom ei rekkje kunstnariske samarbeids- og utviklingsprosjekt.

der/folkeverkstader¹ er såleis viktige initiativ for å fremje innovasjon. Tverrfagleg orienterte kunstlaboratorium som Notam og BEK har hatt ei viktig rolle som nasjonale ressurscenter for å tenkje og produsere nye kunstuttrykk.

Det er viktig å gi rom for og oppmuntre til å ta i bruk nye kunstnariske uttrykksformer. Kulturlivet må stadig vere i utvikling for å utnytte moglegheitene digitaliseringa gir når det gjeld å sleppe til nye stemmer.

¹ Skaparverkstader/folkeverkstader blir oftast omtalte som «makerspaces». Det er møteplassar der kunstnarar, gründerar, teknologar og andre møtest for å skape, dele erfaringar og kunnskap og utveksle idear. Skaparverkstader/folkeverkstader er dynamiske og blir forma og forandra etter dei personane som deltek, og behova som finst og oppstår. Ofte fokuserer slike verkstader i stor grad på teknologi.

7.3 Digital formidling

Digital distribusjon av kunst og kultur blir teke stadig meir i bruk, både i heimen og på fellesarenaer. Teknologi og digitale verktøy kan vere med på å forsterke opplevingar og spreie kunst og kultur til fleire. Mykje tyder på at kulturbruken aukar i takt med auka digital tilgjengeleggjing. Vi høyrer på meir musikk og ser fleire filmar og seriar i dag enn då innhaldet berre var tilgjengeleg som fysiske produkt. Eit meir tilgjengeleg kulturtilbod og auka bruk av tilbodet kan òg gjere det enklare å rekruttere nye målgrupper. Vi må utnytte moglegheitene som ligg i teknologien, slik at digitalt formidla kunst og kultur ikkje mistar viktige kvaliteter i prosessen, men heller får tilført nye kvaliteter.

Noreg og Norden har eit godt organisert kunst- og kulturliv og lang erfaring med ulike former for kollektivt forvalta rettar og vederlagsordningar. Det er avgjerande å utvikle avtaleverk og system slik at digital formidling av kunst- og kunstuttrykk sikrar omsynet til opphavsretten, sikrar vern mot misbruk og genererer inntekter for kunstnarar og andre rettshavarar.

Kultur- og medieaktørar møter i aukande grad publikum på virtuelle flater i tillegg til i fysiske format. I særleg grad gjeld dette formidling til barn og unge, fordi dei i stor grad orienterer seg og oppsøker kulturopplevingar i digitale medium. Det krev innovasjon og nytenking med omsyn til korleis aktørane når fram til publikum.

Digitalt kulturkonsum fører blant anna til at publikum i aukande grad blir rådgivarar for kvarandre i bruk av kunst og kultur. I digitale kanalar er det ikkje lenger berre redaktørar eller kinosjefar som styrer kva innhald publikum får tilgang på og vel å lese, sjå eller lytte til. Delvis blir publikums val påverka av algoritmar som er kalkulererte slik at dei foreslår innhald på bakgrunn av tildelbare bruk. Delvis lyttar ein til tips frå venner og familie. Denne utviklinga kan stimulere til auka interesse for kunst og kultur, men ho kan òg utfordre den rolla kunstnarar og kulturinstitusjonar har som kuratorar og publikumsrettleiarar basert på kunstnarisk og kulturfagleg skjønn. Vi treng kunst- og kulturinstitusjonar som rettleier og opplyser publikum i kraft av den kompetansen, kunnskapen og innsikta dei har bygd opp. Om institusjonane og personar med kunstkompetanse framleis skal ha ei slik rolle, blir det viktigare at dei er til stades der publikum er. Tilgang til kunnskap og kultur medfører ikkje nødvendigvis at folk tek i bruk kunnskapen. Å formidle og arbeide aktivt for at kulturlivet skal vere relevant, og å få folk til å

Boks 7.3 Applaus

Kulturdepartementet har gitt tilskot til det norske digitale teateret «Applaus – scenekunst på nett». Dette er eit pilotprosjekt for scenekunst på nett som vil tilby profesjonelle teaterframvisningar digitalt til barn og unge på skular og andre institusjonar. Applaus er inspirert av engelske Digitaltheatre og deira plattform for formidling av skuleframvisningar.

Selskapet eig i dag si eiga nettside for strøyming. Ein app er under utvikling, og den første produksjonen er klar. Den digitale plattformen er utvikla med midlar frå Sparebankstiftelsen, Stiftelsen Scheibler, Bergesenstiftelsen og Fritt Ord.

Riksteatret og Det Norske Teatret har medverka med om lag ti prosent av totalkostnadene ved den enkelte produksjonen.

oppsøkje kunst og kultur, vil vere ei særleg viktig oppgåve for kultursektoren framover. Eit eksempel er kuratering av innhald i digitale kanalar, for eksempel spelelister i strøymetenester for musikk. Det kan òg handle om å vere til stades med kulturkunnskap i sosiale medium. Digitalisering har medført nye moglegheiter for publikumssinnsikt. Der innsikta tidlegare var avgrensa til salstal for bøker og cd-ar, veit vi no meir om kva som faktisk blir lese og lytta til. Denne innsikta bør brukast systematisk og strategisk for å auke interessa og deltakinga.

Digital teknologi kan òg brukast som inngangar til «analoge» kunstoplevingar som teater og museum og vekke interesse og nyfiken hos nye publikumsgrupper. Scenekunstproduksjonar som blir filma og lagde til rette for nye medium, kan distribuerast digitalt og dermed gjerast tilgjengelege for eit stort publikum over heile landet.

Utviklinga av nye teknologiske løysingar må komme heile kulturfeltet til gode, også der målet er å nå fleire med kulturtilbodet og ikkje utvikling av nye forretningsmodellar. Ei utfordring ved utviklinga av digitale modellar for distribusjon og formidling av kunst er manglande samordning og koordinering. Utvikling av digitale formidlingsmodellar krev samarbeid på tvers av sektorar og kompetansemiljø. Det trengst verkemiddel som opnar for ambisjuse satsingar og innovative forsøk. For å utnytte moglegheitene som digitalise-

ringa gir, må det leggjast til rette for samarbeid og kompetansedeling, innovasjon og nyskaping.

7.4 Digitalisering og tilgjengeleggjering av kulturarv

Kulturarvmaterialet som blir forvalta av arkiv, bibliotek og museum, er eit viktig grunnlag for dagens samfunn, fordi desse institusjonane er berarar og forvaltarar av felles kultur og historie. Det er derfor ei prioritert oppgåve å sikre at mest mogleg av dette materialet blir bevart og gjort allment tilgjengeleg for framtida. På museumsområdet har eit større reformarbeid, den såkalla museumsreforma, medverka til å danne fagleg solide museumseiningar som er godt i stand til å ta i bruk digital teknologi i arbeidet med bevaring, formidling og forskning innanfor ansvarsområda til musea. Mykje arbeid er gjort for å digitalisere samlingar, og dette vil framleis vere eit satsingsområde for museumspolitikken i tida som kjem. Ved å ta i bruk digital teknologi kan ein gjere felles kulturarv og kunnskap om kulturarven tilgjengeleg for fleire. Potensialet for å spreie kulturarv er større i digitale format enn i fysiske, analoge format (gjenstandar, bøker osv.). Eit eksempel er Digitalarkivet, som er ein nettportal for digitaliserte arkiv i Arkivverket. I samarbeid med andre aktørar i arkivsektoren, vidareutviklar Arkivverket Digitalarkivet til å bli ein nasjonal, felles portal for publisering av arkiv. Målet med prosjektet er at alle brukarar skal kunne søkje og hente fram digitalt innhald i statlege, kommunale og private arkiv frå alle delar av landet.

Bruk av digitale løysingar gjer det mogleg å sjå for seg at alle kan få tilgang til det same kunnskapsgrunnlaget, noko som støttar opp om eit viktig demokratisk prinsipp. Digitale løysingar vil i tillegg kunne gi betre tilgang på informasjon og kulturarv som grunnlag for forskning, undervisning, innovasjon og produktutvikling. Det er nødvendig at rettane til dei som har skapt materialet eller investert i produksjonen, bli sikra på ein god måte, jf. omtale under 8.3.

Arbeidet med digitalisering og tilgjengeleggjering av innhald frå samlingane har halde på sidan tidleg i 1990-åra. Analoge fotografi og papirbaserte dokument blir skanna og transkriberte. Mengda av foto og dokument gjer at dette er eit langsiktig arbeid. For å ta vare på audiovisuell kulturarv krevst det digitalisering av analoge lydopptak og film lagra på medium som ikkje er eigna for langtidslagring. Framveksten av digitale plattformer har medført ein enorm auke i tilgangen på

Boks 7.4 Kulturarvformidling i Den kulturelle skulesekken

I 2016 vann Borgarsyssel Museum Norges museumsforbunds pris for årets beste formidlingsidé, Borgcraft, der barn og unge får gjen-skape den tapte mellomalderbyen Borg i data-spillet Minecraft. Saman med Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken har dei utvikla ein heilt ny måte å oppleve museum på. Gjennom ei AR-brille (augmented reality) kan dei gå inn i eit kulturminne slik det såg ut for 900 år sidan. Der inne kan dei interagere med for eksempel ei mellomalderkyrkje, høyre klok-kene, korsang, utforske bygningsdetaljar og lese meir om denne viktige delen av kulturar-ven.

informasjon innanfor alle felt av samfunnet. Samti-dig må kulturarvmateriale som berre er analogt tilgjengeleg, sikrast for ettertida og gjerast tilgjen-geleg for allmenta.

Kulturarvinstitusjonar prøver ut ny teknologi for å løyse oppgåvene med dokumentasjon, søk og formidling av kulturarv på ein betre og meir effek-tiv måte. Nasjonalbiblioteket har eit større utvi-klarmiljø knytt til den digitale verksemda si i Mo i Rana, som er blitt lagt merke til internasjonalt i utviklinga av standardar for digitalisering og deling av materiale på nett. Dette innovative miljøet ser i dag på utsiktene til å gjere seg nytte av maskinlæring og kunstig intelligens for å effektivisere og forbetre Nasjonalbibliotekets digitale tenester. Med bruk av slik teknologi er det mog-leg å utføre oppgåver som før ville kravd store per-sonressursar. Nasjonalbiblioteket eksperimente-rer både med katalogisering av materiale og med utvikling av tenester for brukarar og forskarar basert på trening av ein eigen kunstig intelligens. Med maskinbasert tekstanalyse, tale til tekst og biletanalyse kan den digitale samlinga gjerast meir tilgjengeleg for brukarane. På sikt legg dette òg grunnlag for ny kunnskap og forståing. Nasjo-nalbiblioteket ønskjer å byggje eit miljø som kan vere ein ressurs for fleire innanfor arkiv-, biblio-tek- og museumssektoren knytt til maskinlæring og kunstig intelligens.

Digitaliseringa har endra framgangsmåtane for produksjon, utveksling og lagring av doku-ment. Mykje av den digitale dokumentproduksjo-nen blir ikkje fanga opp av tradisjonelle arkivløys-

ingar. Den sterke auken i mengda av digital infor-masjon stiller nye krav til val av kva for digitale dokument som skal takast vare på. Med bakgrunn i blant anna dette, og korleis bevaringsverdige dokument skal sikrast for framtida, har regjeringa sett ned eit utval som skal revidere arkivlova, Arkivlovutvalet. Som grunnlag for arbeidet med revisjonen skal Arkivlovutvalet gjere greie for dei viktigaste utfordringane og utviklingstrekka i og for arkiva. Utvalet skal sjå nærmare på oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom Arkivverket, statleg forvaltning, kommunesektoren og kulturinstitu-sjonar. Det skal blant anna gå gjennom alle føre-segnene i arkivlova og vurdere behov for fornying og endringar. Arkivlovutvalet skal levere utgrei-inga si innan 1. mars 2019. Departementet vil ori-entere Stortinget om oppfølginga av utgreiinga.

7.5 Bevaring og formidling av digitalt skapt dokumentarv

Samanlikna med papirbaserte dokument har den digitale dokumentproduksjonen i arkiv ført til både nye utfordringar og nye moglegheiter. Mengda av digitalt skapt informasjon i form av tekstar, lydopptak, bilete, film og databasar har aldri vore større. Dette gjer det mogleg for media og kulturlivet å formidle stadig større mengder informasjon til publikum uavhengig av tid og geo-grafisk lokalisering.

Men program og lagringsmedium for digitalt skapt informasjon er mindre varige enn dei mest brukte analoge lagringsmedia. Dei fleste analoge dokument blir bevarte med mindre dei er blitt utsette for skade. Ein kan derfor finne att gamle papirdokument utan at nokon har avgjort at doku-menta skulle bevarast. Det motsette er tilfellet for digitale dokument – dei kan gå tapt dersom dei blir liggjande urørte. Dokumenta kan ha vore pro-duserte i program som hadde avgrensa levetid, eller for maskinvare som har gått ut av produk-sjon, eller dei kan vere lagra på lagringsmedium som ikkje held seg.

Digitalt skapt informasjon må derfor haldast ved like og overførast til nye system for langtids-lagring. Det er òg lettare å manipulere digitalt skapt informasjon enn analogt skapt informasjon. Ein må følgje strenge krav til dokumentasjon når ein held ved like og overfører digital informasjon frå eitt produksjonssystem og lagringsmedium til eit nytt system og medium for langtidsbevaring og seinare vedlikehald.

7.6 Språkteknologi

Digitalisering og automatisering grip inn i kvardags- og arbeidslivet vårt i stadig større grad. Ulike programvarer, appar, robotar, kunstig intelligens og datamaskiner blir utvikla med engelsk som bruksspråk og med engelsk terminologi i botnen. Dermed blir engelsk arbeidsspråket for stadig fleire yrkesgrupper. Oljesektoren har for ein stor del engelsk som arbeidsspråk i dag, og i finanssektoren breier bruk av engelsk seg. Det same vil kunne skje i helsesektoren, i skulen og på ei rekkje andre område om vi ikkje gjer noko. Dette skjer samtidig som norsk òg er på vikande front som akademisk språk.

Teknologi som berre finst på eit framandspråk, vil verke ekskluderande på store delar av befolkninga. Det inneber at vi mistar sjansen til å ta i bruk innovative løysingar eller ta ut effektiviseringsgevinstane av digital teknologi i tenester retta mot allmenta, så lenge desse ikkje finst på norsk.

Å kunne bruke norsk språk er i dag ein føresetnad for å delta i arbeids- og samfunnslivet. Ei god samfunnsutvikling er avhengig av at det norske språket er velutvikla og fungerer som eit språk samfunnet har felles, same kva morsmålsbakgrunnen er. Teknologi på norsk er ein føresetnad for god læring, kunnskapsdeling og universell utforming på tvers av sektorar i Noreg. Eit eksempel på programvare det er nødvendig å utvikle på norsk, er talegjenkjenningsteknologi. Med slik teknologi kan ein styre datamaskiner og diktere tekst ved hjelp av tale, og teknologien vil blant anna kunne vere til stor nytte for mange menneske med funksjonsnedsetjing.

Fordi norsk er eit lite språkområde, nøler kommersielle leverandørar med å ta dei fulle utviklingskostnadene ved å lage produkta som trengst. Språkbanken er i dag ei teneste i Nasjonalbiblioteket. Dette er ei digital samling tale og tekst, finansiert av staten, som næringslivet og forskingsmiljø kan bruke til utvikling av norske språkteknologiske produkt.

Digital dokumentasjon av norsk språk, for eksempel i form av ordbøker, er ein svært konkret del av digitaliseringa av kulturarven. Det er nødvendig å sjå slik dokumentasjon i samanheng med ein samla arkitektur for digitalisering av kulturarv. Språk er i seg sjølv berar av kultur og kollektivt minne. Det ligg eit unytta potensial i å knyte språkbaserte kunnskapsbasar til formidlinga av digital kulturarv.

For at vi skal kunne ta i bruk innovative løysingar eller hauste effektiviseringsgevinstar av digi-

tal teknologi, må løysingane finnast på norsk, slik at dei kan takast i bruk i tenester retta mot allmenta. Teknologi som berre finst på engelsk, vil verke ekskluderande på store delar av befolkninga. Å satse på digitale språkressursar på norsk er derfor ei viktig kulturpolitisk oppgåve som alle sektorar vil dra nytte av.

Utvikling og innsamling av digitale språkressursar på norsk har også ein internasjonal dimensjon. Noreg deltek i EU-programmet Connecting Europe Facility (CEF) Telecom, der ein av byggjeklossane er ein automatisk omsetjingsmodul for norsk språk. Ved å delta i dette programmet kan Noreg søkje om midlar til å bygge opp norske digitale språkressursar. Det vil seie at det også blir mogleg å nytte norsk i utvikling og bruk av grensekryssande digitale tenester. Nasjonalbiblioteket (Språkbanken) har det nasjonale ansvaret for å følgje opp dette arbeidet. Det er ei utfordring å få offentlege verksemder til å levere inn digitale språkressursar, slik at tenestene kan fungere etter formålet. Materialet som blir samla inn, skal gjerast tilgjengeleg i Språkbanken og vil kunne brukast av bedrifter som utviklar språkteknologi på norsk.

NOU 2016: 18 *Hjertespråket* slår fast at språkteknologi er ein føresetnad for at samiske språk skal kunne overleve som bruksspråk i eit moderne samfunn. Dette handlar først og fremst om å kunne bruke samiske språk i all IKT-samanheng, at samiske namn og stadnamn kan skrivast korrekt i offentlege register, og at det blir utvikla programvarer som støttar samiske språk. I dag ligg den største satsinga på samisk språkteknologi ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, senter for samisk språkteknologi, Giellatekno.

7.7 Opne kulturdata

Digitalisering medverkar til auka kunnskapsproduksjon til fordel for heile samfunnet. Digitaliseringa av forvaltningsprosessar representerer eit stort potensial for datainnsamling, strukturering, presentasjon og analyse. Museumsstatistikken og bibliotekstatistikken er eksempel på systematiserte forvaltningsdata som er mykje brukte. Det knyter seg tilsvarende forventningar til Kulturrådets SANK-prosjekt. Forvaltningsdata knytte til om lag 20 000 søknader frå kunst- og kulturverksemder, artistar og kunstnarar blir systematiserte og gjorde ope tilgjengelege for bruk. I dette ligg det òg eit potensial for å kombinere dataa med data frå andre kjelder for vidare statistikkutarbe-

ding og analysar som vil ha verdi for forskning, politikkkutforming og verdiskaping.

Haldningane til deling, openheit og vidarebruk er endra gjennom dei siste 10–15 åra. Kunnskap om teknologi og lovverk har òg utvikla seg positivt gjennom digitaliserings- og tilgjengeleggjeringsarbeidet. Denne utviklinga representerer eit godt grunnlag for auka tilgjengeleggjering og bruk av kulturdata.

Departementet har nyleg laga ein strategi for opne data som slår fast at kultursektoren skal ha ein kultur for openheit og transparens der data som hovudregel aktivt skal gjerast ope tilgjengelege. Det er etablert eit samarbeidsforum for opne kulturdata samansett av Norsk kulturråd, Arkivverket, Nasjonalbiblioteket og Riksantikvaren. Forumet skal blant anna jobbe for å få til ei målstenleg arbeidsdeling knytt til utvikling og

Boks 7.5 Bokhylla.no

Bokhylla-avtalen er ein avtale mellom Nasjonalbiblioteket og Kopinor om rett til tilgjengeleggjering av opphavsrettsleg verna bøker i fulltekst på internett. Dette er ein avtalelisensavtale – ein kollektiv opphavsrettsleg avtale med heimel i åndsverklova, jf. omtalen av avtalelisens i punkt 8.3. Kopinor representerer i denne avtalen alle medlemmene sine, som forlag, forfattarar og rettshavarar til tekst og bilete, og fordi Kopinor oppfyller vilkåra for avtalelisens, blir avtalen òg bindande for opphavarar som ikkje er medlem (såkalla avtalelisensverknad). Avtalen gir Nasjonalbiblioteket rett til å gjere tilgjengeleg alle bøker som er publiserte på norsk fram til og med år 2000, digitalt på internett. Dette gjeld både norsk litteratur og bøker omsette til norsk. Bøkene er gratis tilgjengelege og kan lesast på nettet av alle med norsk IP-adresse. Bøker som ikkje lenger er opphavsrettsleg verna, kan i tillegg lastast ned og skrivast ut. Nasjonalbiblioteket betaler ein sum per side per år til Kopinor for dei verka som til kvar tid er tilgjengelege i tenesta. Rettshavarar som ikkje ønskjer at deira bøker skal vere del av Bokhylla, kan trekkje dei frå avtalen. Avtalen blei i 2018 utvida til å gjelde utvalde tidsskrift. Nasjonalbiblioteket har digitalisert alle bøker som er utgitt på norsk, og innleier vinteren 2018/2019 samtalar med Kopinor om å utvide Bokhylla-avtalen.

Boks 7.6 Filmbib

Om lag 400 norske kort- og dokumentarfilmar er gratis tilgjengelege for publikum gjennom strøymetenesta Filmbib. Samlinga inneheld både nye og eldre filmar for både barn og vaksne, og tilbodet blir stadig utvida. Tenesta er open for alle med nasjonalt lånekort på norske bibliotek. Norsk filminstitutt administrerer strøymetenesta og kjøper inn filmar gjennom innkjøpsordninga for film til biblioteka. Eit uavhengig utval vurderer kva for filmar som skal inn i ordninga, på bakgrunn av faste kriterium og retningslinjer. Utvalet blir oppnemnt for to år om gongen, og er basert på nominasjon frå Norsk filmforbund, Virke Producentforeningen, Norske Dramatikeres Forbund og Norske Filmregissører.

drift av felles dataressursar, definere felles behov og foreslå løysingar.

Strategien føreset at også rettsverna kulturdata i større grad enn i dag enkelt kan brukast og delast gjennom ei effektiv klarerings- og vederlagsordning. Dette gjeld særleg materiale som i dag ikkje er omfatta av den kommersielle marknaden, men som har verdi som kulturarv og kjelder til forskning og dokumentasjon. Vi har viktige fortrinn i Noreg og Norden gjennom eit godt organisert kunst- og kulturliv og lang erfaring med ulike former for kollektivt forvalta rettar og vederlagsordningar.

For tilgjengeleggjering av større mengder opphavsrettsleg verna materiale kan det vere utfordrande for brukarane å inngå avtalar med alle rettshavarane. I slike tilfelle gjer reglane i åndsverklova om avtalelisens det praktisk mogleg for brukarane å få tilgang til ei stor mengd verk gjennom éin enkelt avtale. Avtalelisensordninga har vore nytta i dei nordiske landa med gode resultat, fordi slike avtalar kan innebere klare fordelar for både rettshavarane og den parten som ønskjer å klarere rettane. Det er ein føresetnad at begge partar ønskjer å forhandle om retten til tilgjengeleggjering av materialet, og at dei blir samde om betaling av vederlag for tilgjengeleggjeringa. Sjå elles omtale under 8.3.

Det er nødvendig å få på plass lisensiering for å leggje betre til rette for bruk av datasetta i kulturinstitusjonane. Samtidig må ulike brukargrupper involverast, slik at ein oppnår forbetringar av tilgang og brukargrensennitt.

7.8 Prioriteringar og vidare oppfølging

- Understøtte miljø som eksperimenterer og tek i bruk ny teknologi i kunsten sin
 - Målrette tilskotsmidlar for å understøtte innovasjon og digital forretningsutvikling på kulturfeltet
 - Medverke til ein kultur for openheit, transparens og deling i kultursektoren
 - Leggje til rette for forhandlingar mellom organisasjonar med sikte på å etablere nye avtalar om digital formidling – standardavtalar – på område der dette er formålstenleg
 - Leggje til rette for ordningar for klarering av rettar, slik at kunst- og kulturuttrykk kan gjerast tilgjengelege, delast og formidlast digitalt
- Satse på kulturell innovasjon og tilrettelegging for overgang til nye plattformer og format
 - Ta vare på, gjere tilgjengeleg og formidle digitalt skapt kulturarvmateriale
 - Fornye og endre arkivlova i lys av utgreinga frå Arkivlovutvalet
 - Intensivere og koordinere satsinga på ein norskspråkleg digital infrastruktur
 - Leggje fram ei museumsmelding som skal
 - gjennomgå situasjonen for museumssektoren, inkludert dei samiske musea, i lys av museumsreforma
 - drøfte framtid utfordringar og -moglegheter for musea



Figur 8.1

8 Økonomien i kultursektoren

8.1 Utviklingstrekk

Offentlege finansar vil i tida framover vere under press på grunn av høge offentlege utgifter kombinert med reduserte inntekter. Dette vil kunne få følgjer også for overføringane til kultursektoren og kan tvinge fram krevjande økonomiske prioriteringar i åra som kjem.

Når det gjeld dei nye moglegheitene for kulturbruk som digitaliseringa har opna for, står vi overfor eit dilemma. Modellar for eit brukarvennleg konsum inneber å møte publikum der dei er. For eksempel har strøyming av musikk ført til at folk høyrer meir på musikk. På den andre sida kan desse nye forretningsmodellane true inntektene til eksisterande aktørar. Det same dilemmaet ser vi på filmområdet. Sidan det kostar så mykje å produsere film, får det endå større konsekvensar når publikumsåtferda blir endra og inntektsgrunnlaget svekt. Dette vil krevje evne til omstilling i kultursektoren framover.

Kunst og kultur kan ha ein økonomisk verdi i form av kompetanse, produkt og tenester som blir omsette på ein marknad. Åndsverklova gir kunstnarar og andre rettshavarar einerett til å rå over egne verk og arbeid, ved å framstille eksemplar av dei og gjere dei tilgjengelege for allmenta. Bruk som fell inn under eineretten, krev i utgangspunktet samtykke frå rettshavaren, jf. 8.3.

Kunstnarøkonomien, kulturinstitusjonar, festivalar og anna verksemd knytt til det å skape, produsere, utøve, formidle, ta vare på og selje kulturelle uttrykk, er alle delar av kultursektorens økonomi. Over heile landet byggjer arrangørar og kunstnarar opp merkevarer som set Noreg på kartet og skaper store verdiar, også økonomiske, ofte i samspel med frivilligheita.

Noreg har talent, innhald og produksjonar som held eit høgt internasjonalt nivå. Men samanlikna med dei nordiske nabolanda våre har vi framleis eit potensial for å utnytte dette meir til inntektsgivande verksemd. Distribusjons- og salsleddet i fleire av dei kulturelle og kreative bransjane er lite utvikla, investeringsgraden er låg, og det kjem lite inntekter tilbake som kan medverke til investering i talentutvikling og ny produksjon.

Boks 8.1 Litteraturpolitiske verkemiddel

Dei litteraturpolitiske verkemidla har ei anna innretning enn verkemiddel på andre kunstfelt, på grunn av utstrekt bruk av marknadsregulering. Staten støttar norsk bokbransje med tilpassingar i avgifts- og konkurranselovgivning, ved meirverdiavgiftsfritak for papirbøker og unntak frå delar av konkurranselovgivning. Innkjøpsordningane under Norsk kulturråd er òg eit marknadsretta verkemiddel. Eit mål er å gi den norske litteraturen betre vilkår ved å bøte på marknadssvikt som følgjer av at Noreg er eit lite språkområde.

Norsk bokbransje omset årleg for over fem milliardar kroner, og det blir gitt ut og selt eit breitt spekter av litteratur av høg kvalitet. Norske forfattarar blir omsette og eksporterte i stadig større omfang. Litterære agentur som arbeider for å få forfattarar selde til utlandet, er ein relativt ung bransje i Noreg. I samband med at Noreg skal vere gjesteland på verdas største bokmesse i Frankfurt i 2019, har regjeringa teke grep for å styrkje og profesjonalisere norske agentur.

På dei digitale plattformene møter norsk språk og norske kulturelle uttrykk dessutan stadig sterkare konkurranse frå internasjonale aktørar.

Private utanlandske aktørar dominerer den digitale marknaden og eig infrastrukturen for sosiale medium. Innanfor film, musikk og spel er det mange utanlandske aktørar som leverer tenester til norske brukarar. På dei internasjonale digitale plattformene konkurrerer norsk innhald i endå større grad med internasjonalt innhald, og norskandelen er relativt liten i dei fleste av desse tenestene. Sjølv om kulturkonsumet aukar, kjem lite av inntektene frå det auka konsumet tilbake til bransjeaktørane, og særleg lite til norsk bransje.

Eit eksempel på dette er musikkfeltet. Då musikk blei formidla som fysiske produkt (cd), var norskdelen høgare, og det var lagt avgifter på

produkta som gjekk til ny produksjon av norsk innhald. Dette er ikkje tilfellet med dei digitale strøymetenestene.

Filmfeltet er eit anna eksempel der det er utfordrande å utvikle nye og framtidretta finansieringsmåtar og forretningsmodellar. Konsumet av film har vakse kraftig, og hovudtyngda av denne veksten har skjedd digitalt, primært i strøymetenester. Men inntektene tilbake til bransjen står ikkje i forhold til konsumet. Inntektene frå dvd-sal, som for nokre år sidan var hovudinntektskjelda for filmindustrien og dermed avgjerande for produksjonen av nytt innhald, er på få år blitt kraftig redusert. Inntektene norske produsentar og distributørar får frå strøymetenester, er til samanlikning svært låge. Det har vore eit rådande prinsipp i filmpolitikken i dei fleste europeiske land, også i Noreg, at dei ulike ledda i verdikjeda som tener pengar på å formidle audiovisuelt innhald, skal medverke til å finansiere nytt audiovisuelt innhald eller andre tiltak som fremjar filminteressa. Om og korleis dei ulike ledda i verdikjeda skal medverke til å finansiere ny innhaldsproduksjon, er eit spørsmål som ein diskuterer både i Noreg og internasjonalt.

Gjeldande EU-direktiv om audiovisuelle medietenester (AMT-direktivet) artikkel 13 opnar for at medlemsstatane kan innføre medfinansieringsplikt for tilbydarar av audiovisuelle medietenester under deira jurisdiksjon, men stiller ikkje krav om det. Fleire land har innført medfinansieringstiltak. EU vedtok revidert AMT-direktiv i november 2018. Ei viktig endring i det reviderte direktivet er at medfinansiering ikkje lenger blir avgrensa til berre å gjelde tilbydarar som er etablerte innanfor den enkelte medlemsstaten, men også kan gjelde for tilbydarar av strøymetenester som er etablerte i ein annan medlemsstat, men som har eit innhaldstilbod som er retta mot den førstnemnde medlemsstaten. Det er god grunn til å vurdere medfinansieringstiltak også i Noreg, slik AMT-direktivet opnar for. Medfinansiering reiser likevel nokre kompliserte spørsmål. Kulturdepartementet undersøker konsekvensane av EU-regelverket og ser på kva rammer, utfordringar og moglegheiter det gir Noreg.

Eit direktiv om opphavsrett på den digitale indre marknaden (DSM-direktivet) er til behandling i EU-systemet (sjå boks 8.2). I direktivforslaget er det særleg diskusjonen om det såkalla verdigapet (*value-gap*) og brukaropplasta innhald som har fått mykje merksemd. Verdigapet er det tapet rettshavarar blir påførte når store opne nettstader (for eksempel Facebook og YouTube) gjer verka til andre tilgjengelege utan å ha klarert rett-

Boks 8.2 Forslag til ny EU-regulering av opphavsrett og den digitale indre marknaden

I Europakommisjonens strategi for den digitale indre marknaden (DSM-strategien) frå 2015 blei det blant anna varsla ei reform av opphavsretten. I 2016 følgde Kommisjonen opp med eit forslag til direktiv om opphavsrett i den digitale indre marknaden (DSM-direktivet).

Direktivet er ikkje endeleg vedteke. Europaparlamentet vedtok 12. september 2018 eit mandat til å starte forhandlingar med Europakommisjonen og Det europeiske rådet om den endelege utforminga av direktivet, før saka går til formell avrøysting i Europaparlamentet og Det europeiske rådet. Det er venta at direktivet tidlegast kan bli vedteke i starten av 2019.

I direktivforslaget er det spesielt to artikkelar som har fått mykje merksemd:

Artikkel 11 etablerer ein ny einerett for utgivarar av pressepublikasjonar. Denne retten skal sikre utgivarar av slike publikasjonar vederlag for digital bruk av plattformer, og forslaget har blant anna vore omdiskutert i samband med Googles tenester.

Artikkel 13 skal lukke det såkalla verdigapet ved å sørge for at plattformer som gjer brukaropplasta innhald tilgjengeleg, i større grad enn i dag blir ansvarlege for at innhaldet er klarert.

ane på førehand. Forslaget til direktiv inneheld regulering som skal sørge for at plattformer som gjer brukaropplasta innhald tilgjengeleg, i større grad enn i dag må sikre seg at rettane blir klarerte. Det vil seie at rettshavarane skal få vederlag for bruken.

8.2 Finansiering

Finansiering av kulturverksemd kan delast i to hovudkategoriar, privat og offentleg finansiering. Den offentlege finansieringa av kunst og kultur står sterkt i Noreg og omfattar alt frå produksjons- og formidlingsstøtte og stipend til bygg, drift og vedlikehald. Det er behov for at det offentlege held fram med å støtte opp om vekst og utvikling ved å medverke til gode rammevilkår for kulturli-

vet, der aktørane og bransjane sjølv er pådrivar for utviklinga.

Kulturdepartementet forvaltar òg overskotet frå speleverksemda i Norsk Tipping AS. Den største delen av spelemidlane går til norsk idrett, ein del går til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, og ein del går til kulturformål. Spelemidlane er ein viktig del av den offentlege finansieringa av kunst og kultur.

Den private finansieringa står òg sterkt og omfattar brukarbetaling, investering, sponing og folkefinansiering. I tillegg medverkar private aktørar og stiftingar gjennom innkjøp og utlån av kunst og utstyr, prosjektstøtte og gåver. Når vi no går inn i ein periode med venteleg svakare økonomisk vekst og auka offentlege utgifter, er det særleg viktig å stimulere den private finansieringa som eit supplement til offentlege overføringar og etablere langsiktige samarbeid med private aktørar. Regjeringa har etablert ei gåveforsterkingsordning for å utløyse meir privat finansiering i kulturlivet. Talent Norge AS er ei satsing med tilsvarende grunngeving. Det finst eit uforløyst potensial også i anna privat finansiering som det bør leggjast til rette for. Investering i immaterielle verdiar, folkefinansiering og auka publikums-/brukarbetaling er nokre eksempel på slike område.

Brukarbetaling og anna privat finansiering og investering vil bli viktigare for kultursektoren framover. Det er eit mangfald av aktørar i sektoren, og dette mangfaldet er verdifullt i seg sjølv. Mens auka inntekter eller investeringar frå private er lite relevant for somme, vil det kunne representere utsikter til vekst og vidareutvikling for andre. For dei sistnemnde vil auka eigeninntening eller investeringar kunne gi større handlingsrom til å ta større kunstnarisk risiko og leggje meir vekt på publikumsutvikling. Dette vil igjen kunne styrkje kultur som næring, skape arbeidsplassar, tryggje økonomien til kulturarbeidarar og skape ny næringsverksemd.

Kulturbasert reiseliv er eit satsingsområde for regjeringa. Reiselivet er ei næring i vekst, både globalt og nasjonalt. Stadig fleire turistar oppsøker kulturelle opplevingar som ein del av reisa. Ifølgje Innovasjon Noregs turistundersøking frå 2016 har kulturturistane høgare døgnforbruk og lengre opphald enn gjennomsnittsturisten. Fleire kulturinteresserte tilreisande kan føre til eit større publikum og auka inntekter til kulturaktørar, samtidig som kultursektoren kan skape nye moglegheiter for reiselivsaktørar blant anna gjennom det breie tilbodet av kulturopplevingar.

Boks 8.3 Gåveforsterkingsordninga

Gåveforsterkingsordninga, som blei innført i 2014, verkar som eit insentiv for kunst- og kulturinstitusjonar til sjølv å skaffe privat finansiering.

Gåveforsterkingsordninga omfattar gåver til musikk-, litteratur- og scenekunstheltet, visuell kunst, kulturbygg og museum. Pengegåvene utløyser ei gåveforsterking til mottakaren på normalt 25 prosent av gåvesummen. Til saman er det utbetalt 237,5 mill. kroner frå ordninga blei innført i 2014 og fram til 2018. Dette vil seie at kulturlivet er tilført 950 mill. kroner frå private kjelder.

Boks 8.4 Talent Norge

Talent Norge AS blei stifta i januar 2015 av Sparebankstiftelsen DNB, Stiftelsen Cultiva og staten ved Kulturdepartementet. Det blei sett av 30 mill. kroner i statsbudsjettet for 2015 til etableringa av det ideelle aksjeselskapet. Overordna mål er å medverke til betre utvikling av kunstnarisk talent og eit endå rikare kulturliv.

Talent Norge hjelper unge menneske med unike kunstnariske evner på vegen mot ein profesjonell karriere. Selskapet samarbeider med private bidragsytarar, slik at statlege løyvingar utløyser privat investering. Dei tre første åra medverka Talent Norge til å byggje opp talentsatsingar verdt meir enn 211 mill. kroner, og av dette var 131 mill. kroner private bidrag. Det er etablert meir enn 500 talentutviklingsplassar i sjangrane dans, film, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. I tillegg er det sett i gang prosjekt på tvers av sjangrane med Talent Junior, Talent Norges Kvinneløft og ArtEx, som er retta mot kunstnarar på høgaste nivå. I tillegg til samarbeidet med private bidragsytarar og fleire høgskular har Talent Norge etablert eit nettverk for erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling. Til saman er dette med på å tilføre unge kunstnariske talent spesialisert kompetanse og utvikle, støtte og gi dei nye moglegheiter.

Mange kulturbaserte reiseopplevingar er òg tilgjengelege uavhengig av vårforhold og årstid. Det styrkjer grunnlaget for heilårsturisme og heilårsarbeidsplassar lokalt. Framover vil kulturbasert reiseliv venteleg medverke stadig meir til verdiskapinga innanfor kultur og reiseliv og til å omstille norsk økonomi i meir berekraftig retning.

Stiftelsar medverkar som tilskotsytarar til kultur og frivillig arbeid. Basert på undersøkingar reknar Stiftelseregisteret med at norske stiftelsar delte ut fire milliardar kroner til ulike formål i 2014. Kulturlivet blir i dag tilført mykje pengar gjennom utdelingar frå stiftelsar. I ei særstilling står sparebankstiftelsane, som årleg tilfører ulike delar av kulturlivet og frivillig sektor store summer. Ettersom ein stiftelse er sjølvstendig og sjølv-eigande, er det det vedtektsfesta formålet som er eigaren av stiftelsen. Dette gjer stiftelsane til ei organisasjonsform der privat og offentleg kapital kan møtast for å realisere formålet best mogleg.

Mens delar av sektoren har eit stort kommersielt potensial, er andre avhengige av offentleg finansiering. Offentleg støtte til smale og eksperimentelle kunstuttrykk representerer viktige investeringar i ny og annleis tenking som utviklar samfunnet og gjer det rikare. Det utgjer òg ei viktig grunnfinansiering i talent, innhald og produksjonar. Privat finansiering kan gi ny utvikling og hjelpe kunsten å nå ut til ein større marknad og eit større publikum.

Kulturutredningen 2014 peikar på at kultursektoren lenge har vore orientert mot offentlege midlar, og at det kommersielle potensialet i liten grad er blitt realisert. Fleire kunstnarar, bedrifter og

institusjonar har lykkast med å utvikle verksemdene sine, nådd nye målgrupper, engasjert eit større publikum både nasjonalt og internasjonalt og skaffa seg nye inntektskjelder. Likevel tyder mykje på at utviklingspotensialet er langt større.

Ved at kunst og kulturproduksjonar når ut til fleire og til ein større marknad, kan eit større verdiskapingspotensial realiserast og institusjons- og kunstnarøkonomien forbetrast. Auka privat investering og sterkare norske kulturbransjar kan styrkje den totale økonomien i kulturlivet.

8.3 Åndsverklova – opphavsrett og klarering av rettar

Åndsverklova vernar skapande verksemd og gir rettar til dei som skaper, framfører eller investerer i åndsverk eller nærståande prestasjonar og arbeid. Opphavsretten skal blant anna sikre kunstnarar høve til å få økonomisk utbytte av verka sine. Ein grunntanke er at opphavsretten vil stimulere til kreativitet og framstilling av nye åndsverk. Åndsverklova vernar òg prestasjonar og arbeid som ikkje kan kallast åndsverk, men som har tilknytning til åndsverka og opphavsretten: dei såkalla nærståande rettane. Desse rettane tilkjem blant andre utøvande kunstnarar, produsentar av lydopptak og film og kringkastingselskap.

Samtidig er åndsverklova ei lov som skal balansere fleire ulike interesser. Ho skal sikre ein rimeleg balanse mellom interessene til rettshavaran på den eine sida og interessene til brukarane og allmenta på den andre. Lova inneheld derfor ei rekkje reglar som avgrensar rettane.

Den som skaper eit åndsverk, har opphavsrett til verket. Opphavsretten gir i utgangspunktet einerett til å framstille eksemplar av verket og gjere det tilgjengeleg for allmenta. Bruk som fell inn under eineretten, krev samtykke frå opphavaren, om ikkje bruken kan heimlast i andre reglar. Brukaren må klarere rettane til den bruken av verket det er tale om, for eksempel ved å inngå avtale med opphavaren eller ein organisasjon som forvaltar rettane til opphavaren.

Åndsverklova har ei rekkje reglar om avgrensing av opphavsretten og om forvaltning av rettar.

For det første gir lova reglar om fri bruk av verk ved at visse typar bruk kan skje utan samtykke frå opphavaren, og utan at det skal betalast vederlag. Eksempel på dette er at ein kan kopiere til privat bruk og ein kan sitere frå verk.

For det andre opnar såkalla tvangslisens for visse typar bruk utan samtykke frå opphavaren,

Boks 8.5 Stiftelsar

Per 25. september 2018 var det registrert 6 747 stiftelsar i stiftelsesregisteret. Utviklinga går i retning av fleire store og færre små stiftelsar. I perioden 2005–2017 blei 4 462 stiftelsar sletta frå stiftelsesregisteret. Samtidig har talet på stiftelsar med eigenkapital på over 1 mill. kroner auka. I perioden har det også samla sett vore stor vekst i dei samla verdiane som er plasserte i stiftelsar. Frå 2005 til 2016 auka den bokførte eigenkapitalen i stiftelsane frå 43 mrd. kroner til 160 mrd. kroner. Den store auken i bokført eigenkapital kom i stor grad av enkelte nye store stiftelsar, eksempelvis finans- og sparebankstiftelsar, og ikkje ein generell vekst i andre stiftelsar.

men slik at opphavaren har krav på vederlag for bruken.

For det tredje forenkler avtalelisens klareringa av rettar på nærmare avgrensa område der individuell klarering er upraktisk eller umogleg. Ordninga inneber at ein avtale som er inngått med ein rettshavarorganisasjon, også får verknad for rettshavarar som ikkje er representerte av organisasjonen. Lova utvidar altså verknaden av avtalen til å omfatte dei såkalla utanforståande rettshavarane. For at denne verknaden skal tre i kraft, stiller lova visse krav til rettshavarorganisasjonen som inngår avtalen.

Lova har reglar om bruk av avtalelisens på ulike område, for eksempel når det gjeld undervisningsverksemd og eksemplarframstilling i verksemdar. Lova har òg ein regel om generell avtalelisens, som kan gjere det mogleg å bruke avtalelisens på andre område og for andre typar bruk enn dei som er omfatta av dei særskilde føresegnene om avtalelisens i lova.

Avtalelisensordninga kan innebere klare fordelar for både rettshavarar og brukarar, og ho har vore nytta i dei nordiske landa med stort hell.

Det er mange eksempel på at ordningane som åndsverklova legg til rette for, også blir nytta i praksis. Avtalar mellom rettshavarar og brukarar gjer det mogleg å bruke materiale som er verna etter åndsverklova på ulike område. Når det gjeld avtalelisens, er det for eksempel gjort ein avtale mellom rettshavarorganisasjonen Norwaco og NRK om bruk av materiale i NRKs arkiv. Dette gir befolkninga betre tilgang til innhald i NRKs arkiv, som er ein viktig del av den norske kulturarven. Eit anna eksempel på avtalelisens er Kopinors avtalar om kopiering av materiale i skulen og offentleg forvaltning. Endå eit eksempel er Bokhylla-avtalen, som det er gjort greie for i boks 7.5. Det kan òg gjerast kollektive avtalar med organisasjonane til rettshavarane i tilfelle der det ikkje er nødvendig med avtalelisens. Slike avtalar vil bygge på den eineretten rettshavarane har etter åndsverklova, og at dei har overlate forvaltninga av rettane sine til organisasjonen.

8.4 Kulturell og kreativ næring

Kulturell og kreativ næring er ei samlenemning på næringsverksemd basert på framstilling av kulturelle uttrykk som primært kommuniserer gjennom estetiske verkemiddel som symbol, teikn, bilete, fargar, rørsler, former, lydar og forteljingar.

I nemninga kulturell og kreativ næring inngår visuell kunst, utøvande kunst, musikk, litteratur,

film, spel, tv, radio, trykte medium, arkitektur, design, reklame og kulturarv. Omgrepet kulturell næring omfattar kunstnarisk næringsverksemd knytt til å skape, produsere og utøve kulturelle uttrykk, medan omgrepet kreativ næring omfattar næringsverksemd som nyttar kulturelle uttrykk som innsatsfaktor i verksemda.

Norsk økonomi er i omstilling. Den framtidige velferda vår er avhengig av at vi klarer å utvikle nye forretningsområde og inkludere fleire i arbeidslivet. Den kulturelle og kreative næringa kan medverke til vekst, verdiskaping og sysselsetting – og til nyskaping og innovasjon.

Kulturdepartementet er med på å styrkje den økonomiske berekrafta i kunst- og kultursektoren ved å synleggjere kva næringspotensial kulturen har. Om ein styrkjer kunnskapen om kultur som næring og medverkar til at kunst og kulturproduksjonar når eit vidare publikum og ein større marknad, kan eit større verdiskapingspotensial realiserast, og fleire kunst- og kulturarbeidarar kan livnære seg av det dei skaper. Kulturdepartementet støttar derfor opp om tiltak som fremjar kunnskap og kompetanseutvikling og medverkar til å styrkje verdikjeda og kompetansmiljø i alle delar av landet, og tiltak som legg til rette for investering i norsk innhald, kulturell innovasjon og eksport. Den internasjonale etterspørselen etter kunst og kultur aukar. Ein UNESCO-rapport frå mars 2016 viser at den globale handelen med kulturprodukt og -tenester blei dobla i perioden 2004–2013, trass i økonomisk nedgang. Rapporten viser òg eit markant skifte frå fysiske kulturprodukt, som cd, dvd og trykte publikasjonar, til digitale tenester.

Dei estimerte tala i UNESCO-rapporten viser at Sverige har meir enn tidobla eksporten av kulturelle tenester frå 2004 til 2012. Finland har ei femdobling i same periode. Sverige og Finland er i dag blant verdas største eksportørar av høvesvis musikk og spel.

Den kulturelle og kreative næringa i Noreg er blitt ein større del av den norske økonomien. I perioden 2000–2009 auka verdiskapinga i den kulturelle og kreative næringa i Noreg med 77 prosent, frå 24 til 42 mrd. kroner. Talet på sysselsette auka med 50 prosent, frå i underkant av 50 000 til rundt 75 000 i 2009.¹ Veksten i verdiskaping har vore mindre dei seinare åra, og rekna i prosent av fastlandsøkonomien har næringa gått tilbake i perioden 2008–2014. Prosentdelen av sysselsette har auka i same periode. I 2014 hadde næringa ei

¹ Jf. Espelien, Anne (2011). *Kulturnærings betydning for norsk økonomi: Status og utvikling 2000–2009*.

Boks 8.6 Dataspelindustrien

Den globale spelindustrien omsette for om lag 109 mrd. dollar (om lag 850 mrd. kroner) i 2017 og var dermed større enn dei globale marknadene for høvesvis film og innspelt musikk. Overslag viser at pengebruken på spel i hushalda er halvannan gong så stor som for film og fem gonger så stor som for musikk.

Det er ei positiv utvikling blant aktive norske spelselskap både i omsetning, sysselsetting og eksport. I Noreg var omsetninga i spelbransjen på 313 mill. kroner i 2016. Svensk og finsk spelbransje har hatt svært stor vekst dei siste åra. I 2016 låg omsetninga av spel på 12,1 mrd. norske kroner i Sverige og 23,3 mrd. norske kroner i Finland (Oslo Economics 2018). Spel er ein av næringane som veks raskast i verda, så sjølv om spel er ei relativt ny næring i Noreg, er det eit stort potensial for vekst og for å skape arbeidsplassar også her i landet. For eksempel kan spelbransjen vere ein drivar innan innovasjon og teknologisk utvikling.

samla verdiskaping på 47 mrd. kroner og nærme 83 000² sysselsette.

Samtidig ser vi at med unntak av arkitektur har verksemdar innan kulturelle og kreative næringar mykje lågare lønnsemd enn norsk næringsliv elles. For eksempel var verdiskapinga innan visuell kunst berre 199 507 kroner per sysselsett i 2014. Til samanlikning var gjennomsnittleg verdiskaping per sysselsett i fastlandsøkonomien 939 000 kroner same år.

Det er viktig å fremje innovasjon og kunstnarisk risikovilje i kulturlivet. Det inneber både kunstnarisk nyskaping og utprøving av nye forretningsmodellar, nye distribusjonsformer og å fremje nyskaping og ringverknader for andre samfunnssektorar. Effektiv forvaltning av immaterielle rettar er vesentleg for å fremje innovasjon i kultursektoren, og standardavtalar kan vere eit godt utgangspunkt for å byggje nye digitale forretningsmodellar. Store internasjonale aktørar påverkar òg forvaltninga av rettar her heime.

Den aukande etterspørselen etter kulturelt innhald og opplevingar representerer eit stort ver-

diskapingspotensial, både nasjonalt og internasjonalt. Den kulturelle og kreative næringa kan medverke til vekst, sysselsetting og verdiskaping, og til nyskaping og innovasjon i andre næringar.

8.5 Prioriteringar og vidare oppfølging

- Gjennomgå rammevilkår og ordningar for grunderar og sjølvstendig næringsdrivande for å sikre dei sosiale rettane deira, redusere skjemaveldet og sørge for kompetanse innan entreprenørskap og forretningsdrift
- Stimulere til auka privat finansiering av kultur via samarbeid mellom offentlege og private aktørar, og alternative finansieringskjelder og forretningsmodellar
- Vidareutvikle bransjen og støtteapparatet rundt utøvande og skapande kunstnarar og gjennom dette medverke til at kunst og kultur frå Noreg når eit større publikum, nasjonalt og internasjonalt
- Medverke til auka kunnskap om kultur som næring og fleire vekstkraftige bedrifter, blant anna gjennom næringsklyngjer og bedriftsnettverk
- Stimulere til innovasjon og utvikling av nye forretningsområde, blant anna gjennom å understøtte initiativ frå aktørar og bransje
- Stimulere til auka investering i og omsetning av kunst og kulturproduksjonar, blant anna gjennom satsing på eksportprogram og låne- og garantiordningar
- Evaluere igangsette tiltak for kulturell og kreativ næring, og vurdere nye verkemiddel
- Gi tilskot til etablerte kulturinstitusjonar og prosjekt for å teste ut nye metodar og modellar med vekt på digital formidling
- Målrette ordningar som gir fleire ein sjanse til å realisere det kunstnariske talentet sitt der dei bur, og samtidig medverke til auka verdiskaping og fleire arbeidsplassar i kunst- og kultursektoren regionalt
- Vurdere alternative løysingar for medfinansiering av audiovisuelle produksjonar og andre åndsverk som blir formidla digitalt
- Utarbeide ein strategi for immaterielle verdiar, med mål om å stimulere til auka investering i nye bedrifter og talent, og i bygging, sikring og utnytting av immaterielle verdiar og rettar
- Omtale internasjonalisering og eksportutsikter i den nye strategien for små og mellomstore bedrifter

² Jf. Gran, Anne-Britt, Øyvind Torp og Marcus Gjems Theie (2015). *Kreativ næring i Norge 2008–2014*. BI Centre for Creative Industries.

- Leggje fram ein strategi for kultur og reiseliv
- Utarbeide ein strategi for dataspel som blant anna skal sjå nærmare på rammevilkår for spelbransjen og setje mål for spelpolitikken
- Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg innanfor ramma av tippenøkkelen



Figur 9.1

9 Internasjonale moglegheiter

9.1 Internasjonal kulturinnsats

Noregs deltaking i internasjonalt kunst- og kulturliv aukar. Stadig fleire kulturuttrykk har internasjonale referansar, er baserte på internasjonalt samarbeid eller har eit internasjonalt publikum. Samarbeid på tvers av landegrensar medverkar til å gjere kulturlivet meir aktivt og levande, styrkjer kvalitet og kompetanse i kulturlivet og gir tilgang til større og fleire marknader. Dette opnar òg for auka verdiskaping i norsk kulturell og kreativ næring. Samarbeid vil fremje eit globalt mangfald av kulturuttrykk, og det kan påverke vilkåra for frie kulturtryngar.

Eit godt utvikla kulturliv medverkar til formidling og kommunikasjon over landegrensar og gir viktige bidrag til samarbeid og utvikling. Både Kulturdepartementet og Utanriksdepartementet arbeider med å styrkje kulturlivets moglegheiter internasjonalt.

Norwegian Arts Abroad er eit nettverk av organisasjonar og verksemder med eit internasjonalt mandat: Danse- og teatersentrum, Music Norway, Norwegian Crafts, Norwegian Literature Abroad, Office for Contemporary Art Norway, Design og arkitektur Norge og Norsk filminstitutt. Desse samarbeider tett med Utanriksdepartementet om å fremje kunst og kultur frå Noreg internasjonalt og å fordele tilskotsmidlar til internasjonale aktivitetar. Dei arbeider òg direkte med utanriksstasjonane som del av dette samarbeidet.

Mange kulturinstitusjonar driv òg utstrekt internasjonalt arbeid som ein naturleg del av verksemda og innanfor dei ordinære økonomiske rammene sine.

Kulturrådet har oppgåver og forvaltningsansvar knytte til fleire internasjonale ordningar og samarbeid. Dette gjeld blant anna EUs støtteprogram for kulturell og kreativ sektor, EØS-midlane, Austersjøsamrådet og UNESCO. Det er blant anna eit mål at norske kulturinstitusjonar skal dra nytte av dei ordningane som finst for utveksling på nordisk, europeisk og utanomeuropeisk nivå.

Tilskotsordningane i Norsk kulturfond går òg til å stimulere internasjonalt samarbeid. Eksempel på dette er tilskot til gjestespel frå utlandet i

Noreg og tilskot til gjestespel med norske scenekunstgrupper i utlandet. Det er òg ein sterkt aukande tendens at prosjekta som får tilskot frå Kulturfondet, har element av internasjonalt samarbeid. Det kan dreie seg om dei basisfinansierte scenekunstgruppene, musikkensemble, arrangørar og muskarordningane.

Også Norsk filminstitutt har oppgåver og forvaltningsansvar på fleire internasjonale arenaer, blant dei er å støtte opp om satsinga på den internasjonale verksemda til norske kunstnarar. Fleire av tilskotsordningane under filmfondet går òg til å stimulere til internasjonalt samarbeid. Norsk filminstitutt gir for eksempel tilskot til samproduksjonar med utanlandske produsentar og til lansering av filmar og spel i utlandet. Filminstituttet støttar norske aktørar i å fremje filmar og spel på relevante internasjonale arenaer.

Kulturdepartementet legg særskild til rette for internasjonal kulturverksemd også gjennom multilateralt samarbeid i Nordisk ministerråd, Europarådet, EU og UNESCO. Gjennom Nordisk ministerråds politiske initiativ, ulike støtteprogram og institusjonar blir det arbeidd for eit dynamisk og mangfaldig kunst- og kulturliv i Norden. Støtteprogramma er viktige finansieringskjelder, og norske kunstnarar og kulturaktørar har fått god uttelling i desse programma.

Noreg deltek i EUs støtteprogram for kulturell og kreativ sektor, Kreativt Europa 2014–2020. Programmet gir kultur- og medieaktørar frå Noreg tilgang til finansiering og høve til utvikling. Formålet med Kreativt Europa er todelt: å fremje europeisk kulturelt og språkleg mangfald og kulturarv, og å styrkje konkurranseevna i dei kulturelle og kreative sektorane. I 2018 la EU-kommisjonen fram forslag om eit nytt program for perioden 2021–2027, som i stor grad fører vidare og utviklar ordningane frå i dag. Innan 2020 må Noreg sjå på breidda av erfaringar så langt og vurdere om ein vil delta i programmet også i neste periode.

EØS-midlane er Noregs bidrag til utjamning av sosiale og økonomiske skilnader i Europa. Innanfor desse ordningane deltek kulturaktørar frå

Noreg i prosjektsamarbeid med land i Sør- og Sentral-Europa.

Nordområdepolitikken er eit sentralt utanrikspolitisk interesseområde for regjeringa. Ein godt utvikla kultursektor i nord medverkar til formidling og kommunikasjon over grensene og gir viktige bidrag til samarbeid og utvikling i regionen. Både Kulturdepartementet og Utanriksdepartementet medverkar til kultursamarbeid over grensene i nord.

Samarbeidet mellom sametinga i Noreg, Sverige og Finland og samhandling mellom samane på tvers av landegrensene, som òg har lange tradisjonar, medverkar på si side til å utvikle det nordiske kultursamarbeidet.

9.2 Eit grenselaust kulturliv

I dag konsumerer vi kultur nærmast uavhengig av landegrenser. Verda verkar mindre på grunn av ny teknologi, og fordi vi reiser meir. Publikum blir òg meir aktive som kulturprodusentar. Konkurransen om merksemda til kulturbrukarane aukar fordi moglegheitene er så mange. Norsk språk og kultur møter sterkare konkurranse frå store internasjonale aktørar. Plattformselskapa blir meir dominerande og går inn på stadig fleire sektorar. For eksempel har Google Arts & Culture avtale med museum og kulturinstitusjonar i 70 land om å gi digital tilgang til kulturgjenstandane deira. Facebook og Google kontrollerer halvparten av den digitale reklamemarknaden i verda og 40 prosent av det samla digitale innhaldskonsumet i USA.

Samtidig er det ein trend at opplevingar blir meir etterspurde, og kreative næringer vil kunne representere eit økonomisk vekstpotensial. I Storbritannia kjem for eksempel rundt ein tredel av dei internasjonale tilreisande på grunn av kunst og kultur. Det er ei klar kopling mellom kultur og reiseliv. Kultur- og matopplevingar er hovuddrivarene for val av reisemål globalt sett. Folk reiser for å oppleve, og kultur er opplevingar.

Etterspørselen etter norsk, nordisk og samisk kunst og kultur i utlandet er stor og aukande, og fleire kunstnarar og kulturaktørar frå Noreg nyt stor internasjonal suksess. Den aukande internasjonale interessa gir oss moglegheiter som vi må utnytte. Eksport av kunst og kultur medverkar til stor verdiskaping og til at stadig nye marknader og publikumsgrupper får kjennskap til kunstnarar og kulturaktørar frå Noreg. Ikkje berre er dette viktig frå ein næringspolitisk ståstad, det er òg med på å skape nyfrikne og spreie kunnskap om

den nordiske samfunnsmodellen og verdiar som demokrati, likestilling og berekraft. Når for eksempel norsk litteratur og musikk eller eit norsk kunstnarskap får gjennomslag i utlandet, skaper dette også nyfrikne og syner fram Noreg som turistdestinasjon. Norsk kulturliv medverkar på denne måten til stadutvikling og livskvalitet, set Noreg på kartet og trekkjer turistar til landet. For å styrkje verdiskapinga er det heilt nødvendig at kunstnarar, kulturaktørar og bransjane arbeider internasjonalt for å utnytte eit større marknadspotensial.

Norsk innhaldsproduksjon har potensial for meir internasjonalisering. Når nye kultursuksessar veks fram i Noreg, trengst det mekanismar for å understøtte internasjonalisering dersom eit slikt potensial skal realiserast. Når det gjeld eksport av kulturelle gode, ligg vi bak nabolanda våre. For eksempel utgjorde eksport av kulturelle gode i Danmark 0,5 prosent av den totale eksporten i 2014, mens tilsvarende del for Noreg var 0,1 prosent. Det vil seie at Noreg kan ha eit uforløyst potensial her.

Openheit og nyfrikne står sentralt i kulturlivet. Samtidig som kultursektoren i Noreg skal stå på trygge bein, skal han utvikle seg vidare ved å hente impulsar utanfrå og brynast mot kunst og kultur frå andre land. Gjennom samarbeid, samproduksjonar og kompetansebygging tek norsk kulturliv del i ein verdsomspennande samtale.

Kulturlivet i Noreg bør bli eksponert for og få kjennskap til kunstnarar, artistar og kulturaktørar frå alle delar av verda. Internasjonalt kultursamarbeid er kompetansebyggjande for dei som deltek i prosjekta, og medverkar til at norske kunst- og kulturaktørar byggjer nettverk, deler kompetanse og hentar inspirasjon. Slikt samarbeid er derfor ein naturleg og integrert del av den kunstnariske og kulturfaglege verksemda for mange kulturaktørar i Noreg. Dette utvidar tilbodet til publikum og medverkar til å styrkje, utfordre og inspirere kunstnarar og kulturlivet i Noreg.

I fleire år er det gjort eit systematisk arbeid med å byggje opp norsk kultureksport, og det har vore vellykka ved å skape auka etterspørsel etter norsk kultur i utlandet, særleg innanfor det langsiktige og strategiske samarbeidet Utanriksdepartementet har hatt med dei sju organisasjonane i Norwegian Arts Abroad. Det kan no vere nødvendig også å utvikle infrastruktur og program for å leggje betre til rette for internasjonale aktørar i Noreg.

Samiske kunstnarar har lang erfaring med kultursamarbeid over landegrensene og med andre urfolk. Erfaringsutveksling og kunnskapsoverfø-

ring mellom norske og samiske kunstnarar og kulturaktørar kan medverke positivt i arbeidet for å utnytte dei moglegheitene som internasjonaliseringa gir.

Ved å fremje kunst og kultur frå Noreg i utlandet og ved å leggje til rette for samarbeid mellom kunst- og kulturaktørar på tvers av landegrensar, fremjar vi òg demokrati og ytringskultur. Gjennom kunst og kultur kan vi påverke andre og etablere nye kontaktar, byggje nye tillitsforhold og etablere ny dialog – også om vanskelege tema. På denne måten kan kunst og kultur verke ufarleggjerande og opne dører inn til diskusjonar om verdiar og menneskerettar – og byggje kapasitet og kompetanse i andre land.

Kulturpolitikken har ei ibuande kraft til å byggje alliansar mellom land og til å kunne nå ut og påverke andre. Ved å stimulere til eksport og utveksling av kunst og kultur, fortelje og utveksle historier og skape felles opplevingar, byggjer vi bruer mellom språk, kulturar og menneske. Gjennom dette finn vi som menneske kjelder til inn-

Boks 9.1 Satsing i Tyskland i 2019

I 2019 er Noreg gjesteland på bokmessa i Frankfurt og fokusland på filmfestivalen i Berlin og Jazzahead i Bremen. Dette inneber ein unik sjanse til å fremje norsk kultur nasjonalt og internasjonalt, styrkje merkevarer og Noregs omdømme, og vere ein møteplass for viktige relasjonar. Gjennom heile 2019 vil vi få høve til ikkje berre å styrkje norsk språk og litteratur, men òg å løfte fram mangfaldet av kulturuttrykka og tankesetta våre i det som er den største enkeltsatsinga på norsk kultur internasjonalt nokosinne. Noreg har mange talentfulle forfattarar, musikarar og filmskaparar, og legg til rette for å fremje kvalitet, breidd og mangfald i norsk litteratur, musikk og film. Gjennom eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykk vil norske perspektiv og tankesett bli fremja for eit internasjonalt publikum.

Bokmessa set eit viktig søkjelys på Europa som humanistisk prosjekt, der ytringsfridom, kulturelle rettgar og demokrati er sentrale tema. Det gir ein sjanse til å vise fram korleis satsing på kultur kan medverke til forståing og toleranse i samfunnsdebatten, og fremje våre perspektiv og tankesett for eit internasjonalt publikum.

Boks 9.2 Arctic Arts Summit

Nordområda har ulik historikk, befolknings-samansetjing, busetjingsmønster, utdanningsnivå og vidt forskjellig næringsstruktur. Arktisk kunst og kultur har særpreg og er samansett, og ofte er uttrykka prega av sterk kulturell identitet og sjølvmedvit.

I 2017 samarbeida Kulturdepartementet med Festsjellene i Nord-Norge om arrangementet Arctic Arts Summit. Arrangementet var ein del av det norske formannskapsprogrammet i Nordisk ministerråd. Her var alle dei åtte arktiske statane representerte for å diskutere kulturpolitikk i Arktis. Samtidig var meir enn 100 organisasjonar og institusjonar frå det sirkumpolare kunstfeltet samla for å snakke om felles moglegheit og operasjonalisering av internasjonale nettverk og samarbeid i nord. Prosjektet hadde som mål å skape ein biennal møteplass for kunstfagleg samarbeid og kulturpolitiske samtalar på tvers av Arktis og vere ein katalysator for nye perspektiv og debattar om arktisk samfunnsutvikling.

I 2019 arrangerer Finland Arctic Arts Summit i Rovaniemi.

trykk, inspirasjon og læring. Det skal stimulerast til dialog og fellesskap ikkje berre mellom folk og kulturaktørar, men òg mellom nasjonar. På denne måten kan Noreg som eit lite land vere ei viktig stemme i verda.

For å kunne lykkast med kultureksport og internasjonalt kultursamarbeid er det nødvendig med eit godt og heilskapleg verkemiddelapparat. For dei fleste kulturaktørar er det heilt naturleg og nødvendig å jobbe både nasjonalt og internasjonalt. Ein må ta høgd for at kulturlivet i aukande grad er grenselaust. Det er potensial for betre samhandling i verkemiddelapparatet og felles strategiar for å utnytte moglegheitene internasjonalt. Dette gjeld både evne til å ta imot impulsar utanfrå, i overnasjonalt samarbeid, kultureksport og i arbeidet for å fremje Noreg.

Kultur er eit vesentleg element i Norges internasjonale omdømme. Eit kvalitativt godt kultursamarbeid byggjer opp under eit godt omdømme for Noreg og støttar opp om sambandet med viktige samarbeidsland. Å fremje kultur har derfor langsiktig og strategisk verknad også for andre politiske og økonomiske mål og breie norske interesser. I tillegg er kunst og kultur ein del av

forteljinga om Noreg og kven vi er. Når vi fremjar kunst og kulturuttrykk frå Noreg, må vi klare å ta kulturpolitiske omsyn, og samtidig evne å ta ut gevinstar i arbeidet med å fremje breiare norske interesser og verdjar. Dette gjeld både med tanke på å styrkje forholdet til samarbeidslanda våre, politiske satsingar og i arbeidet med å fremje norsk næringsliv.

9.2.1 Ulovleg handel med kulturgjenstandar

Kulturarven, både i materiell og immateriell form, representerer viktige verdjar som skal vidareførast til nye generasjonar. Dersom desse verdiane går tapt som følge av kriminelle handlingar, har det konsekvensar langt utover dei økonomiske. Tryggingrådet i FN har i resolusjon UNSR 2199 (2015) stadfesta dette. I resolusjon 2347 (2017) har Tryggingrådet gjort det klart at ei forankring i eigen kulturarv og kulturell tilhørsle er ein sentral føresetnad for ein trygg og fredeleg sameksistens mellom verdas folk og land.

Med utgangspunkt i UNESCOs 1970-konvensjon om ulovleg handel med kulturgjenstandar og 1995-UNIDROIT-konvensjonen om tilbakeføring av stolne eller ulovleg utførte kulturgjenstandar, deltek Noreg aktivt i det internasjonale samarbeidet for å redusere kulturkriminalitet. Noreg er òg ein av de største bidragsytarane i UNODC (FN-programmet for narkotika og kriminalitet), som også arbeider for å hindre kulturkriminalitet.

Boks 9.3 Tilbakeføring av kulturgjenstandar

Merksemda kring tilbakeføring av viktig kulturarv til opphavsland aukar internasjonalt. Dette er eit arbeid som engasjerer organisasjonar som UNESCO, INTERPOL, UNODC, WCO, ICCROM, urfolkorganisasjonar m.fl. Det er behov for eit godt samarbeid mellom land for å kunne etterleve internasjonale plikter og stanse ulovleg verksemd.

Buddha-statuen som ble returnert til opphavslandet Myanmar i 2017, etter å ha blitt ulovleg innført til Noreg via Thailand i 2011, er referert til i fleire internasjonale samanhengar. Mellom anna i UNESCO-publikasjonen «Culture for the 2030 Agenda» om UNESCOs oppfølging av berekraftmåla for dei kommande tolv åra.

I 2017 kom Europarådet med ein ny strafferechtsleg konvensjon som er eit viktig supplement til dei eksisterande UNESCO-konvensjonane. Denne konvensjonen er open for tilslutning frå land utanfor Europa.

9.2.2 Kultur i utviklingspolitikken

Målsetjinga for regjeringa sin kulturinnsats i utviklingspolitikken er ein sterk og fri kultursektor i utviklingsland. Innsatsen er særleg retta mot å fremje kulturelle rettar og å verne kulturarv. Kampen mot ulovleg handel med kulturgjenstandar er del av dette. Kulturstøtta til utviklingsland utgjer ein liten del av det totale bistandsbudsjettet.

Utfordringane for kunstnarisk virke og publikums høve til å oppleve kunst og kultur varierer mellom utviklingsland, og innanfor kvart land. Nokre fellestrekk for svake rammevilkår går likevel igjen: institusjonar, kulturpolitikk, utdannings-tilbod og støtteordningar er fråverande eller mangelfulle. Kulturelle rettar er under press. Folk blir hindra i å ta del i kulturlivet, anten med politisk grunngeving eller med tilvising til tradisjon og religion. Kunstnarar blir sensurerte og forfølgde, særleg kvinnelege utøvarar blir utsette for avgrensingar og kontroll. Kulturarv blir medvite utsett for øydelegging i krigs- og konfliktområde. Kunst- og kulturgjenstandar blir omsette ulovleg i kriminelle nettverk. Inntekt frå slik ulovleg handel blir òg brukt i terrorfinansiering.

På den andre sida er det eit aukande driv i kunst- og kulturmiljøa i sivilsamfunnet i nokre av desse landa. Kreativitet, engasjement og initiativ for å gi kunstuttrykk betre vilkår, fremje kvalitet og utvikle kultur næringer aukar både lokalt og nasjonalt. Organisasjonar veks fram, sterke nettverk og samarbeid også på tvers av landegrensar medverkar til auka kapasitet.

Regjeringa sitt arbeid med kultur i utviklingspolitikken er forankra i UNESCOs kulturkonvensjonar og FN's berekraftmål og støttar opp under den internasjonale agendaen på feltet gjennom blant anna FN's spesialrapportør for kulturelle rettar og UNODCs (FN-programmet for narkotika og kriminalitet) kamp mot kulturkriminalitet. Innsatsen støttar opp om ytringsfridomsstrategien til regjeringa med særleg vektlegging av kunstnarisk ytringsfridom.

UNESCOs 2005-konvensjon for å fremje eit mangfald av kulturuttrykk forpliktar Noreg nasjonalt og internasjonalt til å styrkje rammevilkåra for eit fritt kulturliv og leggje til rette for at kunst- og kulturuttrykk blir skapt og formidla. Dette

arbeidet er òg relevant i kampen mot radikalisering og valdeleg ekstremisme.

UNESCOs verdsarvkonvensjon og konvensjonen av 2003 om vern og fremjing av den immaterielle kulturarven gir rammene for Noregs bidrag til vern av verdas kultur- og naturarv i utviklingsland. Noreg er medlem av verdsarvkomiteen for perioden 2017–2021. I perioden arbeider Noreg blant anna for å sikre verdsarvens framifrå universelle verdiar og for ei meir representativ verdsarvliste.

- Leggje til rette for auka eksport av kunst og kultur frå Noreg, blant anna gjennom målretta eksportprogram
- Vurdere verkemiddel som kan føre til auka import av kunst og kultur frå heile verda til Noreg
- Medverke til å få fleire utanlandske aktørar til å bruke Noreg som utgangspunkt for kulturproduksjonane sine, blant anna gjennom å målrette tilskotsordningar

9.3 Prioriteringar og vidare oppfølging

- Utarbeide ein internasjonal strategi for kulturpolitikken, saman med Utanriksdepartementet, der målet er å utnytte ressursar og kompetanse på best mogleg måte



Figur 10.1

10 Relevans og representativitet i kulturlivet

10.1 Like moglegheiter for alle

Kulturlivet må opplevast som relevant og vere representativt for heile befolkninga. Det må fremje fridom og høve til å uttrykkje seg for den enkelte. Kulturlivet kan tilby viktige arenaer for å få til betre kvardagsintegrering og leggje til rette for fellesskap basert på mangfald, likestilling, ytringsfridom og toleranse. Vegen til deltaking i utdanning og arbeidsliv kan gå gjennom deltaking i frivillig verksemd og opplevingar av felles kulturaktivitetar i lokalmiljøet.

I kulturpolitikken har mangfaldsogrepet vore brukt både for å markere behov for kunstnarisk mangfald og som eit uttrykk for variasjonen i befolkninga, det vil seie tilfanget av forskjellige stemmer, meiningar og tema. På mediefeltet blir omgrepet brukt om eit mangfald av frie og uavhengige medium med kritisk og undersøkjande journalistikk og med nyhendeformidling frå ulike samfunnsområde. Kulturdepartementet legg til grunn ei brei forståing av mangfaldsogrepet som rommar fleire dimensjonar, slik som sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion, seksuell orientering og alder.

Ei undersøking frå november 2018 viser at kvar tredje tilsette i kulturfeltet opplever seksuell trakassering i løpet av karrieren. Det er eit altfor høgt tal, og skeive maktforhold og hierarkiske relasjonar kan bidra til å auke sårbarheit og risiko for seksuell trakassering. Både kvinner og menn som arbeider i kulturfeltet, skal vere trygge på at saker som gjeld seksuell trakassering, blir tekne på alvor og følgde opp. Kulturdepartementet stiller derfor krav om at institusjonar som mottek tilskot frå departementet, arbeider for å hindre trakassering og annan utilbørleg oppførsel, i tråd med krava i arbeidsmiljølova. Institusjonane skal ha rutinar for intern varsling om kritikkverdige forhold. Det er viktig at sektoren sjølv er drivkrafta i dei endringane som er nødvendige for å bøte på desse problema. Kulturdepartementet gir derfor også tilskot til Balansekunst for å støtte arbeidet som sektoren sjølv gjer med likestilling og diskriminering.

Kulturlivet må arbeide aktivt for å vere relevant og representativt. Kulturlivet må rekruttere frå heile befolkninga for å nå målet om å skape kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet. Det må rettast særleg merksemd mot å inkludere samfunnsgrupper som er underrepresenterte i kulturlivet, både som utøvarar og kulturarbeidarar og som brukarar av kulturtilbod.

Innspel frå sektoren sjølv underbyggjer at det vil vere behov for at det fleirkulturelle er eit særskilt innsatsområde i kulturpolitikken framover. I vidare oppfølging vil den breie forståinga av mangfaldsogrepet liggje til grunn for dei politiske prioriteringane for å sikre relevans og representativitet i kulturlivet.

10.2 Fleirkulturelle moglegheiter

Noreg er eit fleirkulturelt samfunn. Ifølgje Statistisk sentralbyrå er kvar sjette person som bur i Noreg, anten fødd i Noreg av utanlandske foreldre eller sjølv innvandra til landet. Dette blir ikkje spegla i kulturlivet i dag. At det offentleg finansierte kulturlivet ikkje speglar heile befolkninga, og at ikkje alle grupper opplever tilbodet som relevant, er ei demokratisk utfordring. Det avgrensar ytringsmangfaldet og er til hinder for utvikling og auka relevans på kulturfeltet. Utanforskap er eit demokratisk problem når kulturen medverkar til å forsterke avstanden mellom menneske.

Innvandring er ei kjelde til nye impulsar og kulturell utveksling. Variasjon medverkar til nytenking, innovasjon og kreativitet. Sivilsamfunnet må mobiliserast for å oppnå betre kvardagsintegrering. Ein god integreringsprosess og eit vel fungerande samfunn føreset ei felles forståing for norsk samfunn og kultur. Frivillige organisasjonar spelar ei viktig rolle i integreringsarbeidet.

Kulturelt mangfald og inkludering er i aukande grad blitt sett på den kulturpolitiske dagsordenen sidan 1990-åra. Strategien har i hovudsak vore å byggje opp kulturinstitusjonar og -arenaer for minoritetane, og samtidig prøve å

Boks 10.1 *Hva vil folk si*

Regissør og manusforfattar Iram Haq skildrar i den dels sjølvbiografiske spelefilmen *Hva vil folk si* oppveksten i Noreg for barn og unge med føtene i to ulike kulturar. Filmen handlar om norsk-pakistanske Nisha, som er 16 år og lever eit dobbeltliv. Ho balanserer mellom eit norsk ungdomsliv med venner og gutar ute og eit meir tradisjonelt pakistansk familieliv heime. Når faren oppdagar henne saman med ein norsk kjærast, blir Nisha kidnappa og send til Pakistan av foreldra. Her, åleine i eit land ho aldri har vore i før, oppdagar Nisha kulturen til foreldra på ein ny måte.

Hva vil folk si fekk Amanda-pris for beste manus, beste regi, beste mannlige skodespelar og beste norske kinofilm. Filmen hadde verdspremiere på filmfestivalen i Toronto i 2017 og blei sett opp på kino i USA.

Boks 10.2 *Ungdom i organiserte fritidsaktivitetar*

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor gav i 2017 ut rapporten *Levende drabantbyer. Ungdoms deltakelse i organiserte fritidsaktiviteter i flerkulturelle lokalsamfunn*. Om ein skal oppnå auka deltaking, må aktivitetane koste lite eller ingenting og informasjonen må leggjast til rette, går det fram av rapporten. Vidare må også minoritetsforeldre inkluderast for at barna – særleg jenter – skal rekrutterast. For det tredje er det auka medvit om kor viktig nettverksbygging er, særleg innanfor tradisjonelle organisasjonar, fritidsklubbar, idrett og bibliotek. Det er mindre grad av nettverksbygging mellom tradisjonelle organisasjonar og innvandrorganisasjonar. Ifølgje rapporten viser studiar av fleirkulturelle lokalsamfunn at vellykka resultat har samheng med at lokale styresmakter legg til rette for og koordinerer samarbeid på tvers av ulike aktørar – både frivillige, offentlege og private.

gjere dei store kulturinstitusjonane meir inkluderande.

Denne todelte strategien famnar ikkje i tilstrekkeleg grad dei problemstillingane som samfunnet står overfor i dag. Erfaringane er at mangfald blir utvikla på tvers av tradisjonelle oppdelingar i kulturlivet, det kunstnariske, det kommersielle og det frivillige. Mange er urolige for at det blir snakka mykje om mangfald i kulturlivet, men lite praktisert. Det bør vere ei felles bekymring for heile kulturlivet at mange grupper opplever kulturen som lite relevant. Det å programmere tiltak frå eller for eit fleirkulturelt publikum kan verke meir som eit instrumentelt enn som eit kunstnarisk val.

Kunst og kultur kan verke samlande på tvers av ulike tilhørsler. Innvandring stimulerer oss sosialt, kulturelt og økonomisk og gjer samfunnet sterkare, rikare og meir mangfaldig. Lokale kunst- og kulturinstitusjonar som kinoar, museum og musikk- og scenekunstinstitusjonar er viktige møteplassar som kan gi nykomne innvandrarak sjansen til å delta som publikum eller utøvarar. Folkebiblioteka er ein viktig møteplass og kunnskapsarena i lokalsamfunnet som medverkar til integrering og til å byggje ned barrierar, blant anna fordi tilbodet er gratis og ope for alle. Det er viktig med god og tilrettelagd informasjon om kva som finst av kulturtilbod både for deltaking og for oppleving.

Menneske med bakgrunn frå land utanfor Europa, USA og Australia er underrepresenterte

som arbeidstakarar og i leiande posisjonar i kulturlivet. Deltaking i det frivillige kulturlivet er med på å byggje tillit, danning og engasjement. Det er ei utfordring at nokre grupper fell systematisk utanfor frivilligheita. Dei frivillige kulturorganisasjonane har eit særskilt ansvar for å sikre mangfald i sine rekkjer ved å gjere det lett for barn og unge å delta og engasjere seg. Styresmaktene skal på si side leggje til rette for at vi har eit levande frivillig kulturliv gjennom breie støtteordningar, slik det er formulert i stortingsmeldinga om den statlege frivilligheitspolitikken.

Mange frivillige organisasjonar arbeider systematisk og godt med dette allereie, men det er framleis potensial for eit meir representativt frivillig kulturliv. Om vi lykkast betre med det, vil det gi positive inkluderingsresultat på kort sikt i form av breiare fellesskap og sterkare tilhørsle. Og det kan gi positive integreringsresultat på lang sikt fordi det er i det frivillige kulturlivet talentutviklinga og rekrutteringa til høgare utdanning og det profesjonelle kulturlivet tek til.

Deltaking i frivillige organisasjonar er viktig i samfunnet vårt, og i lokalsamfunn er kulturlivet og foreinings- og organisasjonslivet den viktigaste møteplassen utanom jobb og skule. Det er viktig for å kunne delta i arbeidslivet og bli inkludert i lokalmiljøet.

Boks 10.3 Det Norske Teatret

Hausten 2012 starta Det Norske Teatret ei eiga utdanning for studentar med familiebakgrunn utanfor Europa. Utdanninga skal bidra til at norske teaterscener skal kunne spegle Noreg av i dag på ein betre måte. Utdanninga er treårig og fører til bachelorgrad. Elevane må kunne bruke norsk i daglegtale. Dei som fullfører studiet, får tilbod om ein praksisperiode med lønn på Det Norske Teatret. Dette studiet er viktig for den framtidige rekrutteringa til scenekunsten i landet vårt.

Det Norske Teatret, Bondeungdomslaget i Oslo og Norges Ungdomslag stifta Den mangfaldige scenen i 2013. Den mangfaldige scenen er eit barne- og ungdomsteater for dei mellom 6 og 26 år. Dette er eit scenekunsttilbod der unge får ta i bruk og utvikle dei skapande evnene sine i samarbeid med profesjonelle kunstnarar. Om lag 150 barn og unge frå ulike kulturelle og sosiale miljø i Oslo får årleg eit tilbod gjennom Den mangfaldige scenen.

Fleire studiar viser at menneske med fleirkulturell bakgrunn i stor grad tek del i kulturlivet, men at det ofte skjer på andre arenaer enn dei offentleg finansierte kulturinstitusjonane. Felles arenaer for kulturdeltaking medverkar til at den enkelte blir del av sosiale nettverk som kan gi trivsel og skape tilhøyrse, samtidig som det opnar for å lære språk og bli kjend med og delta i samfunnet.

Dei aller fleste som arbeider i kulturlivet, som utøvar, kunstnar, kulturarbeidar eller med administrasjon og leing, har delteke i det frivillige kulturlivet. Det er viktig at introduksjonsarenaene i det frivillige kulturlivet famnar flest mogleg, for at vi skal kunne utnytte den ressursen som den mangfaldige befolkninga vår er.

Representasjonen må aukast i alle ledd for å skape rom for fleire historier basert på mangfaldet i befolkninga. Aspirantordninga under Kulturrådet er eit eksempel på tiltak for å stimulere ei slik utvikling. Aspirantordninga blei oppretta i 2012 for å bidra til ei meir mangfaldig rekruttering til kunst- og kulturrelaterte yrke. Profesjonelle kunst- og kulturverksemder kan søkje om tilskot frå denne ordninga for å tilsetje kunstnarar eller kulturarbeidarar med etnisk minoritetsbakgrunn. Institusjonane som tek imot aspirantar, må forplikte seg til å gi aspiranten oppgåver som sikrar

fagleg og kunstnarisk utvikling. Aspirantopphaldet skal gjere det lettare for aspiranten å få arbeid i sektoren i framtida.

Evalueringa *Foten innanfor? Evaluering av aspirantordninga i Kulturrådet* (2018) konkluderer med at aspirantordninga er vellykka både for aspirantane og for kunst- og kulturverksemdene. Evalueringa kjem med ei klar tilråding om å føre vidare og styrkje ordninga, slik at ho i større grad kan medverke til strukturelle og varige endringar på kulturfeltet når det gjeld kulturelt mangfald og integrering.

10.3 Urfolk og nasjonale minoritetar

Samane som urfolk og nasjonale minoritetar er ein del av Noregs historie og samtid med kunst og kulturuttrykk av stor verdi for samfunnet. Kunst og kultur er det beste utgangspunktet for å etablere og føre vidare kommunikasjon mellom menneske og folkegrupper.

10.3.1 Samisk kunst og kultur

Det samiske folket har status som urfolk og lever i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Samane som urfolk er viktige i det nasjonale fellesskapet vårt, og ulike røyster, uttrykk og historier gjer kulturlivet rikare. Kunst og kultur, og særleg den samiske kulturarven, har ein viktig identitetsskapande funksjon i den samiske befolkninga, ikkje minst for barn og unge – som i mange urfolksgrupper i verda. Samiske språk er offisielle språk i Noreg, ein føresetnad for eit levande samisk kulturliv og den fremste formidlaren av samisk kultur, historie og identitet. Den samiske kunsten representerer røyster og erfaringar som utgjer ein del av forteljinga om Noreg, og er derfor ein ressurs for kulturlivet. Departementa vurderer forslaga i NOU 2016: 18 *Hjertespråket* i samarbeid med Sametinget med sikte på eventuelt å kunne leggje fram ei sak for Stortinget. Dei ulike departementa har ansvar for å vurdere forslaga på sine område, medan Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvaret for å koordinere arbeidet. Departementa vurderer både spørsmål om lovendringar og andre tiltak.

Statens plikter overfor det samiske urfolket følger av både nasjonale lover og internasjonale konvensjonar. I samsvar med Grunnlova § 108 og samelova har regjeringa som mål å leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan sikre og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv. Vidare har staten plikter overfor samane etter FN-

Boks 10.4 Konsultasjonsordninga med Sametinget

Som urfolk har samane rett til å bli konsulterte i saker som kan få direkte følgjer for dei, og konsultasjonsordninga skal sikre at samane får ta del i avgjerdsprosesser i slike saker. Konsultasjonar skal gjennomførast med målsetjing om å oppnå semje om tiltaka som er foreslåtte. Regjeringa har foreslått å lovfeste overordna reglar om konsultasjonar i eit eige kapittel i samelova.

konvensjonen om sivile og politiske rettar og erklæring om urfolksrettar etter artikkel 27 og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. Noreg ratifiserte Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar i 1999 og UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv i 2007. FN-konvensjonen om barnrettar gir òg plikter. FN-erklæringa om urfolksrettar er ikkje rettsleg bindande, men gir likevel rettleiing om dei folkerettslege pliktene overfor urfolk.

For å vareta det statlege ansvaret for samisk kulturpolitikk må det leggjast til rette for at Sametinget kan drive ein aktiv kulturpolitikk. Sametinget fekk overført forvaltningsansvaret for dei samiske kulturinstitusjonane i 2002. Staten overfører i dag midlar til Sametinget utan konkrete føringar, og Sametinget disponerer desse midlane til kulturformål etter eigne prioriteringar. Samiske språk og samisk kultur inngår også som ein del av mangfaldet i den nasjonale kulturpolitikken.

Frå 2019 blir det innført ei ny budsjettordning som inneber at overføringar til Sametinget over statsbudsjettet blir samla på éin budsjettpost under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Formålet er å gi Sametinget større handlingsrom til sjølv å prioritere samepolitiske tiltak, og slik styrkje Sametingets autonomi som folkevalt organ. Kulturdepartementet skal likevel framleis ha sektoransvar for samisk kunst og kultur.

For å følgje opp statens ansvar for samisk kulturpolitikk vil regjeringa leggje til rette for at Sametinget kan drive ein aktiv og sjølvstendig kulturpolitikk. Samtidig er det slik at Sametinget ikkje kan ha ansvaret aleine for å utvikle samisk kunst og kultur. Dette er eit ansvar som ligg på det offentlege på alle forvaltningsnivå og på aktørane i kulturlivet.

Boks 10.5 Auka merksemd om samisk kunst

Office for Contemporary Art in Norway (OCA) fokuserte i 2017 særleg på urfolks kunst og tankegods og skal ha mykje av æra for at fleire samiske kunstnarar var representerte under den internasjonale kunstmønstringa *Documenta 14* i Kassel og *Aten* i 2017. Same år følgde den prislønte utstillinga «There is no», som understreka behovet for eit eige samisk kunstmuseum. Utstillinga var eit samarbeidsprosjekt mellom Nordnorsk Kunstmuseum i Tromsø og *RiddoDuottarMuseat* i Karasjok. Kulturrådet vigde årskonferansen 2017 til samisk kunst og kultur under tittelen *Samisk vrede*. Samiske kunstnarar har medverka til ei ny kritisk offentlegheit som legg vekt på samiske rettar, med protestprosjektet *Pile o'Sápmi* av Marét Anne Sara som det fremste eksempelet.

Samanlikna med Sverige og Finland har Noreg flest samiske kunst- og kulturinstitusjonar og det best utbygde nettverket innanfor samisk kulturliv. Dei samiske institusjonane danner infrastruktur for produksjon, formidling, dokumentasjon, bevaring og framsyning av samisk kunst og kultur og kulturarv, og byggjer nettverk med miljø nasjonalt og internasjonalt. Som møtestader medverkar samiske institusjonar til kunnskapsutvikling og kunnskapsutveksling mellom samiske aktørar og kulturfeltet i Noreg og Norden og internasjonalt.

Samiske kunstnarar og artistar har i lengre tid opplevd etterspørsel og delteke i samarbeidsprosjekt internasjonalt. Samiske kunstnarorganisasjonar opererer òg på tvers av landegrensene og har medlemmer frå Noreg, Sverige, Finland og Russland. I dag er det aukande merksemd rundt og eksponering av samisk kunst i heile kulturlivet i Noreg. Ved hundreårsmarkeringa av jubileet for det første samiske landsmøtet i Trondheim i 2017 var det mange større arrangement som framheva samisk kunst og kultur. Samisk kunst fekk tilgang til ei rekkje kulturarenaer og blei meir synleg i det offentlege nasjonale rommet.

Dagens verkemiddel i den statlege kulturpolitikken er i stor grad baserte på økonomiske insentiv. I tillegg til løyvinga Sametinget får og fordeler vidare til samiske kulturformål, gir Kulturdepartementet tilskot til fleire samiske tiltak på kulturområdet, og medverkar i oppstarts- og byggepro-

sessar som gjeld samiske kulturbygg. Kulturdepartementet har sidan 1990-åra gjort store statlege investeringar for bygginga av samiske kulturarenaer, både gjennom investeringstilskot og statlege byggjeprojekt. Sametinget fremjar dei prosjekta Sametinget vil prioritere til Kulturdepartementet. Staten vil byggje eit nybygg for det sør-samiske museet Saemien Sijte i Snåsa, jf. budsjettforslaget for 2019. Staten har òg sett i gang prosjektavklaring for eit prosjekt om samlokalisering av nybygg for det samiske nasjonalteateret Beavvås med Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino.

Samiske institusjonar, kunstnarar og kulturutøvarar kan òg søkje om og få tilskot frå nasjonale ordningar, for eksempel stipend frå Statens kunstnarstipend, prosjektstøtte frå Norsk kulturfond og tilskot frå Norsk filminstitutt.

I statsbudsjettet for 2019 har regjeringa foreslått å etablere ei ny ordning under Norsk kulturfond, for omsetjing av samisk litteratur til norsk og for å auke formidlinga av samisk litteratur. Sametinget har ansvaret for den samiske litteraturen og for at bøker på samisk blir spreidde. Målet med den ny ordninga er at Kulturrådet skal ta eit større ansvar for at samisk litteratur blir meir synleg og tilgjengeleg for alle. Ved omsetjing av samisk litteratur til norsk kan desse titlane òg bli vurderte for Kulturrådet sine innkjøpsordningar og dra nytte av støtteordningane til NORLA, på like fot med den norskspråklege litteraturen.

Ei kartlegging departementet har utført¹, viser at alle verksemdene som ligg under departementet, tek hand om samisk kunst og kultur i større eller mindre grad. Fleire peikar likevel på potensial for auka samarbeid og kompetansedeling mellom samiske og norske kulturaktørar og institusjonar. Kulturinstitusjonane rapporterer om svært varierende grad av samarbeid med samiske kulturaktørar. Kartlegginga peikar òg på forhold som kan medverke til ekskludering av samisk kunst og kultur. Det er for eksempel ei vanleg oppfatning at samisk kunst og kultur berre er av interesse for eit samisk publikum, og at alle initiativ til samarbeid bør komme frå samisk hald. I fleire innspel til kartlegginga blir det vist til at manglande kompetanse innan samisk kultur, kunst og språk skaper utfordringar for kunst- og kulturinstitusjonane i møte med samiske kunstprosjekt, og det kan føre til at samiske kunstprosjekt ikkje når opp når prosjektstøtte skal fordelast.

Eit sterkare søkjelys på samisk kunst dei seinare åra vitnar om aukande medvit i kunstfeltet, både nasjonalt og internasjonalt. Samtidskunst med røter i urfolks tradisjon og historie er av stor verdi og ein styrke for kulturlivet i Noreg. Dette føreset at kultursektoren har kunnskap om og kompetanse på det samiske kunst- og kunstfeltet.

10.3.2 Nasjonale minoritetar

Personar som høyrer til nasjonale minoritetar, skal kunne uttrykkje, halde på og vidareutvikle identiteten, språket og kulturen sin, og dei skal få høve til å delta i offentlege saker som vedkjem dei sjølv. Rammekonvensjonen for vern av nasjonale minoritetar seier at partane skal skape dei føresetnadene som trengst for å sikre dette. Til nasjonale minoritetar reknar ein etniske, religiøse og/eller språklege minoritetar med langvarig tilknytning til eit land. Jødar, kvenar/norskfinnar, rom (sigøynarar), romanifolk/taterar og skogfinnar er godtekne som nasjonale minoritetar i Noreg.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvaret for å samordne statleg politikk som vedkjem nasjonale minoritetar, og skal arbeide for heilskap og samanheng i politikken på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Kvart departement har ansvaret for å følgje opp den statlege politikken innanfor sin sektor.

Kulturdepartementet gir faste årlege tilskot til Kainun institutti – Kvensk institutt og den kvenske avisa Ruijan Kaiku, og fleire museum som får årlege tilskot frå Kulturdepartementet, arbeider kontinuerleg med dokumentasjon, formidling og forskning knytt til nasjonale minoritetar, som Jødisk museum i Oslo og Norsk Skogfinsk Museum i Hedmark. Enkelte av musea i det nasjonale museumsnettverket har avdelingar som arbeider med kulturen og historia til høvesvis kvenar/norskfinnar og romanifolket/taterane. Kulturdepartementet har dei siste tiåra gjort store investeringar for å setje i gang og gjennomføre bygginga av kulturarenaer og annan infrastruktur, for eksempel bygningen til Kvensk institutt i Børselv i Porsanger og bygningen for romaniavdelinga på Glomdalsmuseet på Elverum. Staten vil òg medverke til å byggje eit kvenmuseum ved Varanger museum i Vadsø, jf. budsjettforslaget for 2019.

Norsk kulturråd forvaltar og fordeler midlar til kunst- og kulturprosjekt frå Norsk kulturfond. Det kan søkjast om midlar til prosjekt som handlar om språket og kulturen til minoritetar. Frå og med 2019 vil Kulturrådet også forvalte tilskotsordninga til nasjonale minoritetar og den kollektive oppreisingsordninga for romanifolket/taterane, som tid-

¹ Kulturdepartementet (2018). *Utredning om samisk kunst og kultur på arenaer i Norge*.

legare blei forvalta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. omtale i Prop. 1 S (2018–2019). Romano Kher – romsk kultur- og ressurs-senter blei opna i 2018. Senteret er eit resultat av den kollektive oppreisninga frå staten til norske romar. Kirkens Bymisjon får tilskot frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til drift av senteret.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har begynt arbeidet med ei ny stortingsmelding om nasjonale minoritetar. Formålet er å beskrive utviklinga dei siste 20 åra og foreslå korleis regjeringa kan medverke til å styrkje språket, kulturen og situasjonen til dei nasjonale minoritetane i det norske samfunnet framover. Meldingsarbeidet vil involvere fleire fagdepartement, blant dei Kulturdepartementet.

10.4 Prioriteringar og vidare oppfølging

- Auke representasjonen i alle ledd og sikre ei meir mangfaldig rekruttering til kunst- og kulturelterte yrke, blant anna gjennom aspirantordninga under Norsk kulturråd
- Støtte opp under institusjonar og aktørar som gjer ein særskild innsats for integrering, og som ønskjer å gjennomføre tiltak for å auke det kulturelle mangfaldet og nå ut til nye grupper
- Arbeide for at alle barn og unge får delta på kulturaktivitetar
- Målrette tilskotsmidlar og mobilisere det frivillige kulturlivet for å stimulere til auka kulturell deltaking
- Oppfordre tilskotsmottakarar til å utvikle egne strategiar for å medverke til auka relevans og representativitet
- Leggje til rette for at kunnskap om samane og nasjonale minoritetar blir formidla over heile landet
- Sørgje for at relevante problemstillingar knytte til samar og nasjonale minoritetar alltid blir vurderte under utarbeidinga av kulturpolitiske dokument til Stortinget
- Medverke til at kunsten og kulturen til samane og nasjonale minoritetar i større grad blir ein del av kulturlivet i heile Noreg som alle skal ha høve til å oppleve
- Oppfordre kulturinstitusjonar til å vurdere sitt eige handlingsrom for formidling av samiske uttrykk, samarbeid med samiske aktørar og tilhøyrande behov for kompetanse- og kunnskapsbygging
- I samarbeid med Sametinget kartleggje behovet for å heve kompetansen om det samiske hos verksemder og aktørar som forvaltar nasjonale ordningar
- Medverke til å styrkje språket og kulturen og betre situasjonen til dei nasjonale minoritetane i Noreg framover – dette vil regjeringa leggje fram ei eiga stortingsmelding om



Figur 11.1

11 Danning og demokratibygging

11.1 Kulturlivet som arena for danning

Eit demokratisk samfunn føreset at menneska har kunnskap om og forstår samfunnet dei er ein del av, og at dei har høve og evne til å uttrykkje seg og ta aktivt del i samfunnet. Kulturlivet er ein arena for ytringar som er med på å myndiggjere enkeltmenneske som aktive borgarar. Kunnskap om kunst og kultur kan lære oss å sjå at ytringar kan vere forskjellige, både når det gjeld form og innhald, og at den enkelte kan oppfatte og tolke ytringar ulikt. Slik kan kulturlivet medverke til å byggje menneske som er trygge og opplever meistring, gjennom å ytre seg og delta aktivt i samfunnet.

Danning handlar mellom anna om å gjere enkeltmenneske myndige til å gjere sjølvstendige val ut frå kunnskap om og forståing av samfunnet som eit ytringsfellesskap. Alle skal ha nok basiskunnskap til å gjere dei vala som gjeld livet deira. Kunst og kultur bidrar til den enkeltes danningprosess og må derfor vere tilgjengeleg for alle. Den enkelte må ha nok kunnskap til å kunne vurdere ulike ytringar og forklare kvifor dei liker det eine og ikkje det andre. Danning handlar om å setje enkeltmenneske i stand til å vere aktive borgarar i samfunnet, uttrykkje seg og ta sjølvstendige val som byggjer på forståing og respekt for andre. Dette er med på å byggje demokrati.

Også mediekompetanse og digital dømmekraft er viktig for danning og demokratibygging. Mediekompetanse handlar om kunnskap om korleis media fungerer, og evne til å vurdere kvalitet, relevans og sanning i den informasjonen ein finn. Digital dømmekraft dreier seg om evne til kritisk refleksjon, blant anna knytt til personvern, nettvett og opphavsrett. Nettvett vil seie kunnskap om internett, å kunne bruke nettmedium på ein trygg og sikker måte og å vite kva ein sjølv kan publisere på internett.

I denne samanhengen er barn og unge særleg viktige, både som publikum og som aktive deltakarar. Kunst og kultur kan gi barn og unge opplevingar og eit rom for ytring som har identitetsbyggjande kraft i livet til den enkelte. Barn og unge skal også bli publikum, kulturprodusentar og

Boks 11.1 FN's barnekonvensjon

FN-konvensjonen om barnerettane (barnekonvensjonen) er ein internasjonal avtale som gir barn og unge under 18 år eit særskilt menneskerettsvern. Artikkel 12–15 i konvensjonen seier at barn har rett til å seie si meining og bli høyrde, at barn har rett til å søkje, ta imot og spreie ytringar, at barn skal ha tanke-, samvits- og religionsfridom og organisasjonsfridom. Artikkel 28–29 seier at barn har rett til utdanning. Artikkel 31 seier at barn har rett til kvile, fritid og leik og til å delta i kunst- og kulturliv.

Frå 2003 gjeld barnekonvensjonen som norsk lov. Konvensjonen har ein spesiell status ved at han går framfor andre norske lover dersom dei står mot kvarandre.

kunstnarar i framtida. Dei kulturelle dugleikane, vanane og forventningane dei har, vil påverke morgondagens kulturtilbod. Kultursektoren har eit ansvar for å inkludere barn og unge og leggje til rette for at dei kan delta i samfunnet.

Barn og unge bør møte kunst- og kulturuttrykk som representerer eit mangfald av erfaringar, mellom anna for å motverke kulturelt utanforskap. Alle barn og unge skal ha tilgang til eit kulturtilbod med høg kvalitet, aktualitet og relevans, og få høve til å delta og utfalde seg i eit fritt og uavhengig kulturliv.

Framtidsanalysen viser at unge er ei målgruppe det er spesielt vanskeleg å nå med dei tradisjonelle offentleg finansierte kulturtilboda. Dermed ser det ut til at det trengst nye verkemiddel og auka innsats for å føre vidare den gode utviklinga norsk kulturliv har hatt gjennom fleire tiår. Barn og unge har ein omfattande kulturbruk på digitale plattformer. Spel, strøymetenester og deling av tekst, foto og video på sosiale medium inngår i kvardagen til mange. Kunst og kultur som ytringar gjennom digitale plattformer er noko den oppveksande generasjonen er fortruleg med og

Boks 11.2 Mobilbruk blant barn og unge

Allereie ved tiårsalderen har så å seie alle norske barn eigen smarttelefon. Medietilsynet opplyser at barn og unge mellom 9 og 18 år bruker smarttelefon kvar dag, og at halvparten bruker han i over to timar dagleg. Fire av fem bruker smarttelefonen til å kommunisere på sosiale medium med. Dei bruker langt meir tid på YouTube og strøymetenester enn på tv. 80 prosent av barn og unge ser på YouTube kvar dag. Mobilbruken er likt fordelt på kjønn, bortsett frå når det gjeld digitale spel. Fire av fem gutar og halvparten av jentene opplyser at dei speler dagleg (Medietilsynet 2018).

naturleg oppsøker. Barn og unge er ei målgruppe som bør prioriterast. Kulturlivet må møte dei behova og interessene barn og unge har, og dra veksle på kunnskapane og erfaringane deira for å vere tilgjengeleg og relevant no og i framtida.

Kulturlivet kan fremje engasjementet for norsk kultur blant unge ved å gi dei tilbod om kulturelle opplevingar der dei er. Det inneber at kulturfeltet både må løfte fram tematikk som opptek barn og unge, og utfordre dei på ukjend tematikk på ein måte som fangar interessa deira. Det må skapast nye produksjonar retta særleg mot ungdom som målgruppe, og ein må bruke dei kanalane som dei unge føretrekkjer. Det same vil gjelde for andre målgrupper som det av ulike årsaker er krevjande å nå.

Både kultursektoren og kunnskapssektoren medverkar kvar for seg og i fellesskap til danning og demokratibyggning. Samarbeid på tvers kan vere ein styrke for å byggje sterkare medvit om kunst og kultur som ytringar og kor mykje kulturen betyr for danning, tilhøyrse og kunnskapsutvikling. God koordinering er viktig for å setje kulturfeltet i stand til å medverke i danningssprossane til barn og unge.

Som møteplass og kunnskapsarena i lokalsamfunnet er folkebiblioteket med på å byggje ned barrierar og medverke til integrering, ikkje minst fordi det er gratis og ope for alle. Regjeringa satsar på folkebiblioteka og har både gjennomført strategiske statlege tiltak og auka dei statlege økonomiske verkemidla. Det er behov for ein offensiv bibliotekpolitikk for å utvikle folkebiblioteka vidare som relevante og viktige institusjonar i framtida. Regjeringa har sett i gang arbeidet med ein ny nasjonal bibliotekstrategi for perioden

2020–2023. Strategien skal byggje på dei grepa som blei tekne i nasjonal bibliotekstrategi for 2015–2018, og vil leggje ein plan for korleis staten best kan medverke til ei god utvikling av folkebiblioteka og inspirere kommunane til eiga satsing. Det er potensial for eit styrkt samarbeid mellom skulebibliotek og folkebibliotek.

At folkebiblioteka har vore og framleis blir opplevd som viktige kulturinstitusjonar i Noreg, heng saman med den sterke stillinga som litteratur og lesing har i befolkninga. Lesing kan opne for innsikt og innleving, identitets- og meiningsdanning. Prosentdelen av befolkninga som les bøker, held seg på eit høgt nivå trass i at konkurransen om tidsbruken til folk aukar. Lesarundersøkingar viser likevel ein nedgang i talet på leste bøker. Aldersgruppa 15 til 24 år har den største delen ikkje-lesarar. Derfor trengst det fornya innsats for å fremje leseevne og lese lyst, ikkje minst blant unge.

Regjeringa satsar på litteratur og bibliotek for barn og unge, blant anna ved å styrkje barne- og ungdomsbokforskinga og støtte etableringa av eit norsk masterprogram i barne- og ungdomslitterær skrivekunst i regi av Norsk barnebokinstitutt, jf. omtale i Prop. 1 S (2018–2019).

Ei oppgåve framover er å styrkje befolkninga sitt eigarskap til samfunnets fellesarenaer. Dette er særleg viktig for den yngre delen av befolkninga. Det må leggjast til rette for at alle barn og unge har høve til å delta og uttrykkje seg i kulturlivet. Målet må vere at ingen barn og unge skal stå utanfor.

Kulturell og sosial bakgrunn, som økonomi og utdanningsnivået til foreldra, påverkar i kva grad barn og unge deltek i kulturlivet. Regjeringa vil føre ein politikk som legg til rette for at alle barn og unge får ein trygg og god oppvekst som gir moglegheit for alle. Barn som veks opp i låginntektsfamiljar, skal ha dei same sjansane og den same fridommen til å skape si eiga framtid som alle andre.

Kultursektoren og kunnskapssektoren bidrar både saman og kvar for seg til å motverke forskjellar, gi felles kulturelle referansar, høve til å utvikle skapande evner, språkopplæring og opplæring i demokratiske verdier.

11.2 Kunst og kultur i utdanninga

Vi må ruste opp barn og unge si evne til kritisk refleksjon over ytringar som blir delte i det offentlege ordskiftet, og styrkje deira eiga utøving av ytringsfridom.

Oppløvingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid. I rammeplanen for barnehagen som blei innført i 2017, er det presisert at barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for at barna sjølv kan drive kulturskaping, og medverke til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap. Barnehagen skal by på varierte impulsar, oppløvingar og erfaringar og omfatte lokale, nasjonale og internasjonale perspektiv. Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og medverke til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet.

Alle faga i grunnskulen, også praktiske og estetiske fag, og dei gjennomgåande faga i vidaregåande oppløring skal no fornyast. Nye læreplanar skal takast i bruk hausten 2020. Det overordna målet med fagfornyinga er å få læreplanar med tydelegare progresjon, betre samanheng mellom faga og relevant innhald som legg til rette for djupløring. Fagfornyinga skal medverke til eit verdiløft i skulen.

Den 1. september 2017 blei *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnoppløringa* fastsett. Den overordna delen av læreplanverket utdjuar verdigrunnlaget i formålsparagrafen i oppløringsslova og dei overordna prinsippa for grunnoppløringa, og gjer greie for grunnsynet som skal prege pedagogisk praksis i heile grunnoppløringa. Det tydeleggjer blant anna at djupare innsikt blir utvikla når elevane ser samanhengar mellom kunnskapsområde, og når dei meistrar eit mangfald av strategiar for å tileigne seg, dele og stille seg kritisk til kunnskap. Den overordna delen av læreplanverket understrekar at kreative og skapande evner er med på å gjere samfunnet rikare, og at kunst- og kulturuttrykk har innverknad på den personlege utviklinga til kvar enkelt. Elevane skal lære og utvikle seg gjennom sansing og tenking, estetiske uttrykksformer og praktiske aktivitetar.

Som ein del av fagfornyinga vil det òg bli innført tre tverrfaglege tema: *folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap* og *berekraftig utvikling*. Dei tverrfaglege temaa skal integrerast i ulike fag, på faga sine eigne premisser. Dei tverrfaglege temaa skal medverke til å danne og utdanne reflekterte og kreative, aktive og ansvarlege samfunnsdeltakarar. Kulturpolitikken må ta dei same utfordringane på alvor og medverke til danning gjennom å utvikle kulturelle referansar og felles språk.

Barn og unge treng øving i å kommunisere eigne tankar til eit fellesskap som tek tankane

Boks 11.3 Overordna del av læreplanverket for grunnoppløringa

Sitat frå *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnoppløringa*:

Gjennom alle tider har det norske samfunnet blitt påvirket av ulike strømnings og kulturtradisjonar. I en tid der befolkningen er mer sammensatt enn noen gang, og der verden knyttes tettere sammen, blir språkkunnskaper og kulturforståelse stadig viktigere. Skolen skal støtte utviklingen av den enkeltes identitet, gjøre elevene trygge på eget ståsted, samtidig som den skal formidle felles verdier som trengs for å møte og delta i mangfaldet, og åpne dører mot verden og fremtiden.

deira på alvor, utfordrar dei og hjelper dei å utvikle tenkinga vidare slik at dei er del av ei felles forståing. Men tankane oppstår ikkje i eit vakuum, dei oppstår på bakgrunn av erfaring som bringar inn noko nytt, eller som utfordrar allereie eksisterande tankemønster. Slik kan kunstnariske og kulturelle oppløvingar inspirere barns tenking og vere utgangspunkt for gode samtalar i barnehagen og skulen. Barn og unge kommuniserer og tenkjer ikkje berre gjennom språk, men fysisk gjennom handling, for eksempel gjennom leik og eiga kreativ verksemd.

Kunst og kultur kan gi verktøy som barn kan bruke for å reflektere over oppløvingar, utvikle eigne tankar og ytre seg i fellesskapet. Oppløvingar av ulike kunst- og kulturuttrykk styrkjer kreativiteten og evnene til problemløysing og kritisk refleksjon hos den enkelte. Kulturelle oppløvingar kan bidra til å nå måla i rammeplanen for barnehagane og læreplanverket i skulen. I den overordna delen av læreplanen står det for eksempel at elevane skal få oppleve eit variert spekter av kulturuttrykk gjennom dei åra dei går på skulen. Kulturskulen er eit sentralt og viktig kulturtilbod til barn og unge der dei kan lære seg å meistre eit kunst- og kulturuttrykk og få kunnskap og erfaring som utøvarar. Stortinget har bede regjeringa leggje fram ei stortingsmelding om ein styrkt kulturskule for framtida. Dette arbeidet vil vere ein del av barne- og ungdomskulturmeldinga som Kulturdepartementet har ansvaret for i samarbeid med Kunnskapsdepartementet. Ved å la kulturskulen vere ein del av denne stortingsmel-

dinga, vil regjeringa leggje til rette for god og grundig behandling av kulturskulen. Samtidig vil dette gi ein betre samanheng mellom dei ulike satsingane innanfor kulturskule og barne- og ungdomskultur.

11.3 Prioriteringar og vidare oppfølging

- Medverke til å gi barn og ungdom kulturell ballast, opplæring og glede i møte med ulike kunstuttrykk
 - Gi fleire barn og unge sjansen til å delta på eit kulturskuletilbod gjennom å leggje til rette for samarbeid mellom kulturskule, skulefritidsordning og frivilligheit, samtidig som ein tek vare på eigenarten til kulturskulen
 - Sikre kommunane fridom til sjølv å finne dei løysingane som gir best kulturskule- og fritids-tilbod lokalt, men leggje til rette for tilgjenge, mangfald og kvalitet i det tilbodet som blir gitt
 - Styrkje kulturskulane si rolle som regionale talentaktørar
 - Vurdere korleis kulturtilbodet for barnehagebarn kan forbeistrast nasjonalt
 - Sikre ei framleis god Frifond-ordning for barne- og ungdomsorganisasjonar og eigenorganisert frivillig aktivitet
- Utarbeide ein ny nasjonal bibliotekstrategi for perioden 2020–2023
 - Leggje fram ei språkløve og språkmelding som grunnlag for å sikre at norsk språk held på posisjonen som eit fullverdig samfunnsberande språk i Noreg, og definere ansvaret for å verne og styrkje samisk, dei nasjonale minoritetsspråka og teiknspråk
 - Leggje fram ei barne- og ungdomskulturmelding som skal
 - løfte fram barn og unge som målgruppe og aktive deltakarar
 - medverke til å heve statusen og kvaliteten på kultur som blir skapt og formidla til barn og unge
 - sjå dei ulike satsingane innanfor kulturskule og barne- og ungdomskultur i samanheng
 - sjå på kulturskulane si rolle i eit integreringsperspektiv
 - vurdere korleis ressursar og kompetanse kan spele saman for å komme barn og unge til gode i endå større grad
 - styrkje samarbeidet mellom kultursektoren og kunnskapssektoren



Figur 12.1

12 Ein kunnskapsbasert kulturpolitikk

12.1 Kunnskap og forskning i utvikling av kultursektoren

Kulturpolitikk og forvaltning må byggje på solid kunnskap om kultursektoren, kva som særmerker sektoren, kva utviklingstrekk og utfordringar han står overfor, og korleis tiltak og verkemiddel fungerer. Kunnskap medverkar dessutan til å utvikle sektoren og er eit gode i seg sjølv for samfunnet og den offentlege debatten. Forsking, kunnskap og innovasjon må derfor vere grunnleggjande element i den vidare utviklinga av kultursektoren.

Norsk forskingspolitikk er organisert etter sektorprinsippet. Det vil seie at Kunnskapsdepartementet har eit overordna ansvar for koordinering og heilskapleg implementering, mens kvart enkelt fagdepartement har ansvar for forskning og kunnskapsutvikling innanfor sitt ansvarsområde. Sektoransvaret inneber blant anna ansvar for finansiering av forskning, både for å sikre eit kunnskapsgrunnlag for politikktutvikling og forvaltning og for å medverke til utvikling og måloppnåing i sektorane.

Kulturdepartementet legg til rette for forskning og kunnskapsutvikling gjennom løyvingar til langsiktig forskning i regi av Noregs forskingsråd, gjennom løyvingar og tilskot til institusjonar som driv forskning, og gjennom bestilling av utgreiingar, statistikk, følgjeforskning og mindre forskingsprosjekt.

Tilfanget av forskning og forskingsmiljø med relevans for kulturfeltet varierer med omsyn til formål og tematisk innretning. Universitets- og høgskulesektoren produserer både forskning og kandidatar som har mykje å seie for den faglege utviklinga og oppgåveløysinga på kunst- og kulturfeltet. Kunstutdanningane har òg markert seg som forskingsinstitusjonar. Eit relativt nytt tilbod er ph.d. i kunstnarisk utvikling, ei utdanning som kombinerer estetisk utviklingsarbeid med akademisk refleksjon. Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og musea må nemnast både som infrastruktur for forskning og som sjølvstendige forskingsinstitusjonar. I tillegg har Norsk kulturråds FoU-arbeid i mange år medverka til å produsere relevant for-

sking. Utgreiingar har peika på at mykje av forskinga på feltet har retta seg mot estetiske og kulturelle prosessar i kunsten og kulturen sjølv, og at det har vore svakare tradisjon for forskning på kulturpolitiske problemstillingar. Det har òg vore ein svakare tradisjon for forskning som premiss i politikktutviklinga. Dette har endra seg, og både sektoren og departementet sjølv etterspør forskning i større grad.

12.2 Behov for kunnskap framover

Ambisjonen i dei kommande åra er å gjennomføre ei forskings- og kunnskapsatsing der elementa til saman byggjer opp om eit mest mogleg heilskapleg kunnskapsystem som er relevant for sektoren, politikktutviklinga og forvaltninga. Innsatsen vil for det første innebere finansiering også i framtida for å sørge for eit godt tilfang av forskning. Eit parallelt siktemål er å byggje opp og mobilisere fagmiljø som kan utføre både langsiktig forskning og oppdragsforskning av høg kvalitet og relevans. Det er behov for å vidareutvikle statistikk om kulturfeltet som verktøy i både politikktutforming, forvaltning og forskning. I ein situasjon med auka press på offentlege budsjett vil arbeidet med forskning og kunnskapsutvikling ikkje minst handle om å utnytte dei kunnskapsressursane som finst. Kulturdepartementet vil understreke at statlege verksemder er viktige for kunnskapsutvikling og formidling.

Kulturdepartementet har i mange år finansiert forskning gjennom Forskringsrådet, men i hovudsak innretta som breie kulturforskningsprogram. Som svar på tilrådinga frå Grundutvalet om å leggje til rette for meir kulturpolitisk relevant forskning blei programmet KULMEDIA etablert i Forskringsrådet i 2014. Formålet med programmet er å skaffe fram ny forskingsbasert kunnskap om kulturlivet og media med relevans for politisk avgjerdstaking, forvaltning og aktørar på feltet. I tillegg er det eit mål å styrkje fagmiljøa på området gjennom mobilisering og rekruttering. Ved å stimulere langsiktig oppbygging av forskingsmiljø med solid kunnskap om kunst-, kultur- og medie-

sektoren legg ein samtidig til rette for miljø som har føresetnader for å levere gode avgrensa utgreiings- og evalueringsarbeid med kortare tids-horisont. Det er vedteke å føre vidare programmet i ein ny femårsperiode frå 2019. Som i den første fasen av programsatsinga vil digitalisering og kva konsekvensar det har for kulturlivet og media, bli eit hovudtema også i neste periode.

Kva rolle Kulturdepartementets verksemder spelar i kunnskapsproduksjon, forskning og utvikling, varierer både når det gjeld omfang og formål. Felles for alle verksemdene er at dei må sørgje for eit godt kunnskapsgrunnlag for å vareta legitimitet og kvalitet i egne tenester og oppgåveløysing. Vidare medverkar dei til produksjon og formidling av kulturpolitisk relevant kunnskap om egne sektorar. Departementets verksemder skal ha tilgjengelege planar for forskning og kunnskapsutvikling for å systematisere arbeidet med kunnskapsutvikling. Verksemdene bør òg ha ei overordna oversikt over kunnskapsstatus og kunnskapsbehov på egne ansvarsområde, slik at dei kan gi departementet råd om tiltak som gir god kunnskapsutvikling.

Norsk kulturråd har ei sentral rolle i utviklinga av kunst- og kulturpolitisk relevant forskning, både gjennom rolla som bestillar, formidlar og pådrivar og gjennom rolla som rådgivar og samarbeidspartnar for Kulturdepartementet i FoU-spørsmål. Departementet ønskjer at Norsk kulturråd framover tek eit større ansvar for utvikling og produksjon av statistikk, utgreiingar og analysar på kunst- og kulturområda.

Det blir viktigare å fremje innovasjon i kulturfeltet. Nye samfunnsutfordringar og moglegheiter stiller nye krav til oppgåveløysing. «Offentleg sektor-ph.d.» er ei ordning i Forskingsrådet som skal medverke til at det offentlege utviklar relevant kunnskap for å møte nye utfordringar. Offentlege verksemder kan søkje støtte frå Forskingsrådet for at ein tilsett skal kunne gjennomføre ein doktorgrad som er relevant for ansvarsområdet til verksemda. I tillegg til å utvikle kunnskap og kompetanse i verksemda medverkar ordninga òg til å etablere samarbeid mellom det offentlege og akademia. Fleire institusjonar på kulturfeltet har alle-reie nytta ordninga. Kulturdepartementet forventar at aktørar på kulturfeltet orienterer seg om korleis dei kan få finansiert forskning og innovasjon, blant anna i Forskingsrådet og Innovasjon Noreg.

Eit godt tilfang av statistikk har stor verdi for både politikktutvikling, forvaltning og forskning. Det er ei utfordring å passe på at det heile tida finst

relevant statistikk av god kvalitet om dei ulike områda på kulturfeltet. SSB-undersøkingar gir oss for eksempel data om utviklinga i nordmenns kultur- og mediebruk nær 30 år tilbake. Samtidig bør statistikken utviklast for å vere tilpassa nye tilbod og måtar å oppleve kunst og kultur på. Arkivverket, Nasjonalbiblioteket og Kulturrådet har ansvar for å utvikle statistikk om høvesvis arkiv, bibliotek og museum. Kulturrådets publikasjon *Kunst i tall 2016* gir oversikt over omsetning av musikk, litteratur, scenekunst og visuell kunst i Noreg. Kunstnarane, kultur næringsane og scenekunstmrådet og frivillig kulturliv er område med særleg behov for statistikkutvikling. Samfunnsutfordringar og forskning som kan medverke til å løyse dei, følgjer ikkje institusjons- og sektorgrensar. I tråd med dette spør regjeringa i langtidsplanen for forskning¹ etter kulturelle perspektiv i forskinga på samfunnsutfordringar i vår tid. Sameleis har kunnskap om andre samfunnsområde relevans for utviklinga av kunnskap om kulturfeltet. Samarbeid og koordinering av innsats på FoU-området blir dermed viktigare i åra som kjem.

Forskingsrådet er den fremste forskingspolitiske rådgivaren regjeringa har, og skal implementere forskingspolitikken til regjeringa. Forskingsrådet vil vere ein viktig rådgivar for departementet i det vidare arbeidet med å følgje opp sektoransvaret for forskning.

12.3 Prioriteringar og vidare oppfølging

- Leggje til rette for forskning og kompetanseutvikling på kulturfeltet og sikre tilfanget av relevant statistikk av høg kvalitet
- Stimulere til langsiktig oppbygging av forskingsmiljø med solid kunnskap om kunst-, kultur- og mediesektoren, blant anna gjennom å føre vidare KULMEDIA-programmet
- Arbeide systematisk med å integrere forskning og kunnskapsinnhenting i Kulturdepartementets verksemder
- Finansiere langsiktig forskning av høg kvalitet, og sørgje for at det blir gjennomført evalueringar, utgreiingar og forskingsprosjekt av meir avgrensa karakter
- Sørgje for at Kulturdepartementets underliggjande verksemder har planar for utvikling og bruk av kunnskap, statistikk og analysar som er tilpassa eigenarten og samfunnsoppdraget til verksemdene

¹ Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2019–2028*.

- Gi Norsk kulturråd i oppdrag å ta større ansvar for utvikling og produksjon av statistikk, utgreiing og analyse på kunst- og kulturområda
- Samarbeide med andre departement, Noregs forskingsråd og underliggjande etatar om identifisering av kunnskapsbehov, gjennomføring av tiltak og formidling



Figur 13.1

13 Organisering og ansvarsdeling

13.1 Felles nasjonalt ansvar

Dei nasjonale kulturpolitiske måla som blir presenterte i denne meldinga, skal i større grad vise at kulturpolitikken er ei nasjonal satsing der verkemiddel og tiltak på både statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå inngår.

Stortinget vedtok 8. juni 2017 at vi skal ha eit sterkt folkevalt nivå mellom stat og kommune. Eit ekspertutval oppnemnt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (Hagenutvalet) la 1. februar 2018 fram sine råd om kva oppgåver dei nye fylkeskommunane bør ha. Utvalet foreslår omfattande overføringar av tilskotsmidlar frå Kulturdepartementets budsjett til fylkeskommunane. I Meld. St. 6 (2018–2019) *Oppgaver til nye regioner* har regjeringa gitt ei vurdering av forslaga frå Hagenutvalet om overføringar av oppgåver til dei nye fylkeskommunane. I tråd med stortingsbehandlinga av forslaga på kulturområdet i Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalgt nivå* og Prop. 128 S (2016–2017) *Kommuneproposisjonen 2018* er det lagt opp til at fylkeskommunane skal få eit større ansvar for kulturoppgåver, og at endringar skal gjerast i lys av kulturmeldinga, jf. Innst. 422 S (2016–2017).

I tilknytning til arbeidet med kulturmeldinga og som oppfølging av forslaget frå regjeringa i Prop. 84 S (2016–2017) har departementet gjennomført ei utgreiing av oppgave- og ansvarsfordelinga mellom forvaltningsnivåa på kulturområdet.¹ I utgreiinga er forslaga til oppgaveoverføring frå Hagenutvalet vurdert saman med høyringssvar og innspel frå både kommunesektoren og kultursektoren. Dagens verkemiddel i den statlege kulturpolitikken er i stor grad baserte på økonomiske insentiv gjennom forvaltning av tilskot. Ei endra rollefordeling mellom forvaltningsnivåa, med overføring av oppgåver til fylkeskommunen og nedskalering av økonomiske bidrag frå staten, gjer det nødvendig å vurdere om det finst andre formålstenlege statlege styringsverktøy. Nasjonale

omsyn i kulturpolitikken må vegast opp mot det fylkeskommunale og kommunale sjølvstyret. I utgreiinga er både økonomiske og juridiske verkemiddel vurderte, i tillegg til verkemiddel som regionalt planarbeid, fagleg dialog og samhandling. Prinsippa for oppgave- og ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa som er foreslått i denne meldinga, byggjer på utgreiinga.

Oppgaveoverføringar frå staten til fylkeskommunane skal ha kulturpolitisk grunngeving og vere bidrag til å nå nasjonale kulturpolitiske mål. Departementet har teke utgangspunkt i den nye fylkesstrukturen som blei vedteken 8. juni 2017, i vurderinga av kva oppgåver som eignar seg for overføring til fylkeskommunane.

Desentralisering av oppgåver og delegering av ansvar for oppgaveløysing frå stat til kommunar og fylkeskommunar har vore eit sentralt element i kulturpolitikken frå midten av 70-åra. Mykje makt og mynde er derfor allereie desentralisert på kulturområdet. At avgjerder som har stor innverknad på lokalt og regionalt kulturliv, blir tekne einsidig på statleg nivå, kan vere eit demokratisk problem, fordi dette avgrensar det lokale og regionale handlingsrommet. Den nasjonale kulturpolitikken skal vere med på å fornye politikken på alle forvaltningsnivå og finne verkemiddel tilpassa lokale og regionale rammevilkår. Departementet ser det derfor som eit sjølvstendig kulturpolitisk mål å medverke til å spreie makt i kultursektoren.

13.1.1 Større ansvar til fylkeskommunane

Oppgave- og ansvarsfordelinga mellom dei ulike forvaltningsnivåa på kulturområdet er utvikla over tid og er i liten grad lovfesta.

Eit av måla med regionreforma er å styrkje samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane. Fylkeskommunen skal ha ein bindeleddsfunksjon i fleirnivåsystemet mellom staten og kommunane. Fylkeskommunane skal setje i verk eigen politikk, men òg nasjonal politikk i sin region. Det vil seie at fylkeskommunane må kunne påverke utviklinga i eige fylke gjennom eigne verkemiddel og tiltak, og gjennom mobilisering og samordning av aktørar med ressursar i fylket, jf. Meld. St. 22 (2015–2016)

¹ Kulturdepartementet (2018) *Utredning av oppgave- og ansvarsfordelingen mellom forvaltningsnivåene på kulturområdet*.

og Prop. 84 S (2016–2017). Eit større ansvar for kulturoppgåver hos fylkeskommunane vil gi rom for regionale vurderingar og prioriteringar. Samtidig kan måloppnåinga i kulturpolitikken bli betre, ved å sjå verkemiddel og tiltak både på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng.

Fylkeskommunane er i kontakt med fleire departement i arbeidet sitt, og gir uttrykk for at det er mangelfull koordinering og samhandling mellom ulike departement. Det er viktig at det er god samhandling mellom departement og ulike verksemdar på nasjonalt nivå. Fylkeskommunane kan i kraft av samfunnsutviklarrolla si leggje til rette for prosessar som involverer eit breitt mangfald av aktørar.

Eit viktig kriterium for å fastsetje kva for oppgåver som bør overførast frå stat til fylkeskommune på kulturområdet, er den lokale og regionale forankringa til institusjonen, organisasjonen, aktiviteten eller arrangementet, jf. statlege retningslinjer for oppgåvefordeling. Dette gjeld ikkje berre i kva grad hovuddelen av publikummet er rekruttert regionalt eller lokalt, men òg kva som er hovudformålet og hovudaktivitetane til verksemda. Oppgåver som blir overførte til fylkeskommunen, vil framleis vere ein viktig del av den nasjonale kulturpolitikken, og kan vere viktig og relevant både på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.

Ved å overføre eit større ansvar for kulturoppgåver til fylkeskommunane ønskjer departementet å skape større politisk engasjement for dette politikkområdet på alle forvaltningsnivå.

13.1.2 Delt finansiering mellom stat og region

Stat, fylkeskommune og kommune finansierer i utstrekkt grad dei same verksemdene og aktivitetane. Praksisen med delt finansiering er utvikla over tid. Ei slik ordning er likevel ikkje i tråd med prinsippa for oppgåvefordeling og statleg styring av kommunar og fylkeskommunar, som legg vekt på at ansvaret for ei oppgåve skal samlast på eitt forvaltningsnivå (totalansvarsprinsippet). Staten løyver driftstilskot til institusjonar i regionane etter faste fordelingsnøklar, og gir tilskot til andre tiltak og prosjekt der ein òg forventar regional medfinansiering, men der dette ikkje er avtalefesta. Det kan vere eit dilemma at statlege løyvingar kombinert med krav om eit regionalt eller lokalt bidrag set premissar for budsjetteringa i fylkeskommunane og kommunane. Dette blir forsterka dersom det skjer utan ein dialog i forkant.

Dagens ordning med låsemekanismar i statsbudsjettet som bind opp og avgrensar det kommu-

nale sjølvstyret, er uheldig. Samtidig er det gode grunnar til å føre vidare ordninga med delt finansiering for verksemdar med eit nasjonalt mandat. Dette gjer det mogleg for staten å oppretthalde økonomisk støtte til desse verksemdene, samtidig som fylkeskommunane får eit større ansvar. Delt finansiering er eit viktig verkemiddel i ein heilskapleg nasjonal kulturpolitikk som skal medverke til eit landsdekkjande profesjonelt kulturtilbod av ypparste kvalitet. Det gir blant anna institusjonane ei breiare forankring ved at dei står overfor fleire forvaltningsnivå. Blant aktørane i kultursektoren er det brei semje om at delt finansiering er viktig for å sikre dei profesjonelle kulturinstitusjonane og musea kunstnarisk og forskingsmessig fridom. Også i andre nordiske land praktiserer dei delt finansiering mellom stat og region for enkelte verksemdar på kulturområdet, og dette synest å vere eit særtrekk ved den nordiske kulturpolitiske modellen. Delt finansiering mellom stat og region vil likevel vere unntaket, og må i kvart tilfelle vurderast opp i mot målet om at fylkeskommunane skal få eit større ansvar for kulturoppgåver.

Innanfor ordninga med delt finansiering kan ein endre den finansielle ansvarsdelinga mellom staten og fylkeskommunen, ved at staten overfører tilskotsmidlar til fylkeskommunane. Dette opnar opp for at fylkeskommunen kan få eit større ansvar for oppgåvene. Departementet vil vurdere ordningar med delt finansiering i samarbeid med den enkelte fylkeskommunen og opne for innspel frå kultursektoren. Når det gjeld samiske kulturinstitusjonar og museum med finansiering frå Sametinget, må fylkeskommunane involvere Sametinget i samarbeidet og dialogen, jf. samarbeidsavtalane mellom Sametinget og ulike fylkeskommunar.

13.1.3 Fagleg dialog og samhandling

Mangel på dialog og samhandling mellom forvaltningsnivåa på kulturområdet gjer at det i dag finst få gode arenaer for å drøfte problemstillingar og diskutere strategiske val og prioriteringar i den nasjonale kulturpolitikken. Dette er ei særleg utfordring på område der stat og region deler finansieringsansvaret.

Staten vil framleis vere med på å sikre og vidareutvikle eit godt og mest mogleg likeverdig kulturtilbod over heile landet. Eit større regionalt ansvar vil gi betre høve til å gjere lokale og regionale prioriteringar og dermed styrkje den lokale og regionale forankringa. Dette vil leggje til rette for vidare vekst og utvikling i kulturlivet som kjem innbyggjarane til gode.

Dagens situasjon med statleg tilskot til ei rekke lokale og regionale tiltak utan at det er nokon etablerte strukturar for samhandling og dialog mellom forvaltningsnivåa, kan vere til hinder for god måloppnåing. Det er ønskjeleg å styrkje fylkeskommunane si rolle i den nasjonale kulturpolitikken, og leggje til rette for vidare vekst og utvikling med lokal og regional forankring. Systematisert dialog og samhandling vil vere eit viktig verktøy for å følgje opp nasjonale kulturpolitiske mål ved overføring av oppgåver og ansvar til fylkeskommunane. I desse prosessane er det òg viktig å leggje til rette for involvering og deltaking frå kultursektoren. I fylke i det samiske språkområdet og i saker som får følgjer for samiske institusjonar, er det òg viktig at Sametinget blir involvert i samarbeidet.

For å fremje ei berekraftig utvikling skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, jf. plan- og bygningslova § 6-1. Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging kan bidra til å støtte opp under nasjonale kulturpolitiske mål. Konsultasjonsordninga mellom regjeringa og kommunesektoren ved KS, er sentral i den formaliserte dialogen om statlege rammer og måloppnåing i kommunane og fylkeskommunane. Staten og KS kan gjennom konsultasjonsordninga etablere bilaterale avtalar for å medverke til måloppnåing på område som kommunane har ansvar for. KS har vedteke at dei vil styrkje organisasjonen som interessepolitisk aktør og utviklingspartner for kommunar og fylkeskommunar på kulturfeltet. KS' målsetjingar for arbeidet byggjer opp under regjeringa sitt mål om å styrkje den faglege dialogen og samhandlinga mellom forvaltningsnivåa på ein god måte.

13.1.4 Kulturlova

Lov 29. juni 2007 nr. 89 om ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemd (kulturlova), slår fast at både staten, fylkeskommunane og kommunane har eit ansvar for «å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk», jf. § 1. Dette inkluderer eit ansvar for både «økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak» som kan medverke til å oppnå formålet, jf. §§ 3 og 4. Staten har ansvar for heile landet, mens fylkeskommunen og kommunen har ansvaret regionalt og lokalt. Samtidig blir det understreka i lova at forvaltningsnivåa har eit felles ansvar for «at kulturlivet har føreseielege utviklingskår», og for «å fremja profesjonalitet og

kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar», jf. § 5.

Kulturlova er ei rammelov som understrekar det overordna ansvaret som offentlege styresmakter har for kulturverksemd lokalt, regionalt og nasjonalt. Då Stortinget vedtok lova, blei det lagt vekt på at ho ikkje måtte gi føringar som hindra nødvendige tilpassingar til lokale behov og endringar i kultursektoren. Lova gir handlingsrom til å utforme og gjennomføre ein kulturpolitikk som tek omsyn til regionale og lokale føresetnader. Ulempa er at lova i liten grad fungerer som eit styringsverktøy og derfor har liten innverknad på politikkkutforminga lokalt og regionalt.

Departementet har gjort ein heilskapleg gjennomgang av kulturlovene. Det er ønskjeleg å halde på særlover med føresegner for enkeltområde som arkiv og bibliotek. Ny åndsverklov er vedteken. Det er sett i gang ei revidering av arkivlova og eit arbeid med ei språklov.

Departementet vil gjennomgå kulturlova med sikte på at ho skal vere eit styringsverktøy for oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom forvaltningsnivåa og reflektere nasjonale mål for kulturpolitikken. Det kan blant anna vere aktuelt å styrkje dei føresegnene i kulturlova som pålegg kommunar og fylkeskommunar eit ansvar for å fremje og leggje til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd gjennom økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak. Eitt alternativ kan vere å utvide kulturlova med planføresegner etter mønster frå folkehelselova. Intensjonen vil vere å styrkje og samordne planlegginga for kulturverksemd regionalt og lokalt og gi dette arbeidet ei tydeleg forankring på nasjonalt nivå, der staten òg er forplikta til å delta.

Departementet vil òg vurdere ei ny føresegn om armlengdsprinsippet i kulturlova. Det er alminneleg politisk semje om å leggje prinsippet om armlengds avstand til grunn på kulturområdet på både statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Likevel er det fleire aktørar som i høyringsvar og innspel har uttrykt uro for oppfølginga av dette prinsippet ved overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunane. Ei lovfesting kan medverke til å stadfeste at armlengdsprinsippet blir lagt til grunn av offentlege styresmakter. På den andre sida kan ei for streng regulering av armlengdsprinsippet gi nokre avgrensingar som kan vere uheldige for sektoren. Dette er omsyn som må vegast opp mot kvarandre. I tillegg til lovfesting kan det vere aktuelt at staten i samarbeid med kommunesektoren utarbeider ein felles strategi og plan for forankring av armlengdsprinsippet. Departementet vil følgje opp dette i bilaterale

konsultasjonsmøte med KS, som er kommunesektorens organisasjon.

13.1.5 Rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar

Kommunar og fylkeskommunar har allereie ansvar for ei rekkje oppgåver på kulturområdet der dei står fritt til å prioritere midlar innanfor rammetilskotet. Det overordna målet med inntektssystemet er å medverke til at kommunane og fylkeskommunane kan gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Ved fordeling av rammetilskotet blir det tatt omsyn til variasjonar i utgiftene til kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og variasjonar i skatteinntektene (skatteutjamning). Fordeling av midlar gjennom rammetilskotet har klare fordelar med tanke på eit fungerande lokaldemokrati, som tilseier at oppgåver bør løysast ut frå lokale føresetnader og behov. Vidare følgjer finansiering gjennom inntektssystemet det finansielle ansvarsprinsippet om at det forvaltningsnivået som er tillagt ansvar og avgjerdsrett for ei oppgåve, også har ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgaveløysninga. Ei utfordring med fordeling av midlar på kulturområdet er at eksisterande kulturinstitusjonar og -tiltak er ulikt fordelte i landet, ofte konsentrerte om dei større byområda. Den geografiske spreinga av institusjonane har utvikla seg over lang tid, i eit samspel mellom offentlege styresmakter og kulturaktørane. Det overordna målet har vore å sikre innbyggjarane tilgang til eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod i ulike delar av landet. Det er viktig å gi fylkeskommunane høve til å føre vidare støtta til institusjonar som har stor nasjonal verdi og relevans, samtidig som det blir lagt til rette for ei vidare utvikling forankra i lokale og regionale føresetnader og behov. Ei generell overføring av tilskotsmidlar frå statens kulturbudsjett til fylkeskommunale rammetilskot, med ei fordeling som i hovudsak er baserte på innbyggjartal, vil gi ei kraftig omfordeling til folkerike regionar. Dette vil ikkje vere i tråd med overordna kulturpolitiske mål og føringar. Overføring av budsjettmidlar vil i hovudsak følgje rammestyringsprinsippet. I arbeidet med å overføre midlar til fylkeskommunane vil kriteria for fordeling mellom fylkeskommunane vurderast, inkludert dei samla omfordelingsverknadene og behovet for ei særskild fordeling av midlar til kulturoppgåver. Kulturdepartementet meiner det er nødvendig å vurdere løysingar som over lengre tid gjer det mogleg å halde oppe fordelinga av midlar ut frå den geografiske plasseringa av institusjonar og tiltak.

13.1.6 Institusjonar med eit nasjonalt mandat

Kunst og kultur med nasjonal relevans blir skapt i ulike delar av landet. Det finst ei rekkje kulturinstitusjonar i ulike delar av landet med eit profesjonelt kulturtilbod av høg kvalitet som forvaltar kulturarv og kunnskap og/eller som driv ei særskild verksemd av stor nasjonal verdi og relevans.

Departementet meiner at fleire verksemdar av nasjonal verdi kan forvaltast godt i den lokale og regionale konteksten og av folkevalde organ nærare der aktiviteten går føre seg. Departementet meiner samtidig at det er ei statleg oppgåve å medverke til at det finst sentrale kulturinstitusjonar i ulike delar av landet. Institusjonane utgjer ein sterk nasjonal infrastruktur for fri ytring og er viktige aktørar i arbeidet for å nå dei nasjonale kulturpolitiske måla.

Det skal gjerast faglege og skjønsmessige vurderingar av kva for kulturverksemdar som har ein slik posisjon av nasjonal verdi. Desse vurderingane skal gjerast saman med fylkeskommunar, kommunar og dei aktuelle institusjonane. I saker som vedkjem samiske institusjonar, er det òg viktig at Sametinget blir involvert. I vurderingane vil det blant anna bli lagt vekt på geografisk plassering og kva verksemd, historie og rolle institusjonane har i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Det vil òg bli lagt vekt på om verksemda i institusjonen krev sentrale avgjerder for å sikre vidare drift og utvikling, og om det er nødvendig med eit nasjonalt heilskapsgrep for å oppnå god oppgaveløysing, jf. statlege retningslinjer for oppgavefordeling.

13.2 Vurderingar

Sterke faglege miljø på nasjonalt nivå med stimulerings- og utviklingsmidlar opnar for nasjonale satsingar og fagleg utvikling på tvers av fylkesgrensene. Departementet meiner at viktige nasjonale fagmiljø som medverkar til å sikre kulturarv, kvalitet og utvikling i sektoren, som hovudregel bør vere statlege. Departementet meiner det er særskilt behov for einskapleg styring og sentrale avgjerder for å få ei god oppgaveløysing med tanke på nasjonale fellestenester og digitale løysingar.

Staten vil ta ansvar for ordningar der tilskot blir fordelte ut frå vedtak som er gjorde på grunnlag av kunst- og kulturfagleg skjønn, basert på ein brei og samansett søkjarmasse frå heile landet. Med bakgrunn i dette meiner departementet at flesteparten av dagens ordningar under Norsk kulturråd bør førast vidare.

Tilskot til verksemder som er spesialiserte og/eller unike i nasjonal samanheng, bør etter departementets vurdering i hovudsak vere eit statleg ansvar. Kva for tiltak dette skal omfatte, vil vere ei fagleg og skjønnsmessig vurdering, der det blant anna må leggjast vekt på nyskaping og kulturtilbod som er retta mot særskilde grupper. Andre oppgåver som føreset eit nasjonalt overblikk, er stimulerings- og utviklingsmidlar som blir fordelte av faglege organ på nasjonalt nivå, og landsomfattande ordningar og nasjonale satsingar som blir forvalta av andre nasjonale aktørar.

Noko av det som er særlege med verkemiddelbruken på kulturfeltet, er at departementet fordele tilskot til ei rekkje namngitte mottakarar på grunnlag av stortingsbehandlinga av statsbudsjettet. Dette kan vere ei formålstenleg og effektiv forvaltning så lenge gruppa av moglege tilskotsmottakarar er klart avgrensa og det er kjent kva vurderingar som ligg til grunn. Ei ulempe ved ordninga er at ho kan ha konserverande verknad ved at det i liten grad blir opna for nye aktørar, og at tiltak i ulike delar av landet ikkje kontinuerleg blir vurderte opp mot kvarandre ut frå fastsette mål og kriterium. Departementet vil i større grad leggje opp til prosessar der midlar blir fordelte på bakgrunn av eit regelverk med føresegner som byggjer på overordna mål og føringar som blir lagde fram for Stortinget. Dette vil vareta krav om offentlegheit og likebehandling i forvaltninga av tilskot.

Departementet meiner det vil vere rett å overføre meir av ansvaret for tilskotsforvaltninga til underliggjande verksemder. For å vareta eit nasjonalt overblikk på tvers av ulike område vil departementet særleg vurdere overføring av fleire oppgåver til Norsk kulturråd. Ei sentral oppgåve for Norsk kulturråd er å sørge for god og formålstenleg forvaltning av offentlege tilskot. Dette gir unik innsikt i kva som rører seg i norsk kulturliv, og Kulturrådet arbeider aktivt med å gjere dette tilgjengeleg for vidare kunnskapsproduksjon, statistikk og analysar.

13.3 Prioriteringar og vidare oppfølging

Regjeringa vil arbeide vidare med organisering og ansvarsdeling etter denne innretninga:

- Gi fylkeskommunane større ansvar for kulturoppgåver på regionalt nivå:
 - Overføre dagens tilskotsmidlar til tiltak og arrangement som har sterk lokal og regional forankring, og som ikkje har ein etablert posisjon på nasjonalt nivå

- Sikre ei fordeling av midlar som blir overførte til fylkeskommunane der ein unngår uheldige omfordelingskonsekvensar
- Føre vidare prinsippet om delt finansiering mellom stat og region for eit nasjonalt nettverk av profesjonelle musikk- og scenekunstinstitusjonar med minst éin institusjon i kvart fylke, i tillegg til musea i det nasjonale museumsnettverket
 - Avslutte ordninga med faste fordelingsnøklar knytte til statens budsjettvedtak
 - Auke den fylkeskommunale prosentdelen, slik at den regionale prosentdelen normalt utgjer hovuddelen av tilskotet til kulturinstitusjonar med delt finansiering. Departementet vil gå i dialog med kvar enkelt fylkeskommune, med sikte på å komme til semje om prosentfordelinga av statleg versus regional finansiering
 - Vurdere om den statlege finansieringa av kulturverksemder som fylkeskommunane heretter får hovudansvaret for, skal innretast med forskriftsfesta tilskotsordningar
- Initiere systematisert dialog mellom Kulturdepartementet og fylkeskommunane, inkludert årlege kontaktmøte med brei deltaking frå kultursektoren og offentlege styresmakter på ulike forvaltningsnivå
- Bruke konsultasjonsordninga mellom kommunesektoren (KS) og regjeringa som eit verktøy for å sikre dialog om måloppnåing
- Gjennomgå kulturlova med sikte på å styrkje kulturområdet som del av kommunal og regional planlegging, styrkje samhandlinga mellom forvaltningsnivåa og sikre armlengdsprinsippet
- Vurdere å tydeleggjere nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging i tråd med dei nasjonale kulturpolitiske måla, jf. plan- og bygningslova § 6-1
- Staten skal framleis ha ansvar for oppgåver som krev eit nasjonalt overblikk for å bli løyste på ein god måte:
 - Føre vidare tilskotsordningar der vedtak blir gjorde på grunnlag av kunst- og kulturfagleg skjønn ut frå ein brei søkjarmasse frå heile landet. Dette omfattar flesteparten av dagens ordningar under Norsk kulturråd
 - Halde oppe nasjonale fagmiljø, fellestenester og stimulerings- og utviklingsmidlar som gir høve til nasjonale og internasjonale satsingar
 - Føre vidare tilskot til verksemder som er spesialiserte og/eller unike i nasjonal samanheng, og tilskot til det arbeidet landsomfattande frivillige organisasjonar gjer for å styrkje og byggje opp under lokal og regional aktivitet

14 Økonomiske og administrative konsekvensar

Oppfølginga av denne meldinga vil kunne skje ved omprioritering av tilgjengelege ressursar til kulturformål. Alle tiltak, strategiar og prioriteringar som blir omtalte i meldinga, kan gjennomførast innanfor dei gjeldande ressursrammene.

Økonomiske og administrative konsekvensar av endra oppgåvefordeling må handterast i ordinære budsjettprosessar. Ei overføring av oppgåver mellom forvaltningsnivåa vil bli følgd opp av rammeoverføringar innanfor ei samla uendra utgiftsside på statsbudsjettet. Flytting av oppgåver mellom forvaltningsnivåa vil følgje det finansielle ansvarsprinsippet. Det inneber at overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarende overføring av budsjettmidlar. Ei innlemming av tilskotsmidlar frå statens kulturbudsjettet til fylkeskommunale rammetilskot, med ei fordeling som i hovudsak er basert på innbyggjartal, vil i utgangspunktet gi ei

omfordeling til folkerike regionar som ikkje kan forsvarast. I arbeidet med å overføre midlar til fylkeskommunane vil kriteria for fordeling mellom fylkeskommunane vurderast, inkludert dei samla omfordelingsverknadene og behovet for ei særskild fordeling av midlar til kulturoppgåver. Det er blant anna nødvendig å vurdere løysingar som over lengre tid gjer det mogleg å halde oppe fordelinga av midlar ut frå den geografiske plasseringa av institusjonar og tiltak.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kulturdepartementet 23. november 2018 om Kulturens kraft blir send Stortinget.

Bakgrunnsdokument

- CASE: The Culture and Sport Evidence Programme (2010). *Understanding the drivers, impact and value of engagement in culture and sport*. The EPPI-Centre (Institute of Education, University of London) og Matrix Knowledge Group
- Dahl, Hans Fredrik og Tore Helseth (2006). *To knurrende løver. Kulturpolitikens historie 1814–2014*. Oslo: Universitetsforlaget
- Espelien, Anne (2011). *Kulturnæringsens betydning for norsk økonomi: Status og utvikling 2000–2009*. Menon Economics
- Finansdepartementet (2017). Meld. St. 29 (2016–2017) *Perspektivmeldingen 2017*
- Gran, Anne-Britt, Øyvind Torp og Marcus Gjems Theie (2015). *Kreativ næring i Norge 2008–2014*. BI Centre for Creative Industries
- inFuture (2018). *Fremtidens kultur i et brukerperspektiv*. Rapport på oppdrag frå Kulturdepartementet. Oslo: inFuture.
Henta frå www.regjeringa.no/2604811
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2015). Meld. St. 22 (2015–2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver*
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2015). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging*
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2016). Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalgt nivå*
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2016). *Statlig styring av kommuner og fylkeskommuner med retningslinjer om utforming av lover og forskrifter rettet mot kommunesektoren (H-2382 B)*
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2018). *Regionreformen. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene*. Rapport frå ekspertutval (Hagenutvalet)
- Kulturanalys Norden, red. (2018). *Kulturpolitisk styrning. Ansvarsfordeling og reformer inom de nordiska ländernas kulturpolitik under 2000-talet*. Nordisk kulturakta. Stockholm: Kulturanalys Norden
- Kulturdepartementet (1992). St.meld. nr. 61 (1991–92) *Kultur i tiden*
- Kulturdepartementet (1999). St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*
- Kulturdepartementet (2007). Ot.prp. nr. 50 (2006–2007) *Om lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)*
- Kulturdepartementet (2013). Prop. 67 L (2012–2013) *Lov om Norsk kulturråd (kulturrådsloven)*
- Kulturdepartementet (2018). *Utredning av oppgave- og ansvarsfordelingen mellom forvaltningsnivåene på kulturområdet*. Rapport
- Kulturdepartementet (2018). *Utredning om samisk kunst og kultur på arenaer i Norge*. Rapport
- Kultur- og kyrkjedepartementet (2003). St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*
- Mangset, Per (2012). *En armlengdes avstand eller statens forlengede arm? Et notat om armlengdeprinsippet i norsk og internasjonal politikk*. Notat på oppdrag av Kulturutredningen 2014
- Mangset, Per (2013). *Kunst og makt. En foreløpig kunnskapsoversikt*. TF-rapport (313). Bø: Telemarksforskning
- Mangset, Per og Ole Marius Hylland (2017). *Kulturpolitikk. Organisering, legitimering og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget
- NOU 2013: 4 (2013). *Kulturutredningen 2014*
- Oslo Economics (2018). *Den norske spillbransjen*. Utredning for Kulturdepartementet
- Oxford Research (2018). *Kommunesektorens rolle i nasjonal kulturpolitikk. Nye oppgaver og ansvar for fylkeskommunene*. Rapport på oppdrag frå KS
- Slagstad, Rune (2013). *Samfunnsbyggerne som forsvant. Tidsskriftet Minerva, 2013*.
Henta frå www.minervanett.no/samfunnsbyggerne-som-forsvant/
- SOU 2009:16 (2009). *Betänkande av Kulturutredningen. Förnyelseprogram*. Statens offentliga utredningar. Stockholm: Regeringskansliet
- Statistisk sentralbyrå (2017). *Kulturstatistikk 2016. Statistiske analysar 156*. Oslo-Kongsvinger: SSB
- Statistisk sentralbyrå (2018, 26. juni). *Befolkningsframskrivninger*.
Henta frå www.ssb.no/folkfram

Bestilling av publikasjoner

Offentlige institusjoner:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringa.no

Alle illustrasjonar: Jenny Jordahl

Trykk: 07 Media – 11/2018

